

fjord1



ÅRSRAPPORT 2020





Om Fjord1 ASA	3
Trygg og stabil drift.....	5
Eit verdibasert selskap	5
Nøkkeltal.....	6
Administrerande direktør har ordet	8
Året 2020 i samandrag.....	10
Fjord1 og strategi.....	15
Fjord1 sine fire segment.....	16
Leinga i Fjord1.....	30
Styret i Fjord1	32
Eigarstyring og selskapsleiing.....	37
 Covid-19	 49
Redusert trafikkvolum	51
Smitteverntiltak.....	51
Catering	51
God handtering	51
 Sikkerheit og beredskap	 52
Sikkerheitsstyringssystem.....	54
Beredskap	54
Helsefremjande arbeidsmiljø	55
 Ny teknologi og miljø	 56
Anbodskontraktar med miljøkrav	58
Ny teknologi i 2020.....	59
Nybogg og ombyggingar	59
Ladeanlegg	60
Energisertifisering ISO500001:2018	60
Berekraft	61
Utvikling og nye oppgåver	63
Innføring av AutoPASS	64
 Statistikk og tal	 67
HMS-mål og resultat 2020.....	68
Kvinnedel og lærlingar	69
Statistikk og grafer	70
 Årsmelding og rekneskap.....	 76
Om selskapet - innleiing	78
Driftsgjennomgang.....	79
Revidert årsrekneskap	82
Aksjeeigarinformasjon	86
Risiko og usikkerhetsfaktorar	86
Hendingar etter dato for balanserekneskapen	87
Framtidsutsikter	87
Konsernrekneskap 2020	88
Selskapsrekneskap 2020.....	148
Erklæring frå styret og dagleg leiar	180
Melding frå uavhengig revisor	181



Om Fjord1 ASA

- Trygg og stabil drift
- Eit verdibasert selskap
- Nøkkeltal
- Administrerande direktør har ordet
- Året 2020 i samandrag
- Fjord1 og strategi
- Fjord1 sine fire segment
- Leiinga i Fjord1
- Styret i Fjord1
- Eigarstyring og selskapsleiing




OM FJORD1

Fjord1 si kjerneverksemد er ferjetransport. Selskapet driv i tillegg med passasjerbåt, catering og turisme. I den norske ferjenæringa er Fjord1 det leiande selskapet, og har i 2020 hatt i overkant av 16 millionar reisande. Fjord1 arbeider med ny og moderne teknologi i verdsklasse, og miljøkrav i nye anbodskontraktar set krav til nullutslepp og nye elektriske fartøy. Som ein konsekvens av dette, har selskapet og arbeidd med ny infrastruktur på kaiane.

Det største ferjeløftet gjennom tidene har sett sitt preg på 2020 med oppstart av fire nye ferjekontraktar og 22 samband, fullføring av Flåtefornyingsprogrammet 2017-2020 og vidare elektrifisering av fartøy. Selskapet har motteke sju hybridelektriske fartøy og gjennomført fleire ombyggingar i 2020.

Gjennom kontinuerleg arbeid med å utvikle ein flåte i verdsklasse, er Fjord1 sin visjon å vere best på miljøvennleg og påliteleg transport. Fjord1 skal òg vere ein attraktiv arbeidsgjevar, eit trygt selskap å investere i, ein føretrekt samarbeidspartner og ein aktør som fraktar passasjerar trygt over dei norske fjordane.



TRYGG OG STABIL DRIFT

Fjord1 har ein nullvisjon for tap av liv, skadar på menneske, større utslepp og store skadar. Selskapet verner om sikkerheita til dei tilsette,

kundane og leverandørane, samstundes som ein tek ansvar som leverandør av kritisk transportinfrastruktur i kyst-Noreg.

For å skape trygg og stabil drift, prioritærer Fjord1 følgjande:



Eit levande sikkerheitssystem med vekt på kontinuerleg utvikling og korrigande tiltak.



Felles tankegang, der samla bruk av ressursar står sentralt.



Tydeleg vektlegging av miljø, arbeid for å unngå utslepp til det marine miljøet, bruk av miljøvennleg teknologi og prosedyrar for handtering av miljøskadelege stoff.



Klart definert og tydeleg kommunisert ansvar og mynde.



Utvikling av organisasjonen, slik at kompetansen i størst mogleg grad svarar til behovet.



Ei inkluderande leiing som legg vekt på utvikling og involvering av kvar enkelt medarbeidar.

EIT VERDIBASERT SELSKAP

Verdiane til selskapet reflekterer kven dei tilsette er og korleis ein arbeider.



GODT HUMØR



LØNNSAM



OPEN OG ÆRLEG



SAMHANDLING OG TEAMÅND



PÅLITELEG OG HELD DET VI LOVAR



STOLT

NØKKELTAL



TILSETTE
1149



FARTØY
83



REISANDE
16,025 MILLIONAR



KØYRETØY
8,948 MILLIONAR



OMSETNAD
3,1 MILLIARDAR



BALANSE
10,3 MILLIARDAR



EIGENKAPITAL
2,4 MILLIARDAR



FØR SKATT
206 MILLIONAR



EBITDA
1,063 MILLIARD



INVESTERINGAR
1,4 MILLIARD

Selskapet vernar om sikkerheita til dei tilsette, kundane og leverandørane.





ADMINISTRERANDE DIREKTØR HAR ORDET

2020 har vore eit krevjande år for alle, med ein ny kvardag med strenge retningslinjer og føringar frå nasjonale styresmakter. Til tross for dette har Fjord1 levert sikker og stabil drift med våre tilsette i spissen. Eg ønskjer med dette å rette ei stor takk til våre tilsette, kundar og leverandørar som saman med selskapet har lagt til rette for at Fjord1 i denne perioden kunne halde fram med normal og sikker drift.

Fjord1 er det leiande selskapet i den norske marknaden for ferjetransport, med ein marknadsandel på 47 % av ferjemarknaden. I 2020 starta Fjord1 drifta på 22 nye ferjesamband. Den samla kontraktsporteføljen på NOK 24 milliardar gir spennande moglegheiter, men også eit ansvar som tilbydar av samfunnskritisk transportinfrastruktur i kyst-Noreg.

Selskapet vart som mange andre verksemder påverka av Covid-19-pandemien i 2020. Dei viktigaste prioriteringane har vore å sikre tryggleiken og helsa til tilsette og kundar, og å sikre stabil og påliteleg drift. Fjord1 har etterlevd retningslinjer frå nasjonale og lokale myndigheter og har oppfylt ansvaret med eit trygt og føreseileg transporttilbod på sambanda. Sjølv om det har vore ein trafikknedgang frå i fjor har Fjord1 likevel transportert 16 millionar passasjerar og nesten 9 millionar køyretøy. Selskapet har knytt saman lokalsamfunn med trygge og pålitelege transportløysingar.

Fjord1 sine kontraktar er i hovudsak bruttokontraktar og difor har pandemien hatt liten økonomisk konsekvens for ferjesegmentet. Cateringsegmentet opplevde ein sterk reduksjon i etterspurnaden på grunn av reiserestriksjonar og nedstenging i samband med Covid-19. Som følgje av ein større inntektsreduksjon, vart det gjennomført permitteringar og kostnadstilpassingar innan cateringsegmentet.

Turistsegmentet vart hardt råka av reiserestriksjonar innanlands og utanlands, med svært liten aktivitet i lågsesongen og eit redusert tilbod i den innanlandske marknaden i sommarsesongen. Dette forårsaka tap i turistsegmentet i 2020, trass i støtte frå offentlege kompensasjonsordningar knytt til Covid-19.

Med bakgrunn i oppstart av nye ferjekontraktar, auka inntektene med 14 % til NOK 3,1 milliardar i 2020, i tråd med målsetnaden. EBITDA-marginen auka til 34 % frå 30 % i 2019, noko som skuldast dei lågare driftskostnadene. Driftsfortenesta auka med 24 % til NOK 491 millionar i 2020. Det er venta ein moderat vekst i 2021, sjølv om kostnadsforbetringar framleis vil støtte opp om driftsmarginane.

I 2020 fullførte Fjord1 flåtefornyingsprogrammet som vart starta i 2017. Fartøyporteføljen inneheld no 83 fartøy med ein aukande del elektriske fartøy. Dette gjer Fjord1 til eit av dei mest miljøvennlege ferjeverksemndene i verda.

Fullføringa av flåtefornyingsprogrammet og investeringane i infrastruktur vil redusere investeringane og gjelda framover, noko som vil støtte vekst i fortenesta før skatt og netto fortene i framtida.

Selskapet står fast ved langtidsstrategien om å vere ein leiande aktør i den norske ferjemarknaden, som tilbyr trygg, påliteleg og miljøvennlig transport til kundane. Tidleg i 2021 fekk Fjord1 ei ny kontrakt med to store samband i Nord-Noreg som bidreg til å styrke kontraktsporteføljen til selskapet - noko som er ein kontinuerleg prosess i Fjord1. Den solide porteføljen av langtidskontraktar og framtidsprospekt som selskapet har innan økoturisme bidreg til ein solid plattform for vidare utvikling av selskapet.

-Vi ser fram til eit innhaldsrikt 2021 og håpar at vi snart får ta kvardagen tilbake slik vi kjenner den!

Dagfinn Neteland
Administrerande direktør i Fjord1

Første kvartal

1. januar 2020 starta Fjord1 fire nye kontraktar og 22 nye samband. Frå nyttår starta selskapet drift av dei nye kontraktane Nordmørspakken, Romsdalspakken, Indre Sunnmøre, og Hordaland Rutepakke 2. I tillegg vart seks nye samband ein del av dei allereie oppstarta kontraktane Hordaland Rutepakke 1 og Sulapakken.

På same tidspunkt fekk selskapet om lag 250 nye medarbeidarar ved verksemどsoverdraging, og fem nye fartøy vart levert i første kvartal.

Mot slutten av første kvartal kom koronapandemien også til Noreg. Dei viktigaste prioriteringane knytt til denne situasjonen har vore å trygge sikkerheit til dei tilsette, kundane og leverandørane, og sørge for stabil drift.

Selskapet stengde kiosksalet om bord i fartøya i andre halvdel av mars for å avgrense spreiing av viruset.

Fjord1 har hatt stort fokus på å handla ansvarsfullt og i samsvar med nasjonale retningslinjer, for å kunne levere som forventa som tilbydar av samfunnskritiske oppgåver.

Andre kvartal

Fjord1 vann fram i anbodskonkurransen om ein treårskontrakt med ferjedrift på sambandet Festvåg–Misten i Nordland. Med oppstart 1. januar 2021, vart førebuingar knytt til verksemどsoverdraginga iverksette kort tid etter tildelinga.

Fjord1 leia den nasjonale innføringa av AutoPASS som betalingsløysing og fekk dispensasjon

frå fylkeskommunane til å innføre automatisk brikkebetaling då den manuelle billetteringa vart stoppa, som eit smitteverntiltak i mars. Andre ferjeselskap har og teke i bruk løysinga til Fjord1, og selskapet held fram med det interne arbeidet knytt til vidareutvikling av AutoPASS som betalingsløysing.

Covid-19 har prega den daglege drifta, med færre reisande og besökande i kioskane. Strenge reiserestriksjonar har ført til negative resultat frå felleskontrollerte og tilknytte verksemder innan turistsegmentet.



- MF Florøy og MF Grip vart overleverte.

- MF Bømlafjord vart overlevert.
- Fjord1 førebuer seg på å setje i verk tiltak etter at myndighetene har varsla at ein alvorleg virusepidemi ventar.

- Fjord1 ber reisande om å sitte i køyretøyet under overfarten for å minske smittespreiinga av Covid-19. Manuell bilettering vert avvikla og all catering vert stengd. Det vert innført ekstra reinhold både på fartøy, og ved kontora til Fjord1.
- Fjord1 får to nye ferjer på tre dagar: MF Sildafjord og MF Smøla vart overleverte.
- Som det første ferjeselskapet i Noreg er Fjord1 sertifisert i samsvar med ISO 50001: Energi-leiingssystem.

- Fjord1 leiar den nasjonale utviklinga av AutoPASS etter at all manuell bilettering vart stoppa 15. mars.
- Tilsette får ros for null hendingar knytt til helse, miljø og sikkerheit den inneverande månaden.

- Havilafjord AS (ein del av Havila-konsernet) kjøper seg ytterlegare opp i Fjord1 etter at Perestroika (eigd av Frederick Mohn) sel sin aksjepost i Fjord1. Oppkjøpet var gjort i samarbeid med det amerikanske fondet Vision Ridge.
- Fjord1 lettar på koronatiltaka og fleire av kioskane opnar opp att.

- MF Møringen vart overlevert.
- Det er 100 år sidan MRF – Møre og Romsdal Fylkesbåtar – vart stifta.
- Fjord1 er ein stor arbeidsplass for ungdom og tek inn mange sommarvikarar kvar år. Trass i ein analleis «koronasommar» kan Fjord1 tilby mange sommarjobb, både på sjø og land.

Tredje kvartal

Fjord1 etablerte ei ny satsing gjennom «Sikkerheitsløftet 2020-2021». Føremålet med programmet er å bygge ein endå sterkare sikkerheitskultur på tvers av heile selskapet. Det toåriga programmet omfattar alle tilsette og innhaldet omhandlar ulike tema innan ISM-koden.

Fleire store ombyggingar har starta. Både MF Romsdalsfjord og MF Korsfjord starta denne perioden på den omfattande ombygginga frå LNG til batteri-hybrid framdriftsanlegg.

MF Stangvikfjord vart levert som det siste nybygget med levering i 2020.

Fjerde kvartal


Fjord1 vart i oktober tildelt ny kontrakt for drift av "Nordøyane". Kontrakten har oppstart 1. jan. 2022 og varighet på 1 år.

Fjord1 har jobba vidare med å elektrifisere fleire av sambanda i flåten, og på 24 av kaiane har vi infrastruktur for ferjelading som forsyner fartøy med straum. Ved utgangen av året er elektrisitetet den primære energikjelda for 17 fartøy på 10

samband. Dette vil bidra til markante reduksjonar i utslepp av CO₂ og NOx.


Det vart signert avtale om utleige av MF Fanafjord til eit tysk selskap. MF Fanafjord vil vere i drift i Tyskland frå 1. februar 2021 og endrar namn til «Greenferry I».

Ved nyttår 2021 starta Fjord1 opp ein ny kontrakt i Nordland (Festvåg – Misten), og på same tidspunkt avslutta Fjord1 drifta på sambandet Molde–Vestnes.



2020
- ÅRET I SAMANDRAG

MF Fedjebjørn på sambandet
Fedje - Sævrøy



1. januar 2020 starta Fjord1 fire nye kontraktar og 22 nye samband.




Foto: Øystein Torheim, Frequency.no

Aktivitetar som fremjar vekst og lønnsemd vert prioriterte i tråd med strategi og finanzielle mål.



FJORD1 OG STRATEGI

Den overordna strategien til Fjord1 er å halde fram som det leiande ferjeselskapet i Noreg med ein sterk kontraktsportefølje for framtida. Aktivitetar som fremjar vekst og lønnsemd vert prioriterte i tråd med strategi og finansielle mål.

Selskapet byggjer for framtida, og det er utvikla ein moderne ferjeflåte som er tilpassa trygg, påliteleg og miljøvennleg transport. Ved utgangen av 2020 har Fjord1 30 fartøy som skal

driftast med elektrisitet, noko som vil bidra til ein vesentleg utsleppsreduksjon for framtida. I tråd med samfunnet elles tek Fjord1 eit medvite samfunnsansvar for miljø og energi.

Som ein del av ein overordna strategiprosess vert det kontinuerleg arbeidd med å utvikle Fjord1 gjennom tydeleg vektlegging av leiing, medarbeidaroppfølging og utvikling.

Fjord1 har definert overordna mål som er rettleiande for strategien:



Fjord1 skal ha solide økonomiske resultat, sunn forretningsdrift og kvalitet i alle prosessar.



Fjord1 si merkevare/identitet skal vere kjenneteikna av modernisering, innovasjon og kvalitet.



Fjord1 skal ha dei dyktigaste og mest motiverte medarbeidarane i næringa.



Fjord1 skal kontinuerleg utvikle leiarar og medarbeidrarar på alle nivå i organisasjonen.



Fjord1 skal vere det leiande selskapet i næringa, der fokus på sikkerheit og gode kundeopplevelingar skal prege kvardagen.



Foto: Øystein Torheim, Frequency.no

MF Kommandøren på Halsjøen - Våge

FJORD1 SINE FIRE SEGMENT

Ferjedrift

Ferjesegmentet omfattar drift av ferjesamband i Noreg, der majoriteten av drifta er knytt til Vestlandet. I norsk ferjenærings er Fjord1 den

største aktøren. Selskapet har i 2020 drifta fire av dei ti største sambanda i Noreg.

RESULTAT FOR FERJESEGMENTET 2020



OMSETNAD

2,8 MILLIARDAR



EBITDA

997 MILLIONAR



FØR SKATT

530 MILLIONAR

Fartøyliste


Fartøynamn	Byggjeår	PBE	Fartøynamn	Byggjeår	PBE
Driva	1963	29	Årdal	2008	105
Bolsøy	1971	38	Vågsøy	2008	31
Veøy	1974	50	Davik	2009	45
Sykylvsfjord	1975	35	Moldefjord	2009	128
Kvernes	1976	25	Fannefjord	2010	128
Aurland	1977	35	Korsfjord	2010	128
Solnør	1977	36	Lifjord	2010	110
Aukra	1978	36	Norangsfjord	2010	120
Eid	1978	35	Romsdalsfjord	2010	128
Nordmøre	1978	52	Boknafjord	2011	240
Sunnfjord	1978	46	Hjørundfjord	2011	120
Bjørnsund	1979	61	Storfjord	2011	120
Geiranger	1979	35	Edøyfjord	2012	50
Stordal	1979	51	Hornelen	2016	60
Stryn	1979	81	Losna	2016	60
Solskjel	1981	35	Gloppefjord	2017	120
Sogn	1982	110	Eidsfjord	2017	120
Sognefjord	1984	64	Møkstrafjord	2018	130
Dalsfjord	1986	28	Husavik	2018	45
Sulafjord	1986	106	Horgefjord	2018	120
Selje	1986	58	Austrått	2018	50
Rauma	1988	73	Vestrått	2018	50
Romsdal	1988	73	Hadarøy	2018	120
Gulen	1989	90	Kommandøren	2018	120
Svanøy	1992	89	Suløy	2019	120
Ivar Aasen	1997	70	Giskøy	2019	120
Lærdal	1997	77	Rovdehorn	2019	120
Glutra	2000	120	Samlafjord	2019	130
Nordfjord	2001	54	Skophorn	2019	120
Eira	2002	100	Hillefjord	2019	83
Volda	2002	80	Eresfjord	2019	120
Julsund	2004	99	Tustna	2019	80
Dryna	2005	35	Fedjebjørn	2019	50
Harøy	2005	35	Florøy	2020	83
Lote	2006	120	Grip	2020	80
Bergensfjord	2006	212	Bømlafjord	2020	50
Stavangerfjord	2006	240	Sildafjord	2020	83
Fanafjord	2007	212	Smøla	2020	50
Mastrafjord	2007	240	Møringen	2020	50
Raunefjord	2007	212	Stangvikfjord	2020	50

Passasjerbåtar	Byggjeår	Passasjerar
Fjordglytt	2000	81
Sylvarnes	2000	70
Tansøy	2006	96
Skip under bygging	Plan levering	PBE
TBN 1	3. kv 2021	120

10 STØRSTE SAMBAND I 2020

SAMBAND	OPERATØR	PBE (I HEILE TUSEN)
Moss - Horten	Torghatten	3 529
Mortavika - Arsvågen	Fjord1	2 685
Halhjem - Sandvikvåg	Torghatten	1 841
Molde - Vestnes	Fjord1	1 502
Mannheller - Fodnes	Norled	1 197
Festøya - Solavågen	Norled	1 107
Hareid - Sulesund	Fjord1	1 104
Lavik - Oppedal	Norled	1 101
Syklyven - Magerholm	Fjord1	1 061
Flakk - Rørvik	Torghatten	1 009

MARKNADSDEL PBE (INKL. IKKJE TILDELTE KONTRAKTAR)



KONTRAKTSOVERSIKT


Kontrakt	Fartøy	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034
Bognes-Skarberget og Drag-Kjøpsvik	3															
Indre Sunnmøre	12															
Romsdalspakken	5															
Nordmørspakken	6															
Halsa-Kanestraum	3															
Sulapakken	5															
Hordaland Rutepakke 1	8															
Hordaland Rutepakke 2	6															
Brekstad-Valset	2															
Mortavika-Arvågen	6															
Anda-Lote	2															
Fv Sogn og Fjordane	5															
Festvåg-Misten	1															
Nordøyane	2															
Svelvik-Verket	1															
Sølsnes-Åfarnes	1															
Romsdalspakken	5															
Nordmørspakken	7															

Gradvis oppstart

Fast kontrakt

Opsjonar





Selskapet har i 2020 drifta fire av dei
ti største sambanda i Noreg.

MF Møkstrafjord på sambandet
Krokeide-Hufthamar



Passasjerbåt

Fjord1 driftar lokale passasjerbåtruter i Vestland. Selskapet eig tre passasjer- og kombibåtar, og leiger inn sju passasjer- og kombibåtar frå underleverandørar. Nokre av fartøya tek både passasjerar og bilar, medan andre berre tek passasjerar.

2020 var det siste året for ordinær kontrakt på dei lokale passasjerbåtrutene, men etter

erklæring av opsjonar går kontraktane fram til 30. april 2022.

Selskapet eig 49 % av Partsrederiet Kystekspresen ANS, som driv hurtigbåtruter frå Kristiansund til Trondheim, Brekstad til Trondheim og frå Vanvikan til Trondheim.

RESULTAT FOR PASSASJERBÅTANE 2020



OMSETNAD

120 MILLIONAR



EBITDA

65 MILLIONAR



FØR SKATT

13 MILLIONAR



Selskapet eig tre passasjer- og kombibåtar, og leiger inn sju passasjer- og kombibåtar frå underleverandørar.



OM FJORD1

Vision of the Fjords
på Nærøyfjorden

Foto: Sverre Hjørnevik

I juli tok verksemda seg opp med mange norske reisande til tross for Covid-19.



Turist

Fjord1 er engasjert i fleire reiselivsselskap med reiseopplevelinger på fjorden som fellesnemnar. Selskapet har lange tradisjonar med fjordbaserte reiseopplevelinger, og har dei siste åra spissa satsinga i samarbeid med ulike partnarar som utfyller kvarandre når det gjeld tilbod, marknadsføring og operativ produksjon.

Turistsegmentet har vore skadelidande under dei strenge reiserestriksjonane både utanlands og innanlands som følgje av Covid-19. Verksemdene måtte stengje frå midten av mars og var deretter stengde i heile april og mesteparten av mai. Enkelte tenester opna opp att i slutten av mai og andre ved starten av den innanlandske turistsesongen i juni. I juli tok verksemda seg opp med mange norske reisande, og ein del internasjonale turistar etter ei forsiktig gjenopning av grensene. Etterspurnaden gjekk likevel tilbake til eit lågt nivå etter sommarferien.

Utviklinga i turistsegmentet vil vidare avhenge av at reiserestriksjonane vert løfta både innanlands og utanlands, og at ein gradvis kjem tilbake til dei vande reisemönstera. Saman med felleskontrollerte og tilknytte selskap følgjer Fjord1 nøyne med på situasjonen og prøvar å dempe dei negative effektane ved å tilpasse tilbodet meir mot ei norsk målgruppe.


Fjord Tours Group AS

Fjord Tours Group AS vart etablert i 2019. Fjord Tours Group skal bidra til å skape vekst i lokal turistnærings og lokale arbeidsplassar, og betre samspelet mellom nasjonale, regionale og lokale reiselivsaktørar. Fjord1 og Vy-gruppen har lik eigardel i selskapet med 50 prosent.

Fjord1 Tours Group vil tilby saumlaus og berekraftige rundreiser i Noreg med utgangspunkt i kollektivbaserte transportmiddel. Reiselivsselskapet tilbyr ferdige pakketurar i heile Noreg, både for den nasjonale og den internasjonale marknaden, der ein har privatreisande som primær målgruppe.

Fjord Tours Group AS eig 74 prosent av aksjane i Fjord Tours AS og 30,5 prosent av aksjane i Geiranger Fjordservice AS.

Geiranger Fjordservice tek sikte på å gjere Geiranger til ein attraktiv destinasjon med reiseopplevelinger på fjorden og aktivitetar i området. Primærproduktet til selskapet er passasjerbåtane som går rundturar på Geirangerfjorden. Geiranger Fjordservice driv i tillegg utleige av syklar og bilar, og tilbyr transport, guiding og ulike aktivitetar.



Vision of the Fjords på Nærøyfjorden


The Fjords

The Fjords spesialiserer seg innan turistsegmentet på dei norske fjordane der dei tilbyr reisande unike fjordopplevelingar. Selskapet har drift på verdsarvfjordane Nærøyfjorden og Geirangerfjorden, samt Sognefjorden, Hardangerfjorden og Lysefjorden.

I juli vart den tredje passasjerkatamaranen – Legacy of the Fjords – overlevert til The Fjords. Både Legacy- og systerfartøyet Future of the Fjords har heilelektrisk framdrift, medan Vision of the Fjords har batteri-diesel hybrid framdrift. Future of The Fjords var den første heilelektriske passasjerbåten i verda som vart bygd i karbonfiber.

Med spesialdesigna fartøy og fokus på produktutvikling, har selskapet fått stor merksemd i både inn- og utland. Fartøya er spesialbygde for sightseeing på norske fjordar og har eit unikt design som er inspirert av fjellstiar langs fjorden.

Selskapet vart stifta i 2015 av Fjord1 og Norway's Best AS, der begge har ein likeverdig eigarskap på 50 prosent. Etableringa av selskapet er ei langsiktig satsing der faktorar som miljø og berekraft står sentralt i utviklinga.



RESULTAT FOR TURISTSEGMENTET 2020



OMSETNAD

22 MILLIONAR



EBITDA

-16 MILLIONAR



FØR SKATT

-18 MILLIONAR



Catering

Gjennom Fjord1 sitt eige cateringkonsept, Ferdamat, satsar selskapet på eit mattilbod av høg kvalitet til sine reisande. Maten om bord er laga av gode råvarer med eit visuelt uttrykk som gjer at kundane kjenner seg att på alle Fjord1-samband. Ein sikrar kvaliteten på maten som selskapet serverer ved å bruke ferske produkt som er produserte om bord eller av lokale produsentar i nærområdet.

Fjord1 jobbar kontinuerleg med fornying, ved å lansere nye produkt og tilby gode kampanjar og freistande tilbod. I tillegg er ein oppteken av å tilby produkt som tek omsyn til ulike matallergiar og matpreferansar som til dømes vegetar- og økologiske produkt. I kioskane med betening tilbyr Fjord1 gluten- og laktosefrie alternativ. I tillegg er alle kaffialternativ som vert laga på maskin med heile bønner, økologiske

og merka med «Fairtrade» (rettferdig handel). Fjord1 ønskjer også å tilby eit auka sortiment av berekraftige produkt, og har dei siste åra tilført fleire slike produkt til cateringsegmentet.

Det fremste signaturproduktet til Fjord1 innan catering er dei tradisjonsrike svelene, og i 2020 vart det selt om lag 550 000 sveler. Dette er ein nedgang frå tidlegare år, men likevel eit godt resultat sett i lys av utfordringane knytt til Covid-19.

Bruken av ny teknologi gjer seg også gjeldande i cateringsegmentet, der Fjord1 er leiande med omsyn til bruk av ny teknologi. Sidan den første sjølvbetente kiosken opna i 2018, har Fjord1 totalt 36 sjølvbetente kioskar i 2020. Tilbodet er ein suksess, og både Fjord1 og kundane verdset eit døgnope tilbod.



Fjord1 har betent eller sjølvbetent kioskløysing på dei fleste fartøya, noko som sikrar at majoriteten av reisande i Fjord1 får eit mat- og drikketilbod om bord. I tillegg har dei betente kioskane også sjølvbetente kasseløysingar, noko som gjer at reisande kan handle i kiosken utover den

bemanna opningstida. Desse kasseløysingane fungerer også som ei avlasting i travle periodar, noko som fører til mindre kø og tilfredse kundar.

RESULTAT FOR CATERINGSEGMENTET 2020



OMSETNAD

85 MILLIONAR



EBITDA

10 MILLIONAR



FØR SKATT

7 MILLIONAR



Foto: Øystein Torheim, Frequency.no

LEIINGA I FJORD1



DAGFINN NETELAND
ADMINISTRERANDE DIREKTØR

Dagfinn Neteland har vore administrerande direktør i Fjord1 sidan januar 2017. Han hadde også denne stillinga i 2014–2015. Neteland har bakgrunn frå stillingar i transport- og banknæringa, i tillegg til at han har vore administrerande direktør i Tide ASA, HSD ASA og Gjensidige Vest, og regionansvarleg i Nordea.

Noverande styreverv og leiande stillinger:

Dagleg leiar: F1 Administrasjon AS, Fjord1 ASA, Dato Invest AS.
Styreleiar: Dato Invest AS, Norheimsund Skifeis AS, Presis Vegdrift AS, Baneservice AS.
Styremedlem: Geiranger Fjordservice AS, Fjord Tours AS, Fjord Tours Group AS, Janus Holding AS.



ANNE-MARI SUNDAL BØE
ØKONOMI- OG FINANSDIREKTØR

Anne-Mari Sundal Bøe har vore økonomi- og finansdirektør i Fjord1 ASA sidan desember 2013. Bøe har tidlegare erfaring som konsernrekneskapssjef for INC Invest AS og Senior Manager i PwC. Bøe er utdanna siviløkonom frå Noregs handelshøgskole (NHH).

Noverande styreverv og leiande stillinger:

Økonomi- og finansdirektør: Fjord1 ASA.
Dagleg leiar/styreleiar: Fanafjord AS.
Styreleiar: F1 Administrasjon AS.
Styremedlem: Nye Fanafjord AS, Fjord Tours Group AS, Fjord Tours AS, The Fjords DA, The Fjords Fartøy I DA, The Fjords Fartøy II DA, The Fjords Fartøy III DA, Widerøe AS, Widerøe's Flyveselskap AS, Evoy AS.



ANDRÉ HØYSET
DRIFTSDIRECTØR

André Høyset har vore driftsdirektør sidan mars 2017. Høyset hadde stillinga som konstituert administrerande direktør i Fjord1 i 2016 og har 25 års erfaring frå ulike stillingar i Fjord1. Høyset har master i informasjonsteknologi og er høgskulekandidat i økonomi og administrasjon.


Noverande styreverv og leiane stillingar:

Driftsdirektør: Fjord1 ASA.

Styrelseiar: Kolkaia Vest 1.

Styremedlem: F1 Administrasjon AS, Widerøe AS, Widerøe's Flyveselskap AS, NHO Sjøfart, Maritimt Opplæringskontor Sør-Vest.

Varamedlem: Geiranger Fjordservice AS.



NILS KRISTIAN BERGE
TEKNOLOGI OG PROSJEKTDIREKTØR

Nils Kristian Berge har vore tilsett i Fjord1 sidan januar 2018. Berge har meir enn 30 års erfaring i shippingindustrien og har ein sivilingeniørgrad i Naval Architecture. I tidlegare stillingar har Berge vore administrerande direktør i Arab Shipbuilding and Repair Yard (ASRY), driftsdirektør i Utkilen AS og teknisk direktør i Laurin Maritime Inc. I tillegg har han hatt andre leiarstillingar i reiarlag og skipsverft.

Noverande styreverv og leiane stillingar:

Teknologi & prosjektdirektør: Fjord1 ASA.

Eigar: Berge Consult.

Styrelseiar: The Fjords DA, Fjord-2 Fjord Cruises AS, The Fjords Fartøy I DA, The Fjords Fartøy II DA, The Fjords Fartøy III DA.

Varamedlem: Widerøe AS, Widerøe Flyselskap AS, Fjord Tours AS.



EILERT NØTTINGNES
SIKKERHETSDIREKTØR
(FRÅ 4.1.2021)

Eilert Nøttingnes starta som sikkerhetsdirektør i Fjord1 i januar 2021. Nøttingnes har tidlegare erfaring frå tilsvarande stilling i GC Rieber Shipping, Wilson Ship Management og Seatrans Ship Management. Nøttingnes har ein bachelorgrad innan leiing og nautikk frå Sjøkrigsskolen i Bergen. Han har også utdanning i operasjonell risikostyring frå Høgskolen i Gjøvik.

Noverande styreverv og leiane stillingar:

Sikkerhetsdirektør: Fjord1 ASA



Foto: Øystein Torheim, Frequency.no

STYRET I FJORD1

**VEGARD SÆVIK**
STYRELEIAR

Vegard Sævik har vore styremedlem sidan 2011, nestleiar fram til 2016 og styreleiar sidan juli 2017. Sævik er tilsett hos Havila AS som viseadministrerande direktør og har styreposisjonar i ulike selskap. Han er for tida styreleiar i Havyard Group ASA og har ein bachelorgard frå Handelshøgskolen BI.

Noverande styrever og leiane stillingar:

Dagleg leiar: Havgorg 1 Eiendom ANS, Havgorg 1 Invest AS, Ohi Eiendom AS, Havblikk Eiendom AS, Havila Invest AS, Innidimman AS, Tangen 7 Invest AS, Havila Ariel AS.

Kontaktperson: Sæviking AS.

Styreleiar: Hav Group ASA, Havyard Group ASA, Never No AS, Fjord1 ASA, Innidimman AS, Nordic Mediatech AS.

Styremedlem: Raftevold Hotel AS, Sæviking AS, Hotell Ivar Aasen AS, Havilafjord AS, Bakkar og Berg Media AS, Havila Kystruten AS, Eiendom Hornindal AS, Havila Hotels AS, Hardhaus AS, Havgorg 1 Eiendom ANS, Havgorg 1 Invest AS, Havila Holding AS, Siva Sunnmøre AS, Ohi Eiendom AS, Havblikk Eiendom AS, Havila Invest AS, Tangen 7 Invest AS, Sævard DA, Havila Ariel AS, Brattholm Invest AS, Frøystad Eiendom AS, Havila AS.

Varamedlem: Volstad Seismic AS, Deep Cygnus AS, Geo Caspian AS, Deep Cygnus Operation AS, Geo Caspian Operation AS, Grand Canyon 2 AS, Volantis Operation AS, Grand Canyon Operation 3 AS, Grand Canyon 3 AS, Grand Canyon 3 Ks, Endeavour Operation AS, Volstad Maritime AS, Volstad Offshore AS, Volstad Subsea AS, Volstad Maritime Dis i AS, Volstad Maritime Dis II AS, Volstad Management AS, Fosnavåg Vekst AS, Deep Cygnus Ks.

Deltakar med delt ansvar: Sævard DA.



PER SÆVIK
STYREMEDLEM

Per Sævik har vore styremedlem i Fjord1 ASA sidan 2014 og observatør i styret sidan 2011. Han har over 50 års erfaring med drift og forvaltning av fiske- og forsyningsfartøy, og er for tida administrerande direktør i Havila AS og Havilafjord AS. Sævik var stortingsrepresentant i ein periode på fire år. Han er for tida styreformann og direktør i fleire selskap, og har ulike styreposisjonar i Havila-selskapa.

Noverande styreverv og leiane stillingar:

Dagleg leiar: Havilafjord AS, Havila Hotels AS, Havila Holding AS, Pison AS, Havila AS.
Kontaktperson: Hh Offshore AS, Sævard DA.

Styreleiar: Sæviking AS, Bratholm AS, Havyard Ship Invest AS, Havilafjord AS, Havila Kystruten AS, Hh Offshore AS, Havila Hotels AS, Havblikk Eiendom AS, Pison AS, Sævard DA, Fosnavåg Vekst AS, Havila Ariel AS, Bratholm Invest AS, Fosnavåg Parkering AS.

Styremedlem: Raftevold Hotel AS, Hotell Ivar Aasen AS, Wf Holding AS, Vest Nord Group AS, Eiendom Hornindal AS, Fjord1 ASA, Shincon AS, Ocean Europe AS, Northsea Psv AS.

Varamedlem: Havgapet AS, Hardhaus AS, Innidimman AS, Norminor AS. Deltakar med delt ansvar: Sævard DA.



SIRI HATLAND
STYREMEDLEM

Siri Hatland blei vald som styremedlem på generalforsamlinga 2018. Ho har arbeidd i den maritime næringa i størsteparten av det yrkesaktive livet sitt. Frå 2000 og fram til ho gjekk av med pensjon i august 2017, var Hatland administrerande direktør i Kystrederiene (tidlegare Fraktefartøyenes Rederiforening).

Noverande styreverv og leiane stillingar:

Styremedlem: Fjord1 ASA



BIRTHE CECILIE LEPSØE
STYREMEDLEM

Birthe Lepsøe har 20 års erfaring innan finansiell leiing, rådgiving og styreverv i kapitalintensive verksemder som bank, shipping, offshore og eigedom. Lepsøe driv eige rådgjevingsfirma og er assosiert Partnar i Vest Corporate Advisors sidan 2017.

Noverande styreverv og leiane stillingar:

Dagleg leiar: Cebima AS. Tilknytt partnar: Vest Corporate Advisors AS.

Styremedlem: Fjord1 ASA, Smedvig Eiendom AS, Belships, Smedvig Capital AS, Smedvig AS.



REUBEN MUNGER
STYREMEDLEM

Reuben Munger er grunnleggar og administrerande partnar i Vision Ridge Partners LLC, eit leiande berekraftig investeringsfond. Munger grunnla Vision Ridge Partners i 2008. Han er tidlegare partnar med The Baupost Group LLC, eit hedgefund med totale aktiva i overkant av 30 milliardar NOK.

Munger har over 20 års investeringserfaring i Noreg, i Europa generelt, og i USA. Han er uteksaminert magna cum laude frå Washington and Lee University med B.A. i Politics and Economics og B.S. i Business Administration.

Noverande styreverv og leiane stillingar:
Administrerande partnar: Vision Ridge Partners.
Styremedlem: Fjord1 ASA, Guzma Energy Inc, Key Capture Inc, GSSG Solar LLC, League of Conservation Voters, Securing Americas Future Energy.



TERJE HALS
STYREMEDLEM

Terje Hals har vore styremedlem i Fjord1 sidan generalforsamlinga i 2019, og representerer dei tilsette. Hals er tilsett i Fjord1 ASA som matros og har meir enn 40 års erfaring i selskapet.

Noverande styreverv og leiane stillingar:
Styremedlem: Fjord1 ASA.



ATLE OLAV TROLLEBØ
STYREMEDLEM

Atle Olav Trollebø har vore styremedlem i Fjord1-styret sidan 2008 og representerer dei tilsette. Trollebø er tilsett som kaptein i Fjord1 ASA og har 20 års erfaring i selskapet.

Noverande styreverv og leiane stillingar:
Styremedlem: Fjord1 ASA



THOMAS RAKSTANG
OBSERVATØR I STYRET

Thomas Rakstang har vore medlem i Fjord1-styret sidan juli 2016. Rakstang er tilsett som maskinsjef og har 20 års erfaring i selskapet.

Noverande styreverv og leiane stillingar:

Dagleg leiar: Erak AS.
Styremedlem: Erak AS.
Observatør: Fjord1 ASA.




DANIEL NEDRELID
OBSERVATØR I STYRET

Har vore styremedlem i Fjord1 sidan generalforsamlinga i 2019. Nedrelid er tilsett som medarbeidar på servicesenteret ved administrasjonen i Florø og har 36 års erfaring i selskapet.

Noverande styreverv og leiane stillingar:

Observatør: Fjord1 ASA.





Eigarstyring og selskapsleiing 2020

EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING 2020

Fjord1 ASA verdset sunn føretaksstyring som gjev aksjonærane styrkt tillit til selskapet og betrar verdien for aksjonærane gjennom effektiv leiing og forbetra kommunikasjon mellom styret og aksjonærane. Føremålet med føretaksstyringa i Fjord1 er å handtere driftsrisikoar, gje størst mogleg verdiskaping og gjere bruk av ressursane i selskapet på ein effektiv og berekraftig måte, slik at det er til nytte for aksjonærane, dei tilsette og samfunnet.

1. Rammeverk for og rapportering om føretaksstyring

Prinsipp og praksis for føretaksstyring i Fjord1 er basert på den norske tilrådinga for eigarstyring og selskapsleiing, som sist blei revidert 17. oktober 2018. Tilrådinga er basert på lovgeving og børsreglar og er tilgjengeleg på nettsidene til Norsk utvalg for eierstyring og selskapsledelse, www.nues.no. Arbeidet vårt med tilrådinga er basert på «følg-eller-forklar-prinsippet», som vil seie at eventuelle avvik blir gjorde greie for.

Styret vedtok retningslinjer for føretaksstyring 15. august 2017, då selskapet blei notert på Oslo Børs. Retningslinjene inneholder mellom anna instruks for styret, revisjonsutvalet og valkomiteen, utbyttepolitikk, handbok for innsideinformasjon, retningslinjer for investorkontakt og etiske retningslinjer. Rammeverket for føretaksstyring blir revidert og diskutert av styret årleg.

I denne rapporten gjer vi greie for prinsipp og praksis for føretaksstyring i samsvar med rekneskapslova § 3-3b og skildrar korleis Fjord1 etterlever tilrådinga for eigarstyring og selskapsleiing. Rapporten er ein del av årsrapporten. Slik styret ser det, etterlevde Fjord1 tilrådinga i 2020.

Strukturen i denne utgreiinga er lagd opp etter strukturen i tilrådinga for eigarstyring og selskapsleiing.

2. Verksemda

Fjord1 si kjerneverksemde er å drive ferjesamband med tilhøyrande cateringverksemde på fjordar i Noreg. Selskapet driv også passasjerbåtar og er i aukande grad involvert i miljøvennleg turisme i Noreg. Selskapet frakta i alt om lag 16 millionar passasjerar og 8,9 millionar køyretøy i 2020. Aktiviteten i konsernet er i samsvar med paragraf 2 i vedtekten til selskapet:

«Selskapet sitt føremål er sjølv, eller gjennom heilt eller delvis eigarskap i andre verksemder, å drive transport-, kommunikasjons- og reiselivsverksemde.»

Vedtekten er tilgjengelege på nettsidene til selskapet.

Styret har fastsett mål, strategi og risikoprofil for selskapet innanfor rammene av paragraf 2 i vedtekten. Målet med dette er å sikre at ressursane blir brukte på ein effektiv og ansvarleg måte som skaper verdiar for aksjonærane, dei tilsette og samfunnet. Mål, strategiar og risikoprofil blir evaluert og revidert av styret minst éin gong i året. Denne gjennomgangen blir vanlegvis gjort i samband med det årlege strategimøtet i Fjord1. Grunna Covid 19 har ikkje styret lykkast med å gjennomføre dette årlege strategimøte i 2020. Måla og strategien til Fjord1 er omtalt på side 15 i årsrapporten og blir gjort tilgjengeleg på nettsidene til selskapet, www.fjord1.no.

Visjonen til Fjord1 er å vere den sikraste og mest attraktive leverandøren av miljøvennleg ferje- og passasjerbåttransport for kundar, oppdragsgjevarar og andre samarbeidspartnarar. Selskapet tek eit medvite ansvar for miljøet, samfunnet og lokalsamfunna langs norskekysten der vi driv verksemda vår. Selskapet har fastsett retningslinjer for samfunnsansvar, menneskerettar, arbeidstakarrettar, likestilling og ikkje-diskriminering, sosiale forhold, det ytre miljøet, antikorrupsjon og miljøpåverking, i samsvar med reknesakslova. Dette arbeidet er skildra i nærmare detalj under «Ny teknologi og miljø» på side 57 i årsrapporten.

3. Selskapskapital og utbyte

AKSJEKAPITAL

Aksjekapitalen til selskapet er 250 000 000 kroner, fordelt på 100 000 000 aksjar med nominell verdi på 2,50 kroner per aksje.

EIGENKAPITAL- OG KAPITALSTRUKTUR

Per 31. desember 2020 hadde selskapet ein bokført eigenkapital på 2,427 millionar kroner. Dette utgjer 23,5 prosent av dei totale verdiane, og gjeldsgraden er på 3,26.

Selskapet gjorde investeringar i ferjer og infrastruktur i 2020. Selskapet har samtidig fått oppgjer for ferdigstilt infrastruktur og tildelte NOx-midlar. Som eit resultat av dette har netto renteberande gjeld i selskapet gått ned i 2020. Netto renteberande gjeld er venta å gå ned ytterlegare i 2021 på grunn av lågare investeringar, og sal av infrastruktur.

Styret reknar kapitalstrukturen som tilfredsstillande ut frå måla, strategien og risikoprofilen til selskapet.

UTBYTE

Styret har vedteke ein utbytepolitikk med ein intensjon om å betale ut opptil 50 prosent utbyte av årsresultatet etter skatt. Utbytet skal sjåast i samanheng med soliditeten, veksten og resultatutviklinga i selskapet.

Den usikre situasjonen grunna Covid-19 gjorde at styret i 2020 utsette vedtak om utbyte for 2019. Generalforsamlinga i Fjord1 gav styret ei fullmakt til å vedta utdeling av utbyte fram til kommande generalforsamling. Kapitalbinding i infrastruktur, utsett ferdigstilling og økonomisk oppgjer er årsaker til at fullmakt ikkje er nyttta

Årsresultatet for 2020 vart NOK 163 millionar som normalt ville medført eit forslag frå styret om utbetaling av utbyte på NOK 81,5 millionar. Fjord1 er framleis påverka av Covid-19 pandemien, og dei vidtrekkande tiltaka frå styremaktene for å avgrense spreiinga av pandemien i Norge. Styret meiner det er tilrådeleg å utsette utbyte inntil vidare.

FULLMAKT TIL AKSJEKJØP FOR STYRET

12. mai 2020 gav generalforsamlinga i Fjord1 fullmakt til at styret kunne kjøpe eigne aksjar på vegner av selskapet med samla nominell verdi på opptil 3 millionar kroner, i samband med aksjeplanen for tilsette og insentivplanen for toppleiringa. Dersom selskapet kjøper meir aksjar enn nødvendig etter desse planane, kan ein selje dei på marknaden eller slette dei ved å setje ned aksjekapitalen. Styret avgjer korleis eigne aksjar kan skaffast eller avhendast. Godkjenninga er gyldig til generalforsamlinga i 2021, som skal haldast seinast 30. juni 2021.

12. mai 2020 gav generalforsamlinga og styret fullmakt til å kjøpe eigne aksjer til en nominell verdi på opptil 10 millionar kroner. Aksjar under fullmakta skal kun nyttast til sletting gjennom kapitalnedsetting , jfr allmennaksjeloven § 12-1. Godkjenninga er gyldig til generalforsamlinga i 2021, som skal haldast seinast 30. juni 2021.

Det er ikkje kjøpt eigne aksjer i 2020. I slutten av året hadde selskapet 90 402 eigne aksjer, som er tilsvarende antall eigne aksjer i starten av året. Meir informasjon om desse transaksjonane finn du i note 13 i årsrekneskapen.

FULLMAKT TIL AUKE AV AKSJEKAPITALEN

12. mai 2020 gav generalforsamlinga og styret fullmakt til å auke aksjekapitalen med inntil 25 millionar kroner ved utferding av inntil 10 millionar aksjar, i ein eller fleire kapitalauker. Styret ba om slik fullmakt då det var vurdert hensiktmessig at styret skal kunne gjere ei løpende vurdering av behovet for å utstede nye aksjar og / eller ytterlegare kapitaltilførsel. Fullmakta har ikkje vore nytta. Fullmakta er gyldig til generalforsamlinga i 2021, som skal haldast seinast 30. juni 2021.

AVVIK

NUES meinar fullmaktar for kjøp av eigne aksjar og kapitalauke bør grunngjenvast og avgrensast til definerte føremål. Styret er i utgangspunktet einig med NUES, men meinar det er behov for ein viss fleksibilitet. Så lenge fullmaktene er tydeleg avgrensa i tid og omfang, bør det leggast til styrets forvaltningsfullmakt å treffe slike avgjerder framfor å avhalde ei ekstraordinær generalforsamling.

4. Likebehandling av aksjeeigarar og transaksjonar med nærståande

FORTRINNSRETT TIL Å TEIKNE AKSJAR

Ved utskriving av aksjar har dei eksisterande aksjonærane fortrinnsrett til å teikne aksjar med mindre denne retten blir sett til sides av generalforsamlinga eller ho har gjeve styret rett til å setje teikningsretten til sides. Alle avgjerder om å setje teikningsrettar til sides skal grunngjenvast og kunngjera gjennom børsmelding.

Det blei ikkje skrive ut aksjar i 2020.

HANDEL MED EIGNE AKSJAR

Transaksjonar med aksjane til selskapet (til dømes eigne aksjar og tilbakekjøpsprogram) skal anten gjennomførast gjennom handelssystemet på Oslo Børs eller til gjeldande prisar på Oslo Børs. Ved avgrensa likviditet i aksjane til selskapet skal selskapet vurdere andre måtar å sikre likebehandling av alle aksjonærane på.

I 2020 kjøpte selskapet ingen eigne aksjar gjennom handelssystemet på Oslo Børs – sjå punkt 3, «Selskapskapital og utbyte». Selskapet har for tida ikkje noko aktivt tilbakekjøpsprogram.

TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅANDE

Styret skal sørge for at prinsippet om armlengdes avstand blir teke i bruk i ikkje-immaterielle transaksjonar mellom selskapet og aksjonærane, eigarselskapet til aksjonærane, styremedlemmer, leiinga eller nærståande til nokon av desse. Dette er forklart i nærmare detalj i styreinstrukturen til selskapet og dei etiske retningslinjene.

Ved ikkje-immaterielle transaksjonar med nokon av partane som er nemnde ovanfor, og som ikkje krev godkjenning frå generalforsamlinga etter allmennaksjelova, skal styret som eit generelt prinsipp vurdere frå sak til sak om det skal hentast inn ei vurdering frå ein uavhengig tredjepart. Transaksjonar

med nærståande skal alltid gjennomførast på armlengdes avstand og på marknadsvilkår. Dersom transaksjonen blir utført som ein omfattande anbodsprosess med minst tre deltagarar, vil det ikkje bli henta inn ei uavhengig verdivurdering frå tredjepart. Dette er fordi interne retningslinjer i slike tilfelle blir vurderte å vere tilstrekkeleg til å sikre armlengdes avstand og marknadsvilkår. Det blir henta inn uavhengige utgreiingar i dei tilfella der lova krev det.

Styreinstruksen fastset at kvar enkelt styremedlem objektivt og kontinuerleg skal vurdere - og eventuelt opplyse om - alle generelle interessekonfliktar og konfliktar som gjeld spesifikke saker som blir diskuterte.

Havilafjord AS, Havilafjord Holding AS og Havilafjord Holding 2 AS eigde 84,96 prosent av aksjane i Fjord1 ASA ved utgangen av 2020. Havilafjord AS sine aksjar i Fjord1 ASA er stilte som sikkerheit for eit seniorobligasjonslån på 1 000 millionar kroner som er utskrive av Havilafjord AS.

Havilafjord AS er eigd av Havila Holding AS. Havyard Holding AS eig 40,35 prosent av aksjane i Havyard Group ASA, som eig 100 prosent av skipsverftet Havyard Ship Technology AS (HST). Fjord1 tildelte HST to kontraktar med fem nybygg i kvar kontrakt i 2017 og 2018. Investeringane frå Fjord1 i samband med desse kontraktane utgjer 573,8 millionar totalt i 2020. Alle kontraktar om nybygg blir tildelte i samsvar med retningslinjene til Fjord1, og det er krav om minst tre tilbydarar. Dei inhabile styremedlemmene har ikkje delteke i avgjerdssprosessane rundt tildeling av kontraktar.

Selskapet gjev oversikt over transaksjonar mellom tilknytte partar i kvartalsrapportane. Ei fullstendig oversikt over transaksjonar mellom tilknytte partar i 2020 er å finne i note 18 til årsrekneskapen.

5. Fri omsetnad

Selskapet er notert på Oslo Børs. I vedtekten til selskapet er det ingen avgrensingar i eigarskap, handel og stemmerett for aksjonærar.

6. Generalforsamlinga

OM GENERALFORSAMLINGA

Generalforsamlinga er det øvste styringsorganet i selskapet. Styret har det overordna ansvaret for å leie og følgje med på den daglege leiinga og drifta av selskapet. Styret legg til rette for at generalforsamlinga skal vere ein effektiv møteplass for aksjonærane ved å sikre at informasjonen om generalforsamlinga er open, kjem i tide og er tilgjengeleg for alle aksjonærane.

DELTAKING OG GJENNOMFØRING

Generalforsamlinga i selskapet skal kallast inn ved skriftleg melding til alle aksjonærar med kjend adresse. Når dokument som gjeld saker som skal behandlast i generalforsamlinga er gjorde tilgjengelege for aksjonærane på nettsidene til selskapet, gjeld ikkje lovkravet i allmennaksjelova om at dokumenta skal sendast til aksjonærane. Dette gjeld også dokument som etter lova skal innlemmast i, eller leggjast ved innkallinga til generalforsamling. Ein aksjonær kan likevel krevje å få tilsendt saksdokumentasjon til generalforsamlinga per post. Dette er fastsett i paragraf 7 i vedtekten til selskapet.

Alle aksjeeigarar som er registrerte i verdipapirsystemet (VPS), vil få innkallinga og har rett til å fremje forslag og gje stemme direkte eller via fullmakt. Styret skal sørge for at saksdokumentasjonen inneholder detaljert, fullstendig og spesifikk informasjon, slik at aksjonærane kan ta stilling til alle sakene som skal behandlast på generalforsamlinga. Kvar enkelt sak skal stemmest over, og det skal stemmest over kvar enkelt kandidat som er på val.

Styret ønskjer å leggje til rette for at flest mogleg av aksjonærane kan delta. Påmelding skjer skriftleg, anten per post, VPS-konto eller e-post. Påmeldingsfristen er fire dagar før generalforsamlinga. Aksjonærar som sjølv ikkje kan delta vert oppfordra til å vere representert ved fullmektig eller ta bruk av fullmakt. Det blir lagt til rette for at fullmakt kan nyttast i kvar enkelt sak som blir behandla.

Som hovudregel skal representantar frå styret og leiaren av valkomiteen vere til stades på generalforsamlinga. Det er vanlegvis styreleiaren som blir vald til ordstyrar på generalforsamlinga, men styret skal leggje til rette for at det er mogleg å velje ein uavhengig ordstyrar.

I 2020 blei den ordinære generalforsamlinga halden 12. mai og 68,46 prosent av aksjonærane var representerte. Selskapet følgde prosedyrane som er skildra ovanfor i 2020, men grunna Covid-19-situasjonen vart aksjeeigarane oppmoda om å røyste elektronisk og ikkje møte fysisk i generalforsamlinga. Protokollen frå generalforsamlinga er gjort tilgjengeleg på nettsidene til selskapet og offentleggjord via børsmelding etter at generalforsamlinga er gjennomført.

7. Valkomité

Selskapet har vedtektsfesta at det skal ha valkomité, jf. § 6 i vedtekten. Medlemmene skal anten vere aksjonærar eller handle på vegner av aksjonærane.

Det er utarbeidd retningslinjer for oppgåvane til valkomiteen, samansetjing og kriterium. Retningslinjene blei fastsette av generalforsamlinga 7. juli 2017.

Generalforsamlinga vel leiaren av valkomiteen. Medlemmene i komiteen blir valde for to år og kan bli attvalde éin gong. Medlemmane av valkomiteen skal vere uavhengige av styret i selskapet og leiande tilsette, og dei skal sørge for at interessene til aksjonærfellesskapet blir tekne hand om. Leiaren av valkomiteen blir vald av generalforsamlinga, og honoraret for valkomiteen blir fastsett av generalforsamlinga.

Oppgåvane til valkomiteen er å føreslå kandidatar for val til styret og å gje rettleiing om honorar for medlemmer av styret, underutvalet og valkomiteen. Alle forslag til kandidatar skal vere grunngjevne enkeltvis. Innstillinga skal omfatte relevant informasjon om kandidatane og ei vurdering av om dei er uavhengige av leiinga og styret i selskapet. Forsлага skal vere forankra hos dei største aksjonærane i selskapet. Alle aksjonærar kan føreslå kandidatar.

Innstillinga frå valkomiteen til generalforsamlinga blir gjord tilgjengeleg for styret fire veker før generalforsamlinga. Innstillingane skal oppfylle dei krava til samansetning av styre som til kvar tid måtte følgje av lovgeving og aktuelt regelverk.

Per 31. desember 2020 hadde valkomiteen desse medlemmene: Anders Tallerås (leiar) og Nina Skage. Medlemmene blei attvalde for ein ny toårsperiode i mai 2019. Begge medlemmene er uavhengige av styret og den daglege leiinga i selskapet.

8. Samansetning av styret og det uavhengige styret

Styret i Fjord1 skal i samsvar med § 5 i vedtekten til selskapet ha mellom fem og ni medlemmer. Styreleieren og dei aksjonærvalde styremedlemmene blir valde av generalforsamlinga basert på innstillinga frå valkomiteen. Medlemmene i styret blir oppmoda om å eige aksjar i selskapet.

Styret i Fjord1 er samansett ut frå selskapet sitt behov for kompetanse, kapasitet og mangfald. Dei tilsette i verksemda skal vere representerte i styret med to styremedlemmer og to observatørar i samsvar med den gjeldande avtalen. Styret skal vere sett saman slik at ein sikrar at det kan handle uavhengig av særinteresser, og skal fungere effektivt som eit kollegialt organ til beste for aksjonærfellesskapet.

Ingen aksjonærvalde styremedlemmer er involverte i den daglege leiinga. Kor uavhengige styremedlemmene er, blir vurdert ut frå kriterium i retningslinjer. Ingen av dei aksjonærvalde medlemmene av styret er tilsette i eller har utført arbeid for Fjord1.

Styret har fem aksjonærvalde medlemmer.

Vegard Sævik og Per Sævik er to av fire eigarar av hovudaksjonærane Havilafjord AS og Havilafjord Holding AS, gjennom holdingselskapet Havila Holding AS. Havila Holding AS eig 40,35 prosent av aksjane i Havyard Group ASA, som igjen eig 100 prosent av Havyard Ship Technology AS. Havyard Ship Technology AS er leverandør av ei rekke fartøy til selskapet. Vegard Sævik og Per Sævik er dermed ikkje rekna som uavhengige av hovudaksjonærane og dei viktigaste forretningskontaktane til selskapet.

Reuben Munger er grunnleggjar og leiande partnar i Vision Ridge Partners, LLC. Eit fond som er forvalta av Vision Ridge Partners, har gitt finansiering til Havilafjord Holding AS i samband med at sistnemnde kjøpte aksjar i Fjord1. Vision Ridge Partners eig, saman med Havilafjord AS og i forpliktande samarbeid, 88,81 prosent av aksjane i Fjord1. Reuben Munger er dermed ikkje rekna som uavhengig av hovudaksjonærane. Reuben Munger har ingen avtalar, forretningar eller uformelle ordningar med Havyard Ship Technology AS eller andre viktige forretningskontaktar i selskapet og er rekna som uavhengig av viktige forretningskontaktar.

Siri Hatland og Birthe Cecilie Lepsøe er begge rekna som uavhengige av hovudaksjonærane og dei viktigaste forretningskontaktane til selskapet.

Dermed er to av dei aksjonærvalde styremedlemmene uavhengig av hovudaksjonærane i selskapet, og tre av dei fem aksjonærvalde medlemmene av styret er uavhengige av dei viktigaste forretningskontaktane til selskapet.

14. mai 2020 blei det kunngjort at Perestroika AS hadde avtalt eit sal av sine aksjar i Fjord1 ASA til Havilafjord Holding 2 AS. Etter oppkjøpet kontrollerer Havila gjennom Havilafjord AS, Havilafjord Holding AS og Havilafjord Holding 2 AS 84,96 millionar aksjar, som utgjer 84,96 prosent av aksjekapitalen i Fjord1 ASA. Dette oppkjøpet vart finansiert av Vision Rigde Partners. Havila og Vision Rigde kontrollerer til saman 88,8 prosent av aksjekapitalen i selskapet. Styret må vere medvitne om og ta omsyn til interessene til minoritetseigarane når majoritetseigaren no har auka sin eigarpark i selskapet.

Til saman blei det halde 8 ordinære og 2 ekstraordinære styremøte i selskapet i 2020. Ekstraordinære styremøte blir vanlegvis haldne i samband med anbodsprosessar.

Tabellen nedanfor gjev ei oversikt over dei aksjonærvalde styremedlemmene i Fjord1, i kva grad dei er uavhengige, og kva periode dei er valde for:

Name	Role	Consider independent of main shareholders	Consider independent of material business contracts	Served since	Term expires	Participation in Board meetings 2020	Shares in Fjord1 (direct/indirect)
Vegard Sævik	Chair	No	No	2018	2022	7	*
Per Sævik	Member	No	No	2019	2021	8	*
Siri Hatland	Member	Yes	Yes	2018	2022	8	-
Birthe Cecilie Lepsø	Member	Yes	Yes	2020	2021	8	
Reuben Munger	Member	No	Yes	2020	2021	6	
Atle Olav Trollebø	Member	Yes	Yes	2019	2021	8	1 400
Terje Hals	Member	Yes	Yes	2019	2021	8	-
Thomas Rakstang	Observer	Yes	Yes	2019	2021	8	-
Daniel Nedrelid	Observer	Yes	Yes	2019	2021	8	457
Hege Sævik Rabben	Substitue	No	No	2019	2022	1	*
Bjørn Sørli	Substitue	Yes	Yes	2019	2021	0	290
Anne-Mone Strandmann	Substitue	Yes	Yes	2019	2021	0	
Reidar Tangen	Substitue	Yes	Yes	2019	2021	0	624
Karl-Andreas Grinde Pedersen	Substitue	Yes	Yes	2019	2021	0	318
Ole Kjell Eidem	Substitue	Yes	Yes	2019	2021	0	624
Anders Gjestad	Substitue	Yes	Yes	2019	2021	0	-
							3 713

9. Arbeidet til styret

Styret er valt av aksjonærane og har det overordna ansvaret for forvaltninga av konsernet og for å føre tilsyn med den daglege drifta. Styreleiaren skal sørge for at styrearbeidet blir utført på effektivt og korrekt vis.

Allmennaksjelova regulerer oppgåvene og pliktene til styret, mellom anna ansvaret for å sørge for forsvarleg organisering av aktiviteten i selskapet. I tillegg har styret vedteke ein styreinstruks som mellom anna omfattar retningslinjer for saksbehandling og ei tydeleg ansvarsfordeling mellom styret og administrerande direktør, inkludert det ansvaret direktøren har overfor styret. Denne instruksen blir revidert årleg.

Styreinstruksen krev at kvar enkelt styremedlem objektivt og kontinuerleg vurderer om vedkomande har interesser som kan verke inn på dei sakene styret skal vurdere. Føremålet med denne praksisen er å sikre at forretningsavgjerdene til styret blir tekne på uavhengig grunnlag. Dersom ein styremedlem eller ein som sit i leiinga, må reknast som inhabil i ei bestemt avgjerd, skal ikkje han eller ho ta del i avgjerdssprosessen. Dette gjeld også for styreleiaren.

Styret gjer ei årleg evaluering av oppnådde resultat og kompetanse, og denne evalueringa blir lagd fram for valkomiteen. Evalueringa tek føre seg styrearbeidet, arbeidet i utval og bidraget frå dei enkelte styremedlemmene. Denne typen evaluering blei sist gjennomført i 2021.

REVISJONSUTVALET

Revisjonsutvalet er valt av styret og er sett saman av tre av styremedlemmene. Minst éin av medlemmene bør ha erfaring frå rekneskap, økonomileiing eller revisjon. Størstedelen av revisjonsutvalet skal vere uavhengige styremedlemmer. Revisoren til selskapet deltek i møte når utvalet ber om det.

Revisjonsutvalet er eit førebuande og rådgjevande utval for styret. Hovudoppgåvene til revisjonsutvalet er å

- førebu styreoppfølginga av rekneskapsrapportersprosessen
- overvake systema for internkontroll og risikostyring
- halde kontakt med den valde revisoren for føretaket om revisjonen av årsrekneskapen
- vurdere og overvake sjølvstendet og objektiviteten til revisoren overfor føretaket, inkludert i kva grad andre tenester enn revisjon som er levert av revisor, utgjer ein trussel mot sjølvstendet og objektiviteten til revisoren overfor føretaket

Medlemmene av revisjonsutvalet er Vegard Sævik, Siri Hatland og Birthe Cecilie Lepsøe. Vegard Sævik er leiar av revisjonsutvalet. Birthe Cecilie Lepsøe blei vald 24. februar 2020. Birthe Cecilie Lepsøe og Siri Hatland er uavhengige medlemmer. Det blei gjennomført 5 møte i revisjonsutvalet i 2020, og utvalet heldt jamleg kontakt med revisoren til selskapet om revisjon av rekneskapen.

KOMPENSASJONSUTVAL FOR STYRET

Prinsipp og strategiar for godtgjering til leiinga i selskapet blir fastsette av styret. Styret har vurdert behovet for eit kompensasjonsutval, men konkludert med at slike saker kan behandlast av styret.

Ei oversikt over godtgjering til leiinga i 2020 er å finne i note 19 til årsrekneskapen.

10. Risikostyring og internkontroll

Styret er ansvarleg for at selskapet har eigna system for risikostyring og internkontroll. Desse systema skal bidra til effektiv risikostyring for drift og økonomi, inkludert relevant rapportering i samsvar med lovgjevinga. Styret vurderer risikostyring og internkontroll i selskapet årleg, vanlegvis i samband med det årlege strategimøtet.

Systema for internkontroll og risikostyring skildrar roller og ansvar, prosessar og prosedyrar, verktøy og dokumentasjon, og standardar, inkludert vurdering av verdiskaping for aksjonærane, dei tilsette og samfunnet. Selskapet har mellom anna etablert interne prosedyrar som skal sikre omfattande og påliteleg rapportering om økonomiske og driftsmessige resultat. Som ein del av kontrollen med driftsresultat og risiko har selskapet eit system for prosjektgjennomføring som omfattar overvaking av prosjektrisikoar for å kunne drive effektiv risikostyring og sikre god planlegging, styring, gjennomføring og økonomisk oppfølging av prosjekt, til dømes nybygg.

Konsernrekneskapen til Fjord1 blir avgjort etter det IFRS-regelverket som gjeld. Styret får periodiske rapportar om dei økonomiske resultata til selskapet og ei skildring av status for dei viktigaste enkeltprosjekta i konsernet. I tillegg blir det utarbeidd kvartalsvise økonomirapportar som blir vedtekne av styret i forkant av kvartalsrapporteringa. Revisor deltek på møte med revisjonsutvalet og i styremøte ved framlegging av førebels årsrekneskap.

Selskapet har etablert varslingsrutinar, slik at dei tilsette kan varsle anonymt om situasjonar der det blir handla ulovleg eller uetisk.

I årsmeldinga frå styret er dei største risikofaktorane for selskapet skildra.

11. Godtgjering til styret

Generalforsamlinga fastset årleg honorar til medlemmene i styret etter innstilling frå valkomiteen. Honoraret skal reflektere ansvar, kompetanse, tidsbruk og kompleksiteten i selskapet. Medlemmene av underutvalet får eit tilleggshonorar. Godtgjeringa av styret er ikkje resultatavhengig, og det blir ikkje skrive ut opsjonar til styremedlemmene. Styret i selskapet fekk i 2020 ei samla godtgjering på 2 millionar kroner. Fleire detaljar om godtgjeringa til styret er å finne i note 19 i årsrekneskapen for 2020.

Som hovudregel har ingen av styremedlemmene oppgåver for selskapet utover styrevervet. Om dei skulle ha det, skal heile styret vere opplyst om dette. Godtgjeringa for slike ekstraoppgåver skal vedtakast av styret. I 2020 har ingen av dei aksjonærvalde medlemmene av styret hatt oppgåver for selskapet utover styrevervet.

12. Godtgjering til leiande tilsette

Føremålet med godtgjeringa til leiinga er delvis å sikre at leiande tilsette blir verande i selskapet, og delvis å sikre ein sterk resultatkultur som skaper verdiar for aksjonærane over tid.

Styret utarbeidde og følgde retningslinjer for godtgjering av leiande tilsette i 2020. Retningslinjene blei gjorde kjende på generalforsamlinga 12. mai 2020, som ein del av sak 6, «Handsaming av styret si erklæring om fastsetjing av løn og annan godtgjersle til leiande tilsette i selskapet». Fråsegna om fastsetjing av løn og anna godtgjersle blei gjord tilgjengeleg for alle aksjonærar før generalforsamlinga på nettsidene til selskapet. Retningslinjene i denne fråsegna skilde tydeleg mellom kva for retningslinjer som var rådgjevande, og kva for nokre som var bindande. Generalforsamlinga 12. mai 2020 vedtok både dei rådgjevande og bindande retningslinjene.

Godtgjeringa til leiande tilsette er sett saman av ei fast grunnløn og vanlege pensjons- og forsikringsordningar, ei variabel løn og eit insentivsystem. Den variable godtgjeringa er ein bonus som er basert på oppnåing av individuelle mål. Den maksimale bonusen er fastsett til seks månaders grunnløn.

Detaljar om godtgjering av leiande tilsette er å finne i note 19 til årsrekneskapen.

13. Informasjon og kommunikasjon

Retningslinjene for investorkontakt er baserte på IR-tilrådinga frå Oslo Børs, som sist blei oppdatert i juli 2019. Open og presis kommunikasjon til rett tid om økonomisk og annan relevant informasjon er hovudprinsippa i kommunikasjonen til selskapet, i tillegg til likebehandling av investorar. Styret har vedteke retningslinjer for investorkontakt som skal rettleie kommunikasjon med og aktivitetar retta mot investorane.

Hovudføremålet med formidling av økonomisk informasjon er å vise fram dei langsigktige måla og potensialet til selskapet, inkludert strategiar, verdiskapande element og viktige risikofaktorar. Alle viktige dokument, til dømes årsrapportar, kvartalsrapportar og viktige nyheter, blir publiserte gjennom børsmeldingar på Oslo Børs. Informasjonen er også tilgjengeleg på nettsidene til selskapet. Informasjonen blir publisert på norsk og engelsk. Kvartalsrapportane blir vanlegvis presenterte av administrerande direktør på kunngjeringsdagen – på eit ope og offentleg arrangement, i tråd med tilrådinga frå Oslo Børs.

Selskapet har kontinuerleg dialog med investorar og analytikarar på konferansar og andre arrangement. Før kvar kvartalsrapportering har selskapet ein «stilleperiode» på 30 dagar. I denne perioden er selskapsleiinga ikkje tilgjengeleg for diskusjon med investorar og analytikarar. Administrerande direktør og økonomi- og finansdirektøren er kontaktpersonane for investorar og analytikarar.

14. Selskapsovertaking

I vedtekten til selskapet er det inga avgrensing når det gjeld kjøp av aksjar i selskapet. Styret skal i eventuelle oppkjøpssituasjonar bidra til at aksjeeigarane i selskapet blir likebehandla, og til at verksemda til konsernet ikkje blir unødig forstyrra i den daglege drifta. Styret skal bidra til at aksjeeigarane har god nok informasjon og tid til å kunne ta stilling til eit oppkjøpstilbod. I tilfelle det blir sett fram bod på overtaking av aksjane i selskapet, skal styret uttale seg med ei vurdering av bodet og ei rettleiing til aksjeeigarane om dei bør akseptere bodet eller ikkje.

Styret bør i denne vurderinga mellom anna ta omsyn til korleis eit eventuelt oppkjøp vil verke inn på den langsigktige verdiskapinga i selskapet, i samsvar med tilrådinga for eigarstyring og selskapsleiing.

15. Revisor

Den eksterne revisoren til selskapet, PwC, er vald av generalforsamlinga og er uavhengig av selskapet.

Styret sørger for at revisoren skildrar hovudtrekka i planen for gjennomføring av revisjonsarbeidet, og denne planen blir delt med revisjonsutvalet ein gong i året. Vidare skal revisoren delta i styremøte der årsrekneskapen blir behandla. Revisoren skal minst éin gong i året gå gjennom interne kontrollsistem i Fjord1 med revisjonsutvalet, inkludert synlege svakheiter og forslag til forbetringer.

Revisoren har minst éin gong i året møte med styret utan at leiinga i selskapet er til stades. Revisoren skal årleg stadfeste skriftleg til styret at dei fastsette krava til sjølvstendet til revisoren er oppfylte.

Styret orienterer generalforsamlinga om honorar til revisor fordelt på revisjon og andre tenester utover revisjon. Selskapet skal vurdere slike andre tenester frå sak til sak for å sikre sjølvstende.

Som ein samfunnskritisk aktør har Fjord1 levert trygg og ansvarleg drift, samtidig som ein har ivareteke sikkerheita til tilsette, kundar og samarbeidspartnarar.





Covid-19

- Redusert trafikkvolum
- Smitteverntiltak
- Catering
- God handtering



COVID-19

Fjord1 har følgd utviklinga av situasjonen knytt til Covid-19 tett, og har til ei kvar tid retta seg etter dei nasjonale retningslinene frå myndighetene. Selskapet sin høgste prioritet er å ivareta sikkerheit og helse, både for tilsette og passasjerar.

I starten av 2020 etablerte Fjord1 ei arbeidsgruppe som har arbeidd med handtering av koronasituasjonen på selskapet sine vegner. Denne gruppa var operativ frå februar, og var såleis aktiv før myndighetene stengde ned store delar av samfunnet i mars. Arbeidsgruppa har hatt møte kvar veke og/eller ved behov gjennom heile 2020.

Gjennom god dialog med oppdragsgjevarar, omfattande smitteverntiltak og omstillingssvilje hos tilsette, har selskapet i all hovudsak unngått negative konsekvensar av kritisk betyding. Likevel er det ingen tvil om at handteringen av situasjonen har vore både utfordrande, lærerik og ressurskrevjande. Dei omfattande smitteverntiltaka påverka også framdrifta hos samarbeidspartar og leverandørar. Dette medførte forseinka leveransar av fleire nybygg, og forseinka elektrifiseringa av ei rekke ferjesamband.

I administrasjonen har fleire tilsette vore på heimekontor gjennom året. Dette har vore i samsvar med den lokale og/eller nasjonale situasjonen undervegs, i tillegg til den enkelte tilsette si vurdering knytt til å eventuelt vere i risikogruppe. Ved hovudkontoret i Florø og ved kontoret i Molde har majoriteten av dei tilsette møtt på kontoret gjennom heile 2020, medan tilsette ved kontoret i Bergen har vore på heimekontor i lengre periodar av 2020.

Når det gjeld kantineordninga og andre faglege og sosiale arrangement ved dei tre kontora, har Fjord1 retta seg etter gjeldande tilrådingar og påbod frå myndighetene.

I ei tid prega av hyppige og uventa endringar, har evna til å prioritere, avgjere og samarbeide med oppdragsgjevarar vore viktigare enn nokon gong. I etterkant er det Fjord1 si vurdering at ein har lukkast med dette i fellesskap. Tiltaka som vart innførte på fartøya støtta dei nasjonale smitteverntiltaka og sikra samtidig eit føreseieleg og stabilt rutetilbod for dei reisande.

REDUSERT TRAFIKKVOLUM

Kort tid etter nedstenging av samfunnet i mars forsvann store delar av trafikkgrunnlaget på dei fleste sambanda. Størst var reduksjonen på samband med lite næringstrafikk, høg turistdel og mange fritidsreisande. På svært mange samband vart trafikken meir enn halvert dei første månadane etter nedstenginga.

Ettersom dei aller fleste av driftskontraktane er bruttokontraktar, er risikoien for inntektstap primært knytt til catering og turistsegmentet. Risikoien gjeld også nokre få samband der Fjord1 framleis sit på risikoien for billettinntektnene, såkalla nettokontraktar.

Ei kompensasjonsordning for samband på nettokontraktar vart forhandla fram i løpet av året.

Det store bortfallet av reisande medførte at fleire oppdragsgjevarar vurderte det som nødvendig og føremålstenleg å kansellere ein betydeleg del av den kontraktfesta ruteproduksjonen.

Kanselleringane tok slutt på ulike tidspunkt i løpet av våren og drifta vart teke opp igjen ved utgangen av juni.

SMITTEVERNTILTAK

Det har i heile perioden vore viktig for Fjord1 å bidra til godt smittevern om bord i alle fartøy. Fjord1 bestemte difor, i samråd med oppdragsgjevar, raskt å stenge ned dei betente kioskane, stoppe salet via sjølvbetente kassar, oppfordre dei reisande om å sitte i køyretøya,

utplassere smitteverninformasjon, utstyre fartøya med handsprit, auke reinhaldet, fjerne lufttørkarar, avvikle bruken av kontrollkort, og utvikle og ta i bruk ny teknologi for billettering av køyretøy gjennom bruk av skiltgjenkjennung.

CATERING

Når samfunnet stengde ned i midten av mars, stengde Fjord1 alle betente og ubetente kioskar. Selskapet permitterte dei aller fleste av dei tilsette i kioskane, i tillegg til sals- og kampanjeansvarlege.

Fjord1 starta ei gradvis gjenopning av dei sjølvbetente kioskane frå slutten av april. Frå midten av mai opna ein også gradvis dei betente kioskane. Alle dei betente kioskane fekk montert opp ekstra glasbeskyttelse mellom betening og kunde, og ein innførte ekstra skjerpa

reinhaldsrutinar i kiosk- og passasjerområda, som førebyggjande Covid-19 rutinar.

Omsetnaden når ein opna opp kioskane i slutten av april var beskjeden, men tok seg gradvis opp mot ein god juli månad då mange i Noreg var på ferie i eige land. Då skulane starta opp att i midten av august forsvann mange reisande og omsetnaden gjekk ned.

GOD HANDTERING

Som ein samfunnskritisk aktør har Fjord1 levert trygg og ansvarleg drift, samtidig som ein har ivaretake sikkerheita til tilsette, kundar og samarbeidspartnarar. Fjord1 har

ei sterk økonomisk ryggrad med ein brei kontraktsportefølje, noko som bidreg til stø kurs, utvikling og vekst i ei elles utfordrande tid.



Selskapet legg stor vekt på å vidareutvikle beredskapen ved uønskte hendingar.



Sikkerheit og beredskap

- Sikkerheitsstyringssystem
- Beredskap
- Helsefremjande arbeidsmiljø

SIKKERHEIT OG BEREDSKAP

Sikkerheit står sentralt i Fjord1, og selskapet har gjennom 2020 lagt vekt på å halde fram med å styrke sikkerheitskulturen gjennom både barrieretenking og endring av haldningar. Samspelet mellom prosedyrar og teknologi skal hindre at tekniske eller menneskelege feil får utilsikta konsekvensar.

I 2020 starta Fjord1 eit prosjekt som er kalla «Sikkerheitsløftet». Målet er å skape einsretta handlingar og etterleving av systemet.

Sikkerheitsstyringssystem

Fjord1 har eit levande og strukturert sikkerheitsstyringssystem som er sertifisert i samsvar med ISM krava. Her legg ein vekt på utvikling gjennom risikostyring. Dette gjev selskapet grunnlag for korrigerande tiltak, forbetringar og læring av hendingar. Systemet er med på å sikre gode og tenlege rutinar for ei sikker drift av fartøya, for å unngå gjentaking av hendingar og betre ferdighetene til personell på sjø og land.

Systemet er eit verkemiddel for at Fjord1 gjennom rutinar og prosedyrar skal nå måla for helse,

miljø og sikkerheit (HMS). Selskapet registrerer og målar utviklinga når det gjeld skadar og hendingar, og målinga vert nytta til å setje i verk tiltak for å redusere ulykker. På alle fartøy er det automatiske overvakings- og varslingssystem.

Fjord1 arbeider målretta med å få redusert talet på hendingar ettersom vi har hatt ein liten auke frå føregåande år. Sikkerheit har alltid førsteprioritet i selskapet, og dette sikrar ein ved å etterleve prosedyrar og system for barrieretenking.

Beredskap

Fjord1 er pliktig til å arrangere beredskapsøvingar på land og på fartøy, i tillegg til å delta på nasjonale og lokale beredskapsøvingar. Dette gjer ein for at personellet om bord og beredskapsorganisasjonen på land skal verte betre rusta til å handtere ein beredskapsituasjon. At selskapet gjer seg tilgjengeleg og spelar ei aktiv rolle i slike øvingar, bidreg til å styrke beredskapen lokalt og nasjonalt.

Fjord1 ønskjer å ha ein effektiv beredskapsorganisasjon for å handtere hendingar om dei skulle oppstå. Selskapet legg stor vekt på å vidareutvikle beredskapen ved uønskte hendingar.

Føremålet med beredskapsgruppa er å sikre støtte for fartøy som er i ein naudssituasjon, for å avgrense skadar på liv, miljø og materiell.

Beredskapsgruppa i Fjord1 gjennomfører jamleg øvingar med tilhøyrande evaluering. Dette gjer gruppa for å vere best mogleg førebudd til å handtere ulike situasjoner. Øvingane byggjer på realistiske scenario med vekt på samspelet mellom beredskapsgruppa, fartøya og redningstenesta. Ein viktig del av treninga er også øving på handtering av pårørande og media.



HELSEFREMJANDE ARBEIDSMILJØ


Med fokus på sikkerheit og eit systematisk og målretta arbeid knytt til helse skal ein førebyggje skadar og sjukdom hos medarbeidarane.

Ingen skal verte sjuke av å arbeide i Fjord1, og selskapet har som overordna mål å unngå all form for arbeidsrelatert fråvær. Oppfølging og tilrettelegging er difor ein viktig del av kvarldagen.

Inkluderande og inspirerende arbeidsmiljø prega av gjensidig respekt og likeverd er viktig. I Fjord1 er det nulltoleranse for trakassering og negativ oppførsel som kan oppfattast som trugande eller nedverdigande. Selskapet jobbar aktivt

for å skape eit inkluderande og inspirerande arbeidsmiljø som er basert på gjensidig respekt og likeverd.

Arbeidet med å redusere sjukefråværet er ein kontinuerleg prosess som krev målretta arbeid også i åra som kjem. I 2020 ser ein at fråværet har hatt ei negativ utvikling og årsakene er mange og samansette. Satsingsområdet vidare vil vere førebyggjande arbeid, tilrettelegging og oppfølging.



Fjord1 har vunne ni langsiktige
anbod som alle har strenge miljøkrav knytt
til energiforbruk.



Ny teknologi og miljø

- Anbodskontraktar med miljøkrav
- Ny teknologi i 2020
- Nybygg og ombyggingar
- Ladeanlegg
- Energisertifisering ISO500001:2018
- Berekraft
- Utvikling og nye oppgåver
- Innføring av AutoPASS



ANBODSKONTRAKTAR MED MILJØKRAV

Fjord1 er i full gong med elektrifiseringa av ferjedrifta. Dette er ei reise som starta med eit historisk vedtak i Stortinget i 2015, som sette krav til bruk av nullutsleppsteknologi i framtidige offentlege ferje- og hurtigbåtanbod. Fylkeskommunane og Statens vegvesen la dette til grunn i dei mange anboda som kom ut i perioden etter og la med dette grunnen for den rivande utviklinga av nullutsleppsteknologi og implementering av el-drivne fartøy i ferjenæringa.

Fjord1 har vunne ni langsiktige anbod som alle har strenge miljøkrav knytt til energiforbruk, utslepp av CO₂ og NOx, samt kor mykje av energiforbruket som må dekkast av straum. Dette har resultert i den største flåtefornyingen i selskapet si historie. I tillegg til å byggje nye fartøy har selskapet ansvar for å byggje ladeanlegg på kaiane der fartøya går. Selskapet har hatt ein svært hektisk periode frå 2017 og fram til i dag med å mellom anna utvikle løysingar, byggje fartøy, arbeide med infrastruktur på kaiane knytt til nye ladeanlegg, og til å ta i bruk ny teknologi.

Desse kontraktane med miljøkrav har endra Fjord1, på alle nivå, delar og ledd. Det er gjort organisatoriske tilpassingar for å delta i konkurransar om nye kontraktar, og for å realisere og drive dei anboda selskapet vert tildelt. Det er gjort grep i forhold til kunnskap, system og datafangst. Heilelektriske fartøy fordrar at det vert installert ladeinfrastruktur på land, og med desse anlegga har nye aktørar vorte relevante for drift av ferjer.

Det er ikkje ny teknologi eller organisatoriske grep som er viktigast, men den tilsette - medarbeidaren. Med Fjord1 sin portefølje med miljøkontraktar, er det sikker og stabil drift med elektrisitet som energiberar som er nøkkelen til å klare forpliktingane.



NY TEKNOLOGI I 2020

Dei nye ferjene brukar straum som energikjelde, og denne vert lagra i store batteripakkar om bord. Energien som vert brukt på turen vert bunkra ved kailigge under lossing og lasting av ferja. Ladesystema som står på kaien er kopla opp til straumnettet som forsyner fartøya med energi. Effekten kan vere svært høg under ladinga, og for å forsyne anlegga med naudsynt effekt har selskapet på mange kaiar fått oppgradert straumnettet.

Fjord1 har for dei tildelte ferjekontraktane valt eit fartøykonsept der ferjene kan gå heilelektrisk og alternativt operere uavhengig av om ein har straum frå land eller ikkje. Dette er redundante system som gjer at fartøya likevel vil utføre normal ruteproduksjon dersom elektrisk kraft frå nettet skulle falle bort. Dette betyr likevel ikkje at Fjord1 kan velje å nytte seg av andre energikjelder enn elektrisk kraft frå nettet, når denne er tilgjengeleg.

NYBYGG OG OMBYGGINGAR

Når MF Stangvikfjord vart levert i tredje kvartal, markerte det samtidig slutten på flåtefornyingsprogrammet for 2017–2020. Totalt er 25 nye batteri-hybrid ferjer leverte og setje i drift sidan desember 2017. I tillegg har selskapet gjennomført større ombyggingsar til elektrisk drift på fem fartøy.

I 2020 har selskapet hatt levering av i alt sju ferjer. MF Florøy og MF Sildafjord vart leverte frå Sefineverftet i Tyrkia og trafikkerer høvesvis Ranavik-Skjersholmane og Gjermundshamn-Årsnes. MF Grip vart levert frå Cemre verft i Tyrkia og trafikkerer Seivika-Tømmervåg saman med sisterskipet MF Tustna.

Havyard Ship Technology i Leirvik i Sogn, som leverte fire fartøy til selskapet i 2020, inngjekk gjeldsforhandlingar i februar. Dette medførte at ferdigstilling av dei fire siste fartøya vart utfordrande, og Covid-19 pandemien medførte ein ytterlegare komplikasjon. Fire fartøy vart levert i perioden mars til august. MF Bømlafjord trafikkerer Langevåg–Buavåg. MF Møringen og MF Smøla trafikkerer Edøya–Sandvika, og MF Stangvikfjord trafikkerer Kvanne–Rykkjem.

Tre av LNG fartøya i «Moldefjord-serien» skal byggjast om til full el-hybrid for å trafikkere Halsa–Kanestraum. Westcon Yards i Florø vart tildelt kontrakten. MF Romsdalsfjord og MF Korsfjord vart ferdige i 2020, og MF Moldefjord vart ferdig i starten av 2021.

Ladeanlegg

Ei elektrisk ferje krev lading, og som ein del av anboda vert operatør gjort ansvarleg for å utvikle, byggje og drifte ladeanlegg til ferjene. Dette

er noko heilt nytt, og Fjord1 har hatt ei bratt lærekurve i design og bygging av ladeanlegga. Ladeanlegga er tilpassa fartøya som trafikkerer sambandet, og sjølve ladeprosessen skjer automatisk når den er initiert frå fartøyet. Anlegga har eit ladetårn som står på kaien nær ferja, og eit teknisk bygg som rommar kraftelektronikk og eventuelle batteri dersom det ikkje er nok effekt i straumnettet. Kommunikasjon mellom fartøy og anlegg skjer trådlause, og ladetida er tilpassa rutetabellen.

I dei fylkeskommunale kontraktane overtek fylket eigarskapen til ladeanlegg til pris avtalt i kontrakten. Fjord1 er ansvarleg for drift og vedlikehald gjennom kontraktsperioden.

Ved utgangen av 2020 er 24 ladeanlegg i drift, og ytterlegare 15 anlegg vart sette i drift i byrjinga av 2021. Med dette er Fjord1 leiande på drift av elektriske ferjer og tilhøyrande ladeanlegg.

ENERGISERTIFISERING ISO500001:2018


Fjord1 sitt energileiingssystem vart i mars 2020 sertifisert i samsvar med ISO 50001:2018, av DNV-GL.

ISO-standarden hjelper selskapet til å setje opp energileiingssystem på ein føremålstenleg

måte. Den inneholder krav og tips til prosess og prosedyrar, basert på over 20 års erfaring med leiingssystemet. Kjernen i systemet er 'kontinuerleg forbetring', der ein heile tida lærer meir og siktar høgare mot lågare utslepp.

SEEMP

SEEMP (Ship Energy Efficiency Management Plan) er ein lovpålagt plan som alle større skip skal ha. Fjord1 har ein eigen plan – tilpassa fartøya og deira operasjonsmønster. Dette er ein sentral del av arbeidet med å auke merksemda rundt energiforbruk og for å redusere utsleppa. Her vert tiltak og moglegheiter registrerte for å drifte meir energieffektivt. Nokre av gjengangarane er til dømes rett transit hastigkeit, rett trim og godt vedlikehald av hjelpesystem.





BEREKRAFT

Dei prioriterte hovudområda for berekraft i Fjord1 gjeld berekraftig bruk av ressursar, godt arbeidsmiljø og god forretningsetikk. Miljømessige, økonomiske og sosiale faktorar er ein del av verksemda til Fjord1, og inngår i alle delar av den daglege drifta av selskapet.


Fjord1 har integrert berekraftsmåla til FN som ein del av den overordna strategien. I 2019 gjennomførte selskapet ei kartlegging av dei

mest aktuelle berekraftsmåla der vidare arbeid og moglegheit for å utgjere ein skilnad er størst. Fjord1 står i spissen for utviklinga av miljøvennleg turisme og ferjedrift på og rundt fjordane på Vestlandet og elles i Noreg.

I 2020 har hovudfokuset vore å ferdigstille elektrifiseringa av flåten og Fjord1 vil halde fram langtidsstrategien om å vere best på miljøvennleg transport i åra som kjem.



Fjord1 vil halde fram med å være ein viktig bidragsyter til å nå FN sine berekraftsmål.
Selskapet har sett seg ut desse berekraftsmåla:



Gjennom å sikre krav i høve til inngåing av større innkjøpsavtalar og gjennom å tenke lokalt og langsiktig i innkjøpspraksis nasjonalt.



Gjennom å bidra til innovasjon med eigne initiativ, investere i nye løysingar, teste nye energiformer og investere i infrastruktur lokalt.




Ved å redusere forbruk av fossile energikjelder, redusere/stoppe miljøøydelegging, redusere matsvinn og gjennomføre berekraftige anskaffingar.



Gjennom å auke tal miljøvennlege ferjer og redusere selskapet sitt totale utslepp av klimagassar.



Gjennom å redusere unødvendig utslepp og påverknad av lokale økosystem, samt legge til rette for at avfall ikkje havnar i havet.



Ved å samarbeide for innovasjon og utvikling av nye løysingar på tvers av ulike aktørar.

UTVIKLING OG NYE OPPGÅVER

Fjord1 er ein kompetansearbeidsplass både på landsida og sjøsida, og ein har eit breitt spekter av stillingskategoriar i selskapet. Rammevilkår i nye anbodskontraktar og teknologiutvikling krev tiltak for å styrke kompetansen og utvikle organisasjonen i tråd med nye krav, både for selskapet som heilskap og for kvar enkelt tilsett.

Fjord1 ser stadig etter nye medarbeidarar med relevant kompetanse i arbeidsmarknaden, særleg

til administrative stillingar innanfor teknologi, innovasjon og miljø. Selskapet ser det også som viktig å ha fokus på å utvikle og tilføre ny kompetanse hos dagens tilsette. Fjord1 arbeider etter prinsippet «tiltrekke - behalde - utvikle», og har eit konstant fokus på korleis ein kan verte endå betre. Eit viktig punkt her er tilrettelegging og oppfordring til intern rekruttering på tvers av selskapet.

Nye tilsette og mange moglegheiter

Som følgje av at Fjord1 har starta opp ei rekke nye samband, har selskapet fått inn fleire hundre nye medarbeidarar gjennom verksemどsoverdragning.

I 2020 tilsette Fjord1 totalt 12 nye medarbeidarar i faste stillingar i administrasjonen. Fem av desse var leiarstillingar, og av desse vart fire tilsette rekruttert internt frå Fjord1. Det gjev mykje god kompetanse på tvers i selskapet.

I 2020 har Fjord1 utvikla eit digitalt onboardingprogram for alle nye tilsette i selskapet som er tilgjengeleg i «Fjord1 skolen» (Fjord1 skolen er ein intern kursbase).

Selskapet har over tid arbeidd målretta med å utvikle leiarar og medarbeidarar på alle nivå i organisasjonen, og i 2020 starta Fjord1 på ein ny runde med leiarutvikling for alle leiarar i administrasjonen.

Lærebedrift

Fjord1 har til ei kvar tid ei rekke opplæringsstillingar innanfor matros- og motormannfaget. I 2020 har Fjord1 hatt 65 lærlingar, og i løpet av året hadde totalt 91 lærlingar lærepllass i selskapet. I tillegg har ein hatt totalt 18 kadettar under opplæring.

Lærlingar og kadettar er viktige for Fjord1, som skal vere ein god plass for opplæring i det maritime yrket. Fjord1 har dei siste åra òg hatt lærlingar innan IKT-faget i administrasjonen. Fjord1 er ein aktiv deltakar i traineeprogrammet til Framtidsfylket – Karriere i Vestland. I 2020 tok

selskapet inn to traineear innan fagfelte økonomi og teknologi. Ordninga er ein del av selskapet sin langsigktige rekrutteringsstrategi, og nokre av selskapet sine nøkkelressursar i dag, starta sin karriere i Fjord1 via traineeprogrammet.

Fjord1 har eit godt samarbeid med ulike maritime fagskular, og har god erfaring med å ta imot skuleelevar til utplassering på fartøya. På bakgrunn av koronasituasjonen måtte selskapet leggje avgrensinger på denne praksisen i 2020.



Fagansvarleg for billettering i Fjord1, Lars Inge Myklebust har bidrege sterkt til utviklinga av dagens Autopass-løysing



INNFØRING AV AUTOPASS

Fjord1 har arbeidd med utviklinga av AutoPASS som betalingsløysing sidan 2018, og 1. januar 2020 var AutoPASS på plass som ei permanent betalingsløysing på alle sambanda i dei nye kontraktane «Hordaland Rutepakke 1» og «Hordaland Rutepakke 2» i Vestland fylke. Dei 11 sambanda som utgjer desse to rutepakkane var dermed dei første ferjesambanda i landet med ei permanent AutoPASS-løysing.

Drygt to månadar seinare, 15. mars, vart den manuelle billetteringa stoppa som eit

smitteverntiltak knytt til Covid-19. Som einaste aktør i næringa, stod Fjord1 klare med ei billetteringsløysing som resten av ferjenæringa tok i bruk kort tid etter.

Trass i at AutoPASS vart hasteinnført på alle samband under spesielle omstende og med berre ein mellombels dispensasjon frå myndighetene til grunn, held Fjord1 fram med vidareutvikling og forbetningsprosessar, slik at løysinga kan fungere på permanent basis.

Som einaste aktør i næringa, stod Fjord1 klare med ei billetteringsløysing som resten av ferjenæringa tok i bruk kort tid etter nedstenginga av landet.



I 2020 var Fjord1 sine CO₂-utslepp
redusert med 7% samanlikna
med 2019





Statistikk og tal

- HMS-mål og resultat 2020
- Kvinnedel og lærlingar
- Statistikk og grafar

HMS-MÅL OG RESULTAT 2020



FRÅVÆRSSKADAR

PR. MILLION ARBEIDSTIMAR

MÅLTAL: 3
RESULTAT: 5,52



SJUKEFRÅVÆR

MÅLT I PROSENT

MÅLTAL: 4,9
RESULTAT: 7,02



PASSASJERSKADAR

PR. MILLION FRAKTA PASSASJERAR

MÅLTAL: 0,3
RESULTAT: 0,33



KONTAKTSKADAR

PR 100.000 ANLØP

MÅLTAL: 0
RESULTAT: 1,06



FORUREINING

MÅLT I HENDINGAR

MÅLTAL: 0
RESULTAT: 6



RUSKONTROLLAR

ANTAL UMERDE RUSKONTROLLAR

MÅLTAL: 0
RESULTAT: 0



KUNDEKLAGER

PER 100 000 PASSASJERAR

MÅLTAL: 3,9
RESULTAT: 5,8



KVINNEDEL OG LÆRLINGAR


Kvinnedelen i 2020

- Kvinnedel på land totalt: 37,1% (av 124 stillingar er det 46 kvinner).
- Kvinnedel på sjø totalt: 10% (av 974 stillingar er det 94 kvinner)
- Kvinnedel i leiande stillingar sjø (kaptein, maskinsjef, overstyrmann): 3% (av 570 stillingar er det 19 kvinner)
- Kvinnedel i leiande stillingar land (mellomleiar og toppleiar): 28% (av 32 stillingar er 9 kvinner i leiande stillingar)
- 2 kvinner i styret (av totalt 7 styremedlem)


Lærlingar i 2020

- Første halvår 2020: 65 lærlingar (10 kvinnlege lærlingar og 2 kvinnlege kadettar)
- Andre halvår 2020: 93 lærlingar (8 kvinnlege lærlingar og 2 kvinnlege kadettar)


Tal fråværskadar pr. million arbeidstimar




Sjukefråvær målt i prosent




Tal kontaktskadar pr 100.000 anløp




Forureining målt i hendingar




Tal positive funn ved umelde ruskontrollar





Tal passasjerskadar pr. million frakta passasjerar





Tal ferjer etter primær energikjelde









Årsmelding og rekneskap

- Årsmelding frå styret 2020
- Om selskapet - innleiing
- Driftsgjennomgang
- Revidert årsrekneskap
- Aksjeeigarinformasjon
- Risiko og usikkerheitsfaktorar
- Hendingar etter dato for balanserekneskapen
- Framtidsutsikter
- Konsernrekneskap 2020
- Selskapsrekneskap 2020
- Erklæring frå styret og dagleg leiar
- Melding frå uavhengig revisor

OM SELSKAPET – INNLEIING

Visjonen til Fjord1 ASA er å vere den tryggaste og mest attraktive tilbydaren av miljøvennleg ferje- og passasjerbåttransport for kundar, oppdragsgjevarar og andre samarbeidspartnarar.

Verdiane til Fjord1 er *godt humør, open og ærleg, påliteleg og held det vi lovar, lønnsam, stolt, samhandling og teamånd*. Desse verdiane speglar selskapet og måten ein driv verksemda, og vert nytta som eit styringsverktøy for alle tilsette i daglege oppgåver internt og eksternt. Verdiane er valde av dei tilsette og forankra på alle nivå i selskapet.

Verdiane viser veg slik at selskapet arbeider for å nå seks hovudmål:

- vere best på miljøvennleg transport
- gje eigarane stabil god avkasting på investeringane
- halde løfta overfor kundar, samarbeidspartnarar og andre
- behandle tilsette på ein god måte slik at også eksterne personar ønskjer å arbeide i selskapet
- vere ein føretrekt samarbeidspartner
- ha solide finansielle resultat, sunn forretningsverksemd og kvalitet i alle prosessar

Fjord1 spelar ei viktig rolle i transportinfrastrukturen langs kysten i Noreg og bind lokalsamfunn saman med trygge, pålitelege og miljøvennlege transportløysingar. Frå 1. januar 2021 opererer selskapet 38 ferjesamband med cateringtenester på norske fjordar. Sambanda vert drifta av ein flåte på 80 ferjer, med ein høg og aukande del elektriske fartøy. Fjord1 tilbyr òg passasjerbåttenester og har eit veksande engasjement innan miljøvennleg turisme i Noreg. I 2020 transporterte Fjord1 totalt 16,025 millionar passasjerar og 8,948 millionar køyretøy.

Fjord1 har hovudkontor i Florø og avdelingskontor i Molde og Bergen.

Dei viktigaste prioriteringane til Fjord1 under Covid-19-pandemien har vore å sikre tryggleiken til dei tilsette, kundane og leverandørane, og å sørge for stabil drift. Selskapet har handla ansvarsfullt og i samsvar med nasjonale og lokale reglar og tilrådingar, og har vore i full drift for å kunne levere som forventa av ein leverandør av samfunnskritiske transporttenester.

Grunna reiserestriksjonar og smitteverntiltak i samband med Covid-19 pandemien har det vore nedgang i trafikkvolumet i 2020. Kontraktane er i hovudsak bruttokontrakter og dette har avgrensa dei økonomiske konsekvensane innan ferje- og passasjerbåtsegmenta. Inntektsbortfallet i cateringsegmentet har blitt følgd opp med kostnadsreduserande tiltak. Covid-19 pandemien har vore utfordrande for turistsegmentet og mange aktivitetar stengde i midten av mars. Segmentet har gjennom 2020 vore prega av låg kapasitetsutnyttinga som følgje av svikt i etterspørsel frå utanlandske turistar og nasjonale reiserestriksjonar.

I 2020 starta Fjord1 opp fleire nye ferjekontraktar, held fram med fullføring av flåtefornyingsprogrammet og vidare elektrifisering av flåten. Hybridelektriske ferjer utgjer no om lag 40 % av ferjeftålen, noko som gjer selskapet til eit av dei mest miljøvennlege ferjeverksemduene i verda.

Grunna kontraktstrukturane og porteføljen av langtidskontraktar på NOK 24,1 milliardar, har Fjord1 og datterselskapa (konsernet) hatt gode føresetnader for å navigere i den usikre marknaden i 2020. Konsernet rapporterte inntekter på NOK 3 118 millionar i 2020. Dette var 14 % høgare enn i 2019. EBITDA var på NOK 1 063 millionar, noko som svarar til ein EBITDA-margin på 34 %. Årsresultat var på NOK 163,5 millionar. Meir informasjon om dei økonomiske resultata i 2020 finst i den reviderte årsrekneskapen i denne rapporten og i den konsoliderte årsrekneskapen i årsrapporten.

DRIFTSGJENNOMGANG

Fjord1 konsernet har fire rapportsegment: Ferje, passasjerbåt, catering og turisme. Her kjem ein kort presentasjon av hovudsegmenta og hovudresultata. Meir informasjon finn du i note 3 i den konsoliderte årsregnskapet.

FERJE

Fjord1 held fram med å vere ein leiande aktør innan ferjedrift i Noreg, med ein marknadsandel på om lag 47%, målt i talet på transporterte personbileiningar. Per januar 2021 driftar selskapet samband i 15 ferjekontraktar, samanlikna med 14 kontraktar i 2019.

Auken i driftsinntekter i 2020 er hovudsakleg knytt til oppstarten av dei nye kontraktane Indre Sunnmøre, Romsdalspakken, Nordmørspakken, Hordaland Rutepakke 1 og Hordaland Rutepakke 2.

Nivået på ruteproduksjon i 2020 er regulert i avtalane med fylkeskommunane og Statens vegvesen. Covid-19 restriksjonar resulterte i lågare etterspurnad av ferjetenester. Talet på ferjeavgangar vart etter avtale med oppdragsgjevar mellombels redusert for nokre kontraktar i delar av 2020. Fjord1 beheldt dei kontraktsfesta inntektene, medan innsparingane kom oppdragsgjevarane til gode. Med bakgrunn i dette har dei økonomiske konsekvensane vore avgrensa i ferjesegmentet.

I andre kvartal vart Fjord1 tildelt ein ny tre-årskontrakt og selskapet starta 1. januar 2021 drift av sambandet Festvåg-Misten i Nordland. Selskapet har ein solid ferjekontraktsportefølje som er venta å generere føreseielege inntekter framover. Etter årsskiftet vart Fjord1 tildelt ein tiårskontrakt i Nord-Noreg med oppstart i 2022 for sambanda Drag-Kjøpsvik og Bognes-Skarberget i Nordland. På side 19 i årsrapporten er det ei oversikt over kontraktsporteføljen til selskapet ved utgangen av 2020.

MF Stangvikfjord vart i tredje kvartal levert som det siste av i alt 25 fartøy og markerte avslutning på flåtefornyingsprogrammet som har gått over dei siste fire åra.

Fjord1 har starta ombygging av tre fartøy frå LNG til hybridelektrisk drift. To av fartøya er levert, og etter planen skal det tredje leverast medio april 2021. Eit hybridelektrisk fartøy er under bygging i Tyrkia med forventa levering august 2021. Ved utgangen av 2020 har Fjord1 80 ferjer og flåten går gradvis over til låg- og nullutsleppsteknologi. Selskapet vil med dette redusere framtidige utslepp av CO₂ og NOx, og bidra til å redusere mijøavtrykket til Fjord1.

Ferjebransjen og Fjord1 bidreg til det teknologiske skiftet frå fossilt drivstoff til nullutslepp ved å introdusere batteriløysingar for ferjer i Noreg. Direkte utslepp og drivstoffkostnader vert reduserte etter kvart som nye og oppgraderte fartøy kjem i drift.

Ferje (NOK millionar)	2020	2019
Driftsinntekt	2 881	2 445
EBITDA	997	740
<i>EBITDA-margin</i>	34 %	30 %
EBIT	530	378
<i>EBIT-margin</i>	18 %	15 %

PASSASJERBÅATAR

I Sogn og Fjordane driv Fjord1 10 hurtigbåtruter med tre eigne fartøy og sju fartøy som er leigde på kontrakt ut april 2022. Selskapet eig 49 % av Partsrederiet Kystekspresen ANS, som driftar hurtigbåtrute frå Kristiansund til Trondheim, Brekstad til Trondheim og Vanvikan til Trondheim.

Den auka driftsinntekta i 2020 kjem i hovudsak av indeksregulerte kontraktsvilkår, noko som genererer betre resultat i både eiga drift og i tilknytte verksemder, samanlikna med året før.

Passasjerbåtar (NOK millionar)	2020	2019
Driftsinntekt	120	115
Tilknytte verksemder	6	2
EBITDA*	64	56
<i>EBITDA-margin**</i>	49 %	47 %
EBIT	13	2
<i>EBIT-margin**</i>	5 %	0 %

*EBITDA inkl. tilknytte verksemder

** Ekskl. tilknytte verksemder

CATERING

Cateringverksemda tilbyr cateringtenester til passasjerar som reiser med ferjer eller passasjerbåtar.

Inntektene i cateringsegmentet fall med 37 % i 2020. Dette skuldast eit redusert servicetilbod som følgje av Covid-19, med låge passasjertal i første halvår. Dei bemanna kafeteriaene var stengde gjennom nesten heile andre kvartal, men opna gradvis opp i løpet av sommaren. Dei sjølvbetente løysingane har fått ei sterkare rolle.

Selskapet har sett i verk fleire kostnadsreduserande tiltak for å kompensere for inntektsbortfall, og har lukkast med å justere bemanninga og kostnadsnivået. Dette har dempa dei økonomiske konsekvensane, men cateringverksemda hadde likevel eit lågare årsresultat enn i 2019.

Catering (NOK millionar)	2020	2019
Driftsinntekt	85	135
EBITDA	10	15
<i>EBITDA-margin</i>	12 %	11 %
EBIT	7	10
<i>EBIT-margin</i>	9 %	8 %

TURISME

Aktivitetane til Fjord1 i turistsegmentet blir utførte både gjennom heil- og deleigde verksemder, der tilknytte verksemder står for ein vesentleg del av den samla eksponeringa. Med eit hybridelektrisk og to heilelektriske fartøy står Fjord1 spissen for utviklinga av miljøvennleg turisme på og i fjordane på Vestlandet. Dei tre fartøya er tilknytta The Fjords, der Fjord1 har ein eigardel på 50 prosent. Ei oversikt over eigarforholda til konsernet står oppført i note 4 i den konsoliderte Årsrapporten.

Turistsegmentet vart i stor grad påverka av Covid-19 i 2020, med restriksjonar for både internasjonale og nasjonale reisande store delar av året. Verksemduene måtte stenge ned i midten av mars, og heldt i hovudsak stengd fram til juni. Sjølv om aktiviteten tok seg opp i juli, fall etterspurnaden etter sommarferien.

Dei økonomiske tapa gjennom året vart delvis kompenserte for gjennom statlege støtteordningar med formål å redusere konsekvensane av Covid-19 tiltaka.

Turisme (NOK millionar)	2020	2019	2018
Driftsinntekt	22	18	20
Tilknytte verksemder	(15)	0,4	16
EBITDA*	(16)	0,3	18
<i>EBITDA-margin</i>	i.m.	i.m.	i.m.
EBIT	(18)	(18)	14
<i>EBIT-margin</i>	i.m.	i.m.	i.m.

*EBITDA inkl. tilknytte verksemder. I og med at inntektene i segmentet først og fremst kjem frå tilknytte selskap, gir det lite mening å sjå på EBITDA- og EBIT-marginar

REVIDERT ÅRSREKNESKAP

ERKLÆRINGAR OM REVIDERT ÅRSREKNESKAP

Avsnitta nedanfor gir ei oversikt over resultata for konsernet og morselskapet i 2020, og styret meiner at rekneskapen gir ei rimeleg og korrekt framstilling av den økonomiske utviklinga og resultatet til konsernet og morselskapet i 2020 og den økonomiske stoda ved årsskiftet.

OPERATIV VERKSEMD

I samsvar med del 3-3 i rekneskapslova stadfestar styret at krava til framleis drift som operativ verksemd er møtt. Dette er basert på arbeidet med rekneskapen, prognosar og budsjett for 2021 og dei langsiktige framtidsprognosane til konsernet.

REVIDERT ÅRSREKNESKAP FOR KONSERNET (2019-tal i parentes)

RESULTATUTVIKLING

I 2020 hadde konsernet ei samla inntekt på NOK 3 118 millionar (NOK 2 724). EBITDA var NOK 1,063 millionar (NOK 818 millionar), noko som resulterte i ein EBITDA-margin på 34 % (30 %). EBIT var NOK 491 millionar (NOK 396 millionar). Årsresultatet var NOK 163 millionar (NOK 209 millionar).

Inntektsauken på 14 % samanlikna med 2019 var i tråd med målet til selskapet om ein inntektsauke på 10–15 %. Inntekta og resultata for året vart påverka av oppstarten av nye kontraktar 1. januar 2020. Dei samla driftskostnadene auka med 7 % i 2020. Dette er eit resultat av nye kontraktar med betre EBITDA-margin. Investering i elektrifisering av ferjedrifta har gitt høgare avskrivingar. Resultat før skatt (EBIT) auka med 24 % samanlikna med 2019.

Netto finanskostnader auka til NOK 284,5 millionar i 2020 (142,9), i hovudsak knytta til rentekostnader grunna investeringsprogrammet og negative bidrag frå den tilknytte verksemda WF Holding AS.

Fjord1 fekk eit overskot før skatt på NOK 207 millionar for 2020, samanlikna med NOK 253 millionar i 2019. Skattekostnaden var på NOK 43 millionar, noko som gav eit årsresultat på NOK 163 millionar for 2020. Til samanlikning var netto overskot i 2019 på NOK 209 millionar.

Resultat per aksje på ordinært og fullt utvatna grunnlag var NOK 1,63 i 2020, samanlikna med NOK 2,09 i 2019.

FINANSIELL STILLING

Ved utgangen av 2020 var dei samla eigedelane på NOK 10 339 millionar (NOK 9 240 millionar). Auke i anleggsmiddel er knytt investeringar i nye fartøy, ombyggingar og infrastruktur.

Samla eigenkapitaldel var 23 % (25 %) ved årsslutt. Eigenkapitalen vart auka med NOK 157 millionar til NOK 2 427 millionar (NOK 2 269 millionar).

Ved utgangen av året hadde konsernet langsiktig gjeld på NOK 5 893 millionar (NOK 4 912 millionar)

og kortsiktig gjeld på NOK 2 019 millionar (NOK 2 059 millionar). Auke i samla gjeld er ein konsekvens av investeringar i fartøy og infrastruktur der investeringar i hovudsak er finansiert med banklån. Netto renteberande gjeld vil bli redusert i 2021 gjennom betra kontantstraum, lågare investeringar og sal av infrastruktur. Meir informasjon i note 15 Lån.

Styret meiner den finansielle situasjonen til konsernet er tilfredsstillande.

KONTANTSTRAUM

I 2020 var kontantstraumen frå driftsaktivitetar på NOK 907 millionar (NOK 324 millionar), med auka kontantstraum grunna nye kontraktar og positive endringar i netto arbeidskapital.

Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar på NOK 1 435 millionar i 2020 (NOK 2 359 millionar), netto 235 millionar i samla NOx-kompensasjon vart motteken i løpet av året. Netto renteutgifter er forventa å falle i tråd med utviklinga i netto rentebærande gjeld. Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar var på NOK 446 millionar i 2020 (NOK 2 247 millionar), noko som i hovudsak skuldast lågare investeringsnivå samanlikna med året før. Selskapet planlegg for ein negativ kontantstraum frå finansiering i framtida, og kontantstraum frå drifta og oppgjer for sal av infrastruktur vil bli brukt til nedbetaling av gjeld.

Den totale nettoendringa i kontantar og kontantekvivalentar var minus NOK 82 millionar i 2020. Kontantar og kontantekvivalentar ved årsslutt var på NOK 402 millionar (NOK 484 millionar).

Styret meiner likviditeten til konsernet er tilfredsstillande.

REVIDERT ÅRSREKNESKAP FOR MORSELSKAPET (2019-tal i parentes)

RESULTATUTVIKLING

I 2020 var dei samla inntektene til morselskapet på NOK 3 116 milliardar (NOK 2 737 milliardar). EBIT var NOK 489 millionar (NOK 369 millionar). Årsresultat for året var NOK 208 millionar (NOK 240 millionar).

FINANSIELL STILLING

Ved utgangen av 2020 var dei samla egedelane på NOK 9 910 millionar (NOK 8 967 millionar). Auke i anleggsmiddel er knytt investeringar i nye fartøy, ombyggingar og infrastruktur.

Den samla eigenkapitalen til morselskapet var på NOK 2 266 millionar (NOK 2 059 millionar). Samla eigenkapitalandel er 23% (23,0 %) ved årsslutt.

Ved utgangen av året hadde morselskapet langsiktig gjeld på NOK 5 905 millionar (NOK 5 376), og kortsiktig gjeld på NOK 841 millionar (NOK 902 million).

Styret meiner at den finansielle situasjonen til morselskapet er tilfredsstillande.

KONTANTSTRAUM

I 2020 var netto kontantstraum frå driftsaktivitetar NOK 795 millionar (NOK 189 millionar). Netto kontantstraum brukt til investeringsaktivitetar var NOK 1 398 millionar (NOK 2 246 millionar). Netto kontantstraum brukt til finansieringsaktivitetar var NOK 510 millionar (NOK 2 323 millionar).

I 2020 var den samla netto endringa i kontantar og kontantekvivalentar negativ NOK 93 millionar. Kontantar og kontantekvivalentar ved årsslutt var NOK 373 millionar (NOK 465 millionar).

Styret meiner at likviditeten til morselskapet er tilfredsstillande.

ANDRE INVESTERINGAR

Fjord1 har ein eigardel på 34 % i WF Holding AS som eig 100% i Widerøe's Flyveselskap AS. Widerøe-konsernet sine aktivitetar er persontransport med fly, tekniske og bakketenester. Flyselskapet opererer 40 fly på meir enn 50 ruter i Norge og utlandet. Fjord1 sin del av resultatet blir klassifisert som bidrag frå tilknytte verksemder under finanspostar. Widerøe-konsernet er påverka av Covid-19 pandemien med reiserestriksjonar og smitteverntiltak. Dette medførte eit negativt bidrag på NOK 20,4 millionar i 2020 (-0,6).

UTBYTE

Den langsigtige verksemda til Fjord1 gir ein balansert, eigarvennleg og langsigtig utbytepolitikk.

Utbytepolitikken til selskapet er å betale utbyte av opptil 50 % av resultat etter skatt. Utbetaling av utbyte blir evaluert ut frå den finansielle stillinga til konsernet. Kapitalstrukturen til selskapet er tilpassa strategien og risikoprofilen til konsernet. Det er generalforsamlinga som tek avgjerder om utbetaling av utbyte, basert på eit framlegg frå styret.

FORDELING AV RESULTAT I MORSELSKAPET

I 2020 rapporterte morselskapet Fjord1 ASA ei inntekt på NOK 3 116 millionar (NOK 2 737 millionar). Driftsoverskotet var NOK 488 millionar (NOK 369 millionar), medan årsresultatet var NOK 208 millionar (NOK 240 millionar). Årsrekneskapen til morselskapet er inkludert i årsrapporten.

På grunn av Covid-19 og konsekvensane dette har fått for kapitalbinding i infrastruktur, utsett ferdigstilling og økonomisk oppgjer meiner styret det er klokt å utsetje utbytetilrådinga for 2020 inntil vidare. I mellomtida tilrår styret å setje av årsresultatet på 208 millionar kroner frå morselskapet til annan eigenkapital for å styrke likviditeten og balanserekneskapen.

SAMFUNNSANSVAR

Fjord1 legg vekt på samfunnsansvaret og lev opp til dette gjennom verdiane og dei etiske retningslinjene. Rapport om samfunnsansvar følger retningslinjene til Oslo Børs og del 3-3 i reknesakslova. Rapporten til Fjord1 ASA om samfunnsansvar er inkludert i årsrapporten til selskapet for 2020.

SIKKERHEIT

Visjonen til Fjord1 er å vere den tryggaste og mest attraktive tilbydaren av miljøvennleg ferje- og passasjerbåttransport for kundar, oppdragsgjevarar og andre samarbeidspartnarar. Visjonen danner grunnlaget for konsernet sine ambisjonar for sikkerheit. Konsernet har høge standardar og krav til sikkerheit, og desse blir tydeleg kommunisert gjennom selskapet sine prosedyrar, retningslinjer og mål.

Meir om sikkerheit i Årsrapporten på side 53.

MILJØVENNLEG

Visjonen til Fjord1 dannar grunnlaget for miljøambisjonane til konsernet som er å tilby den mest miljøvennlege transporten med ferje og passasjerbåt. Elektriske ferje utgjorde om lag 40 % av flåten ved utgangen av 2020, noko som gjer Fjord1 til eitt av dei mest miljøvennlege ferjeselskapene i verda. Konsernet forventar at overgangen til låg- og nullutsleppsteknologi held fram. Fjord1 overvakar nøyne utsleppa sine til sjø og luft. Verksemda til konsernet overheld miljølover og -forskrifter. Hovudkjelda til konsernet sine utslepp av drivhusgass er forbrenning av drivstoff. I dei nye kontraktane til Fjord1 stiller oppdragsgjevar krav til låg- eller nullutsleppsteknologi. Etterkvart som fartøya med låge eller ingen utslepp kjem i full drift, er det forventa at gjennomsnittlege utslepp per passasjer vil bli reduserte. I 2021 forventar selskapet at infrastrukturen for lading gradvis vert ferdigstilt. Då vil fleire av selskapet sine samband bli fullelektriske. Som det meste av elekrisiteten i Noreg, kjem elekrisiteten til fartøya frå fornybare kjelder. Konsernet forventar å halde fram med å oppgradere eksisterande fartøy til elektrisk drift.

MENNESKA

Dei tilsette er den viktigaste ressursen til konsernet. Ambisjonen til Fjord1 er å ha dei mest fornøgde tilsette i bransjen. Ved utgangen av 2020 hadde selskapet 1169 fulltidstilsette samanlikna med 1156 i 2019. Kulturen i Fjord1 bygger på desse verdiane: godt humør, open og ærleg, påliteleg og held det vi lovar, lønnsam, samhandling og teamånd, og stolt.

Trivsel er viktig for Fjord1 og det er systematisk fokus på og oppfølging av, helse og arbeidsmiljøet til dei tilsette. I 2020 var sjukefråværet på 7,6 %, samanlikna med 6,9 % året før. Konsernet vil fortsetje å følgje opp sjukefråværet tett, med mål om å snu utviklinga gjennom førebyggande aktivitetar, tilpassing av arbeidet og tett oppfølging av tilsette. Ei medarbeidarundersøking er planlagd i 2021.

Konsernet arbeider for å eit større mangfold, inkludert betre kjønnsbalanse. Delen av kvinnelege tilsette i administrasjonen var 37 % ved utgangen av 2020. Delen av kvinnelege tilsette om bord på fartøy var 10 % i 2020. Den låge delen av kvinnelege tilsette blir sett i samanheng med at færre kvinner vel ei maritim karriere. Konsernet har som mål at det ikkje skal vere forskjellsbehandling når det kjem til rekruttering, løn og utvikling, og er ein inkluderande arbeidsplass med ein eigen plan for inkluderande arbeidsliv. Målet til konsernet er at det ikkje skal vere noko form for diskriminering på arbeidsplassen.

EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING

Viser til delen om eigarstyring og selskapsleiing i Årsrapporten på side 37.

AKSJEEIGARINFORMASJON (2019-tal i parentes)

Fjord1 ASA hadde 100,0 millionar utskrivne aksjar 31. desember 2020, delt på 1 773 (3 724) aksjeeigarar. Fjord1 eigde 90 402 tilbakekjøpte aksjar. Dette er uendra sidan i fjar og svarar til 0,09 prosent av alle uteståande aksjar.

Dei 20 største aksjeeigarane kontrollerte 97,7 % (91,4 %) av det samla talet på utskrivne aksjar ved utgangen av året. Havila Holding AS, gjennom Havilafjord AS og Havilafjord Holding AS, representerte 85 % av den uteståande aksjekapitalen i Fjord1 ved årsslutt. Ei oppdatert liste over dei 20 største aksjeeigarane finst under «Investor Relations» på nettsida til Fjord1.

I 2020 varierte prisen på Fjord1-aksjen frå NOK 31,7 til NOK 46,5. Sluttpisen 31. desember var NOK 43,00, kontra NOK 36,60 ved utgangen av 2019.

Totalt 71,9 millionar aksjar, eller 71,9 % av heile den uteståande delen, vart kjøpt og sold i perioden. Aksjeomsetnaden var på totalt NOK 3 130 millionar dette året, med ein gjennomsnittleg dagleg omsetnad på om lag NOK 6,6 millionar.

RISIKO OG USIKKERHEITSFAKTORAR

Konsernet er utsett for ulike typar drifts-, økonomi- og marknadsrisiko, og desse vert overvaka og vurdert kontinuerleg. Dei offentlege tiltaka for å handtere Covid-19-pandemien, og dei forventa økonomiske konsekvensane av desse, har framheva risikoane for selskapet gjennom heile 2020.

Fjord1 har i denne situasjonen ivareteke tryggleiken til både tilsette og kundar og oppfylt ansvaret som leverandør av samfunnskritisk transportinfrastruktur. Selskapet har halde fram med normal drift, sjølv om omfanget av ferje- og passasjerbåttenestene har vore mellombels redusert etter ønskje frå dei offentlege oppdragsgjevarane. Dei langsiktige kontraktane med fylkeskommunane og Statens vegvesen er i hovudsak baserte på kapasitet og avgangar, snarare enn faktisk trafikkvolum. Dette inneber at inntektsstraumen i liten grad blir påverka av volumreduksjonen som dei noverande reiserestriksjonane medfører.

Tiltaka som regjeringa har vedteke for å bremse spreieninga av Covid-19 har også påverka framdrifta i landbaserte infrastrukturprosjekt som er nødvendige for å elektrifisere flåten. Eit døme er installasjonen av ladetårn på kaiane, som krev teknisk personell frå internasjonale leverandørar. Forseinkingane i arbeidet med å ferdigstille den elektrifiserte infrastrukturen inneber at også NOx-støtta for fartøya, dei offentlege infrastrukturbetalingane og den forventa innsparinga i drivstoffkostnader let vente på seg. Vidare restriksjonar kan føre til ytterlegare forseinkingar.

Som nemnt i Årsrapporten 2019, har Fjord1 også vore utsett for risiko knytt til leveransar av fartøy. Likevel fullførte selskapet flåtefornyingsprogrammet for 2017–2020 etter ei siste levering i august.

Investering i Flåtefornyingsprogrammet og landanlegg har medført store investeringar dei siste åra og auka netto renteberande gjeld. Sal av landanlegg og utbetaling av offentlege middel knytt til elektrifiseringsprosessen var venta å redusere den renteberande gjelda i 2020. Forseinkingar i denne

prosessen la press på minstekravet til eigenkapitaldel i selskapet sine bank- og finansieringsordningar, sjølv om både banken og obligasjonseigarane var samde i justeringar i låneavtalane som reduserte risikoen for avtalebrot. Netto renteberande gjeld vil bli redusert i 2021 gjennom betra kontantstraum, lågare investeringar og sal av landanlegg.

Verksemda i dei mindre catering- og turistsegmenta er hardt råka av Covid-19-situasjonen, men selskapet har i stor grad greidd å justere aktivitets- og kostnadsnivået til gjeldande etterspurnad i cateringsegmentet. Sjølv om verksemda i cateringsegmentet er venta å ta seg opp når restriksjonane blir oppheva, kan det hende ein vil sjå ei meir permanent endring i handlevanane til forbrukarane.

Utviklinga i turistsegmentet vil vidare avhenge av at reiserestriksjonane vert løfta både innanlands og utanlands, og at ein gradvis kjem tilbake til dei vande reisemönstera. Saman med felleskontrollerte og tilknytte selskap følgjer Fjord1 situasjonen nøyne, og forsøker å dempe dei negative effektane ved å tilpasse tilbodet for å rette det meir mot norsk målgruppe. Fjord1 kjenner seg trygg på dei langsigktige utsiktene til dei økovennde turismekonsepta.

Meir informasjon om risikostyringa til konsernet finst i note 12 Finansiell risikostyring og finanzielle instrument.

HENDINGAR ETTER DATO FOR BALANSEREKNESKAPEN

12. februar 2021 kunngjorde Fjord1 at selskapet hadde vunne kontrakten for å drifte dei to rutene Bognes-Skarberget og Drag-Kjøpsvik i Nordland. Kontrakten er for perioden 1. desember 2022 til 30. november 2032, med opsjon om forlenging med 18 månader.

FRAMTIDSUTSIKTER

Fjord1 trur at det også i framtida vil vere stort behov for trygg, miljøvennleg og påliteleg transport i kystregionane. Selskapet vurderer kontinuerleg nye anbod og andre mogelegheiter både i og utanfor Noreg. Fjord1 har ein sterk kontraktsportefølje ut 2033 verd NOK 24,1 milliardar – opsjonar og indeksregulering ikkje medrekna – som gir ei solid plattform for lønnsam vekst.

Det var venta at nye ferjeruter ville generere ein inntektsauke på 10–15 prosent i 2020 og selskapet avslutta året med ein inntektsauke på 14 prosent. Nye og oppgraderte fartøy førte også til forbetra EBITDA-marginar, medan tilsvarande høgare avskrivningar genererte stabile EBIT-marginar for heile 2020.

Det er venta ein meir moderat inntektsauke i 2021, der kostnadsforbetingar framleis er med på å oppretthalde driftsmarginane. Netto renteberande gjeld vil bli redusert som eit resultat av positiv kontantstraum frå driftsaktivitetar, lågare investeringar og sal av infrastrukturaktiva.

KONSERNREKNESKAP 2020

KONSOLIDERT KONSERNREKNESKAP

BELØP I NOK 1 000	NOTE	2020	2019
Salsinntekt	3	3 086 160	2 662 750
Anna driftsinntekt	3, 5	31 611	61 066
Sum driftsinntekt		3 117 771	2 723 816
Vare- og drivstoffkostnadar		(404 143)	(448 891)
Løn og sosiale kostnadar	7, 14, 19	(1 096 041)	(994 061)
Andre driftskostnadar	8	(545 615)	(465 568)
Sum driftskostnadar		(2 045 799)	(1 908 519)
Del av overskot/(tap) fra tilknytte verksemder	4	(9 026)	2 550
Driftsresultat før avskrivinger og nedskrivinger (EBITDA)		1 062 946	817 846
Ordinære avskrivinger	11, 16	(525 807)	(419 344)
Nedskriving	11	(48 935)	(67 717)
Attføring av tidlegare nedskriving	11	3 105	65 160
Sum avskrivinger og nedskrivinger		(571 637)	(421 901)
Driftsresultat (EBIT)		491 308	395 945
Del av overskot/(tap) fra andre tilknytte verksemder	4	(41 958)	26 629
Renteinntekt	12	2 514	2 616
Rentekostnad	12	(214 897)	(168 002)
Andre finanspostar, netto	8	(30 127)	(4 223)
Netto finansinntekter/(kostnadar)		(284 468)	(142 980)
Ordinært resultat før skatt		206 839	252 965
Skattekostnad på ordinært resultat	9	(43 374)	(43 861)
Årsresultat		163 466	209 104
Del av resultat:			
Eigarane av morselskap		162 985	208 608
Minoritetsinteresser		481	497
Resultat per aksje (NOK)*	10	1,63	2,09
Utvatna resultat per aksje (NOK)*	10	1,63	2,09

* Basert på vekta gjennomsnitt av utestående aksjar. Sjå note 10 og 13 for informasjon om resultat per aksje og aksjekapital.

ÅRSMELDING OG REKNESKAP

KONSOLIDERT OPPSTILLING AV TOTALRESULTAT

BELØP I NOK 1 000	NOTE	2020	2019
Årsresultat		163 466	209 104
Andre inntekter og kostnadar:			
Postar som kan verte omklassifert til resultatrekneskapen:			
Del av utvida resultat for tilknytt verksemde bokført ved bruk av eigenkapitalmetoden – etter skatt	4	(1 813)	-
Postar som ikke vert omklassifert til resultatrekneskapen:			
Del av utvida resultat for tilknytt verksemde bokført ved bruk av eigenkapitalmetoden – etter skatt	4	-	2 826
Estimatavvik i pensjonsforpliktingar - etter skatt	14	(4 300)	(744)
Sum		(6 113)	2 082
Sum andre inntekter og kostnadar etter skatt		(6 113)	2 082
Totalresultat		157 353	211 186
Del av resultat:			
Eigarane av morselskap		156 872	210 690
Minoritetsinteresser		481	497

KONSOLIDERT BALANSEOPPSTILLING

BELØP I NOK 1 000	NOTE	31.12.2020	31.12.2019
EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Utsett skattefordel	9	166 593	37 399
Fartøy og andre varige driftsmiddel	11	8 491 947	7 559 294
Bruksrettar	16	87 067	40 354
Investeringar i tilknytte verksemder	4	436 506	481 455
Andre langsiktige egedelar	12	4 895	4 671
Sum anleggsmiddel		9 187 008	8 123 174
Omlaupsmiddel			
Varer		20 204	22 457
Finansielle derivat	12	-	-
Kundefordringar	12	309 429	139 162
Andre kortsiktige fordringar	12	264 345	293 970
Bankinnskot, kontantar og liknande	12	401 836	484 081
		995 814	939 669
Egedelar for sal	11	156 340	177 372
Sum omlaupsmiddel		1 152 154	1 117 041
Sum egedelar		10 339 162	9 240 216
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital til eigarane av morselskap			
Aksjekapital	13	250 000	250 000
Overkurs		360 924	360 924
Eigne aksjar	13	(3 617)	(3 617)
Opptent eigenkapital		1 814 481	1 657 612
Sum eigenkapital til eigarane av morselskap		2 421 788	2 264 918
Minoritetsinteresser		5 226	4 745
Sum eigenkapital		2 427 014	2 269 663
Langsiktig gjeld			
Gjeld til kreditinstitusjonar	12, 15	4 747 106	4 179 391
Finansielle derivat	12	6 890	6 829
Langsiktige leigeforpliktingar	16	24 518	9 050
Pensjonsforpliktingar	14	32 289	13 104
Anna langsiktig gjeld	5	335 391	127 476
Utsett skatt	9	746 639	575 798
Sum langsiktig gjeld		5 892 832	4 911 649
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kreditinstitusjonar	12, 15	1 157 972	1 196 796
Finansielle derivat	12	1 175	1 274
Kortsiktige leigeforpliktingar	16	64 255	31 490
Leverandørgjeld	12	146 923	202 521
Betalbar skatt	9	617	664
Skuldige offentlege avgifter		102 128	107 186
Anna kortsiktig gjeld	12	546 245	518 973
Sum kortsiktig gjeld		2 019 315	2 058 904
Sum gjeld		7 912 148	6 970 553
Sum eigenkapital og gjeld		10 339 162	9 240 216

Styret i Fjord1 ASA

Florø, 30. mars 2021

Vegard Sævik
Styreleiar

Per Rolf Sævik
Styremedlem

Siri Hatland
Styremedlem

Birthe Cecilie Lepsøe
Styremedlem

Terje Hals
Styremedlem

Reuben Aguilar Samuels Munger
Styremedlem

Atle Olav Trollebø
Styremedlem

Dagfinn Neteland
Adm.dir.

KONSOLIDERT OPPSTILLING AV ENDRINGAR I EIGENKAPITALEN

Eigarane av morselskapet								
Beløp i NOK 1 000	Aksjekapital	Overkurs	Eigne aksjar*	Oppent eigenkapital	Sum	Minoritets-interesser	Sum eigenkapital	
Eigenkapital 01.01.2019	250 000	360 924	(2 079)	1 716 796	2 325 640	5 795	2 331 436	
Årsresultat	-	-	-	208 608	208 608	497	209 104	
Andre inntekter og kostnadar	-	-	-	2 082	2 082	-	2 082	
Utvila resultat	-	-	-	210 690	210 690	497	211 186	
Kjøp av eigne aksjar	-	-	(1 537)	-	(1 537)	-	(1 537)	
Utbetalt utbyte	-	-	-	(269 874)	(269 874)	(1 548)	(271 422)	
Andre bidrag til eigarar	-	-	-	-	-	-	-	
Transaksjonar med eigarar	-	-	(1 537)	(269 874)	(271 411)	(1 548)	(272 959)	
Eigenkapital 31.12.2019	250 000	360 924	(3 616)	1 657 612	2 264 919	4 745	2 269 663	
Eigekapital 01.01.2020	250 000	360 924	(3 616)	1 657 612	2 264 919	4 745	2 269 663	
Årsresultat	-	-	-	162 985	162 985	481	163 466	
Andre inntekter og kostnadar	-	-	-	(6 113)	(6 113)	-	(6 113)	
Utvila resultat	-	-	-	156 872	156 872	481	157 353	
Kjøp av eigne aksjar	-	-	-	-	-	-	-	
Utbetalt utbyte	-	-	-	-	-	-	-	
Andre bidrag til eigarar	-	-	-	-	-	-	-	
Transaksjonar med eigarar	-	-	-	-	-	-	-	
Eigenkapital 31.12.2020	250 000	360 924	(3 616)	1 814 481	2 421 788	5 226	2 427 014	

*Sjå note 13.

ÅRSMELDING OG REKNESKAP

KONSOLIDERT KONTANTSTRAUM

Beløp i NOK 1 000	Note	2020	2019
Kontantstraum frå verksemda			
Resultat før skatt		206 839	252 965
Korrigering av resultatpostar utan effekt på likviditeten:			
Avskrivningar og nedskrivningar	11, 16	571 637	421 901
Netto rentekostnadar		212 383	165 386
Endring i verkeleg verdi av finansielle instrument	12	(38)	28 703
Endring i pensjonsforpliktingar		19 184	(10 159)
Vinst/tap ved sal av eigedelar		2 826	(4 267)
Vinst/tap ved realisasjon av aksjar		-	(31 103)
Resultat frå investering i tilknytte verksemder		50 985	(29 178)
Arbeidskapitaljusteringar:			
Kundefordringar		(170 267)	(42 632)
Varer		2 253	1 641
Leverandørgjeld		(55 597)	(83 228)
Andre tidsavgrensingspostar		266 550	(125 883)
Kontantstraum generert frå verksemda			
Betalte renter		(201 311)	(149 448)
Innbetalte renter		2 514	2 616
Betalt skatt		(1 044)	(73 676)
Netto likviditetsendring frå verksemda			
Likvidar tilført/brukt på investeringar			
Investeringar i varige driftsmiddel	11	(1 427 915)	(2 399 132)
Utbetaling ved kjøp av aksjar og partar		(11 000)	(38 696)
Innbetaling av utbyte frå tilknytte verksemder		3 151	11 742
Innbetaling ved sal av varige driftsmiddel	11	1 298	63 153
Netto innbetaling/(utbetaling) frå langsiktige eigedelar		(225)	4 059
Netto likviditetsendring frå investeringar			
Likvidar tilført/brukt på finansiering			
Innbetaling frå lån	12	1 210 506	2 042 306
Nedbetaling av lån	12	(700 126)	(236 211)
Nedbetaling av leigeforpliktingar	16	(64 852)	(65 410)
Kjøp av eigne aksjar	13	-	(1 537)
Innbetaling frå kortsiktige lån	12	-	1 320 000
Nedbetaling av kortsiktige lån	12	-	(540 900)
Utbetalt utbyte		-	(271 422)
Netto likviditetsendring frå finansiering			
Netto endring i likvidar i året		(82 247)	211 589
Kontantar og bankinnskot per 01.01.			
Kontantar og bankinnskot per 31.12.		484 081	272 492
401 836			
484 081			

NOTE 1**REKNESKAPSPRINSIPP****GENERELL INFORMASJON**

Fjord1 ASA og tilhøyrande datterselskap (Konsernet) driftar passasjerferjer og andre passasjerbåtar i Noreg. Konsernet si kjerneverksemrd er konsentrert kring sjøtransport gjennom drifta av ferjer og ekspressbåtar, i tillegg til cateringverksemrd om bord i båtane. Fjord1 ASA er registrert og driv si verksemrd i Noreg, og er lista på Oslo Børs. Adressa til verksemda sitt hovud-kontor er Strandavegen 15, 6905 Florø, Noreg.

Denne konsoliderte konsernrekneskapen vart vedteke av styret den 30. mars 2021.

Den konsoliderte konsernrekneskapen er revidert.

GRUNNLAG FOR UTARBEIDING

Den konsoliderte konsernrekneskapen for Fjord1 ASA per 31. desember 2020, er utarbeida i samsvar med International Financial Reporting Standards (IFRS).

VIDARE DRIFT

Den konsoliderte konsernrekneskapen er utarbeida under føresetnad om vidare drift. Leiinga har vurdert all tilgjengeleg informasjon om framtida når dei har vurdert vidare drift, medrekna informasjon knytt til kontantstraum frå eksisterande ferjekontraktar og andre servicekontraktar, avdrag på gjeld og forpliktingar knytt til nybyggskontraktar. Prognosane har tatt høgde for forventa framtidig inntekt frå anlegg under utvikling. Basert på desse føresetnadane har leiinga ei fornuftig forventning om at konsernet har tilstrekkelege ressursar til å halde fram med verksemda i overskodeleg framtid.

GRUNNLAG FOR MÅLING

Rekneskapen har vorte utarbeida under prinsippet for historisk kost, med unntak av eideleiar for sal og derivat, som er målt til verkeleg verdi. Utarbeidingsa av rekneskapen i samsvar med IFRS krev bruk av enkelte vesentlege rekneskapsestimat. Det vert også kravd at leiinga nyttar si dømmekraft når ein legg til grunn konsernet sine rekneskapsprinsipp. I note 2 er det lagt fram ei oversikt over dei områda som i større grad krev bedømming og områda som er meir komplekse. Oversikta inkluderer også område der føresetnader og estimat er vesentlege for den konsoliderte konsernrekneskapen.

ENDRINGAR I REKNESKAPSPRINSIPP OG OPPLYSNINGAR

Konsernet har tatt i bruk dei følgjande standardane og endringane for første gang for rapporteringsperioden som byrja 1. januar 2020:

- Definisjon av vesentleg - Endring i IAS 1 og IAS 8
- Definisjon av ei bedrift - Endring i IFRS 3
- Renteindeksreform - Endring i IFRS 9, IAS 39 og IFRS 7
- Revidert konseptrammeverk for finansiell rapportering

Konsernet valte òg ta i bruk dei følgjande endringane tidleg:

- Årlege forbedringar av IFRS-standardane 2018-2020 syklus

Dei opplista endringane ovanfor hadde ikkje nokon påverknad på beløp innrekna i tidlegare periodar og er ikkje forventa å ha vesentleg påverknad på inneværande eller framtidige periodar.

PRINSIPP FOR KONSOLIDERING OG EIGENKAPITALMETODEN**Datterselskap**

(i) Datterselskap er definert som alle einingar (inkludert deltakarlikna selskap) som vert kontrollert av konsernet. Konsernet har kontroll over ei eining når ein har bestemmande påverknad, direkte eller indirekte, over den finansielle og operasjonelle styringa av eininga, og slik oppnår fordelar frå verksemda i eininga. Datterselskap vert inkludert i konsernrekneskapen frå det tidspunkt det vert oppnådd kontroll, og teke ut av konsernet på det tidspunktet ein mistar kontroll.

Kjøp av datterselskap vert rekneskapsført etter oppkjøpsmetoden.

Konserninterne transaksjonar, mellomverande og urealisert vinst på transaksjonar mellom konsernselskap vert eliminert. Urealiserte tap vert òg eliminert, om ikkje transaksjonen vert sett på som eit bevis på at eideleian som vert selv burde vere nedskrivne. Rekneskapsprinsipp hjå datterselskap vert omarbeidd i den grad dette er naudsynt for å oppnå samsvar med rekneskapsprinsipp i konsernrekneskapen.

Minoritetsinteressene sine delar av resultatet og eigenkapitalen er skilt ut i den konsoliderte rekneskapen, oversikta over totalresultatet, oversikta over endringar i eigenkapitalen og i den konsoliderte balanseoppstillinga.

(ii) Tilknytte verksemder

Tilknytte verksemder er verksemder der konsernet har betydeleg påverknad, men ikkje kontroll. Betydeleg kontroll er vanlegvis når konsernet har mellom 20% og 50% av stemmerettane. Investeringar i tilknytte verksemder er bokført etter eigenkapitalmetoden (sjå (iii) nedanfor), etter opphavelig å ha blitt bokført til anskaffingskostnad.

(iii) Eigenkapitalmetoden

Ved bruk av eigenkapitalmetoden vert felleskontrollerte verksemder opphaveleg innrekna til anskaffingskostnad. Deretter vert det balanseført beløpet regulert for å innrekne delen av resultat etter kjøpet, samt del av utvida resultat. Motteke utbytte frå datterselskap eller felleskontrollerte verksemder vert ført som reduksjon av den bokførte verdien av investeringa.

Når konsernet sin del av tap i ei felleskontrollert verksemd overstig balanseført beløp, inkludert andre langsiktige investeringar som i realiteten er ein del av konsernet si netto investering i verksemda, vert ikkje ytterlegare tap innrekna med mindre det er pådradd forpliktingar eller gjennomført utbetalingar på vegne av dei felles- kontrollerte verksemndene.

Urealisert vinst på transaksjonar mellom konsernet og konsernet sine felleskontrollerte verksemder vert eliminert i samsvar med eigardelen i verksemda. Urealiserte tap vert også eliminert med mindre transaksjonen gir bevis for eit verdifall på den overførte eigardelen. Rapporterte beløp frå felleskontrollerte verksemder vert omarbeidde om nødvendig for å sikre samanfall med rekneskaps- prinsippa til konsernet.

Bokført verdi av investeringar, bokført etter eigenkapital- metoden, vert testa for nedskriving, i samsvar med prinsipp skildra i avsnittet "nedskriving av egedelar".

(iv) Endring i eigarskap

Konsernet handsamar transaksjonar med ikkje- kontrollerande eigarar i datterselskap som ikkje fører til tap av kontroll som eigen- kapitaltransaksjonar. Skilnaden mellom verkeleg verdi av vederlaget og aksjane sin samhøvande del av balanseført verdi av netto egedelar i datterselskap vert ført mot konsolidert oppstilling av endringar i eigenkapitalen. Vinst eller tap ved sal til ikkje- kontrollerande eigarar vert ført tilsvarende mot konsolidert oppstilling av endringar i eigenkapitalen.

PRINSIPP FOR KONSOLIDERING OG EIGENKAPITALMETODEN

Når konsernet sluttar å konsolidere eller å bokføre etter eigenkapital- metoden som følgje av at ein ikkje lenger har kontroll, delt kontroll eller vesentleg påverknad, vert kvar attverande investering målt til verkeleg verdi og endringa i bokført verdi vert resultatført. Denne verkelege verdien vert sett på som anskaffingskost for seinare rekneskapsformål. Dersom det tidlegare har vore bokført andre vinstar eller tap knytt til investeringa, vert desse handsama som om konsernet hadde kvitta seg med dei aktuelle egedelane eller forpliktingane. Dette betyr at beløp som tidlegare har blitt ført mot utvida resultat vert omklassifisert og ført i den ordinære resultatrekneskapen.

Dersom eigardel i ei felleskontrollert verksemd eller ei tilknytt verksemd vert redusert, men delt kontroll eller vesentleg innverknad vert oppretthaldt, vert berre ein samhøvande del av beløp tidlegare ført mot utvida resultat omklassifisert og ført i den ordinære resultatrekneskapen.

SEGMENTRAPPORTERING

Driftssegment vert rapportert på same måte som ved intern rapportering til konsernet sin øvste slutningstakar. Konsernet sin øvste slutningstakar er definert som styret i Fjord1 ASA.

OMREKNING AV UTANLANDSK VALUTA

Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta

Element inkludert i rekneskapen til alle einingar i konsernet vert målt basert på valutaen i det primære økonomiske miljøet den aktuelle eininga opererer i (funksjonell valuta). Den konsoliderte konsern- rekneskapen vert utarbeida på norsk, og norske kroner er Fjord1 ASA sin funksjonelle valuta og presentasjonsvaluta.

Transaksjonar og balansar

Transaksjonar i utanlandsk valuta er omrekna til funksjonell valuta ved bruk av valutakurs på tidspunktet for transaksjonen. Vinst og tap ved oppgjeret av slike transaksjonar og frå omrekning av balansepostar i utanlandsk valuta ved periodeslutt, vert ført som finanspostar i den ordinære resultatrekneskapen. Dei vert utsett som reserve over utvida resultat om dei skriv seg til kvalifiserte kontantstraumssikringar og kvalifiserte netto investeringssikringar eller kan tilskrivast ein del av netto investering i ei utanlandsk verksemd. Vinst eller tap relatert til omrekning av lån frå kreditinstitusjonar vert ført som finanspostar i den ordinære resultatrekneskapen. Alle andre vinstar og tap som følgje av omrekning av utanlandsk valuta vert også ført i den ordinære resultatrekneskapen.

Ikkje-monetære postar som er verdsett til verkeleg verdi i utanlandsk valuta er omrekna ved bruk av valutakurs på det tidspunktet den verkelege verdien vart fastsett. Omrekningsdifferansar på egedelar og gjeld verdsett til verkeleg verdi er presentert som del av vinst eller tap på verkeleg verdi. Til dømes vert omrekningsdifferansar på ikkje- monetære egedelar og gjeld som aksjar verdsett til verkeleg verdi over resultatet presentert som vinst eller tap i den ordinære rekneskapen, medan omrekningsdifferansar på ikkje-monetære egedelar som aksjar klassifisert som holdt for sal er ført mot utvida resultat.

INNTEKTER

Inntekt vert rekneskapsført når kunden overtek kontrollen av vara eller tenesta og difor har moglegheit til å direkte bruke og få nytte av vara eller tenesta.

- i) Sal av varer: Ved sal frå catering service om bord i ferjene vert inntektene innrekna når vara er seld til kunden.
- ii) Sal av billettar: Billettinntekter vert innrekna når billetten er seld til kunden. For forskotsbetalte verdikort vert inntekta utsett og innrekna når korta vert brukt.
- (iii) Inntekt frå ferjekontraktar: Inntekt frå å drive ferjer og passasjerbåtar på vegne av det offentlege. Det eksisterer to typar kontraktar: - Bruttokontraktar: Konsernet mottek ein årleg indeksjustert fastpris. Beløpet konsernet får kvart år er avhengig av tal på planlagde reiser. Tal på reiser som er brukt som eit mål på progresjon. Indeksen er brukt til å justere ein transaksjonspris kompensert for prisendringar i inputfaktorar som er nødvendig for å drive fartøya. Variansen i transaksjonsprisar på grunn av at indeksen er allokkert til året som justeringar er relatert til. Dersom indeksen aukar gjennom ei kontraktsperiode vil inntekta dermed auke år etter år. Konsernet mottek månadlege/kvartalsvise tilskot frå det offentlege, medan billettinntekter frå passasjerar vert overført til det offentlege månadleg.

- Nettokontraktar: Konsernet har risikoen knytt til passasjervolum og mottek ein fast pris frå kunden i tillegg til inntekt frå sal av billettar til passasjerar. Den faste prisen frå det offentlege er gjeldande gjennom kontraktsperioden der tal på reisande vert brukt som mål på progresjon. Kontrakten vil vanlegvis ha same indeksjusteringar som kontrakten over. Billettinntektna er ein variabel komponent for transaksjonsprisen som blir rekna som inntekt på ei reise på reisebasis.

Konsernet har rett på kompensasjon for bortfall av inntekt som følgje av at kunden har innført nye takstsoner og rabattstrukturar utover det som vart lagt til grunn i anbodet for enkelte ferjekontraktar. Partane har ikkje fastsett endeleg nivå på kompensasjon. Kompensasjonen er vurdert å vere eit variabelt vederlag, der det mest sannsynlege beløpet for vederlag har vorte innrekna som inntekt i den konsoliderte rekneskapen. Eit variabelt vederlag er berre innrekna i den grad det er svært sannsynleg at det ikkje vil skje ei vesentleg reversering av den kumulative inntekta når usikkerheita knytt til vederlaget er avklart.

BETALBAR SKATT OG UTSETT INNTEKTSSKATT

Skattekostnaden i perioden består av perioden sin betalbare skatt basert på aktuell skattesats, justert for endringar i utsette skattefordelar og utsett skatt som følge av mellombelse skilnadar og unytta skattemessige underskot.

Skattekostnaden er berekna i samsvar med dei skattemessige lover og reglar som er fastsett, eller i hovudsak fastsett, på balansedagen av skattemyndigheten i dei landa der konsernet sine datterselskap og tilknytte verksemder opererer og genererer skattemessig inntekt. Leininga evaluerer skatteposisjonane i konsernet for kvar periode, med omsyn til situasjonar der gjeldande skattelover er gjenstand for fortolking, og avset for forventa skatteinntekter.

Det er berekna utsett skatt på alle mellombelse skilnadar mellom skattemessige og konsoliderte rekneskapsmessige verdiar på egedelar og gjeld, ved bruk av gjeldsmetoden. Likevel er det ikkje bokført utsett skatt dersom denne stammar frå den opphavelige verdsettinga av goodwill. Utsett skatt vert heller ikkje ført dersom den stammar frå opphavelig verdsetting av ein egedel eller ei forpliktning i ein transaksjon som ikkje er ei samanslåing, som på transaksjonstidspunktet korkje påverkar skattemessig eller rekneskapsmessig resultat. Utsett skatt/skattefordel er verdsett ved bruk av skattesatsar (og lover) som er vedtekne eller hovudsakleg vedtekne ved utgangen av rapporteringsperioden, og som det er forventa vil vere gjeldande når den utsette skattefordelen vert realisert eller den utsette skatten vert gjort opp.

Utsett skattefordel vert balanseført i den grad det er truleg at det vil oppstå framtidig skattbar inntekt, og at dei mellombelse skilnadane kan trekkjast frå denne inntekta.

LEIGEAVTALAR

Konsernet sine prinsipp knytt til leigeavtalar er skildra i note 16.

NEDSKRIVING AV EIGEDELAR

Goodwill og immaterielle egedelar med uavgrensa levetid vert ikkje avskrive og vert årleg testa for nedskriving. Testane skjer oftare dersom hendingar eller endringar i omstenda indikerer at det kan vere trøng for nedskriving.

Andre egedelar vert testa for nedskriving når omstenda indikerer at bokført verdi ikkje er høgare enn gjenvinnbart beløp. Tap knytt til nedskriving består av skilnaden mellom bokført beløp og gjenvinnbart beløp. Gjenvinnbart beløp er det høgste av ein egedel sin verkelege verdi med fråtrekk for kostnadar knytt til avhending av egedelen og bruksverdien av egedelen. For vurdering av nedskriving vert egedelar gruppert i dei minste kontantstraumgenererande einingane med identifiserbar kontantstraum som er uavhengig av kontantstraumar frå andre egedelar eller grupper av egedelar (KGE). For ikkje-finansielle egedelar utover goodwill som tidlegare har blitt nedskrivne, vert det kvart år gjennomført vurdering av om tidlegare nedskrivingar burde reverserast ved årsslutt.

BANKINNSKOT, KONTANTAR OG LIKNANDE

For presentasjonsføremål i kontantstraumsanalyesen, består bankinnskot og kontantar av kontantar, depositum i finansinstitusjonar, andre kortsiktige og høglikvide investeringar med opphaveleg løpetid på tre månadar eller mindre som straks kan omsettast til kjende kontantbeløp og som er utsett for uvesentleg risiko for verdiendring.

KUNDEFORDRINGAR

Kundefordringar vert opphaveleg verdsett til verkeleg verdi og seinare målt til amortisert kost ved bruk av effektiv rentes metode, med fråtrekk for provisjon for nedskriving. Sjå note 12 for ytterlegare informasjon om konsernet sine bokførte kundefordringar og kreditrisiko.

VARELAGER

Varelager er bokført til lågaste verdi av anskaffingskost og netto realisasjonsverdi. Kostnadar knytt til kjøp av varer er med fråtrekk av rabattar og avslag. Netto realisasjonsverdi er estimert pris ved sal under normal drift.

FINANSIELLE INSTRUMENT

Eit finansielt instrument er kontraktar som gir opphav til ein finansiell egedel i eit selskap og ei finansiell forplikting eller eit eigenkapitalinstrument i eit anna selskap.

(i) Finansielle egedelar

Klassifisering og måling

Finansielle egedelar vert klassifisert ved førstegongsinnrekning, og vidare målt til amortisert kost, verkeleg verdi gjennom anna utvida inntekt (OCI), eller verkeleg verdi over resultatet.

Klassifiseringa av finansielle egedelar er avhengig av dei finansielle egedelane sin kontantstraumkarakteristikk frå kontraktar og konsernet sin forretningsmodell som styrer desse. Med unntak av kundefordringar, som ikkje inneholder vesentleg finansieringskomponentar eller som konsernet vurderer som praktisk formålstenlege, vert dei finansielle egedelane i første omgang målt til verkeleg verdi med tillegg for transaksjonskostnadene. Kundefordringar som ikke inneholder ein vesentleg finansieringskomponent eller som konsernet vurderer som praktisk formålstenleg, målast til transaksjonsprisen som er fastsett i IFRS 15.

For at ein finansiell egedel skal klassifiserast og målast til amortisert kost eller verkeleg verdi gjennom OCI, må den gje opphav til ein kontantstraum som er "utelukkande utbetalingar av hovudstol og renter (SPPI)" på uteslåande hovudstol. Denne vurderinga er referert til som SPPI-testen og utførast på instrumentnivå.

Konsernet sin forretningsmodell for styring av finansielle egedelar refererer til korleis dei finansielle instrumenta vert forvalta for å generere kontantstraumar. Forretningsmodellen avgjer om kontantstraumar vil oppstå gjennom å samle kontraktsmessige kontantstraumar, selje finansielle egedelar eller begge delar.

Vidare måling

For vidare måling vert finansielle egedelar klassifisert i fire kategoriar:

- Finansielle egedelar til amortisert kost (gjeldsinstrument)
- Finansielle egedelar til verkeleg verdi over OCI med gjenvinning av akkumulerte vinstar og tap (gjeldsinstrument)
- Finansielle egedelar til verkeleg verdi over OCI utan gjenvinning av akkumulerte vinstar og tap ved frårekning (eigenkapitalinstrument)
- Finansielle egedelar til verkeleg verdi over resultatet

Finansielle egedelar målt til amortisert kost (gjeldsinstrument)

Konsernet mäter finansielle egedelar til amortisert kost dersom begge dei to følgjande kriteria er oppfylt:

- Finansiell egedel er haldt innanfor ein forretningsmodell med sikte på å halde finansielle egedelar for å samle kontraktsmessige kontantstraumar, og
- Vilkåra i kontrakten for den finansielle egedelen gjer opphav til spesifisertdataar for kontantstraumar som utelukkande er betalingar av hovudstol og renter på utestående hovudstol.

Finansielle egedelar til amortisert kost vert vidare målt gjennom bruk av effektiv rente (EIR)-metoden og er gjenstand for verdifall. Vinst og tap vert rekneskapsført når egedelen vert frårekna, modifisert eller nedskrivne.

Konsernet sine finansielle egedelar til amortisert kost inkluderer kundefordringar, lån til tilsette og andre langsiktige fordringar.

Finansielle egedelar til verkeleg verdi over resultatet

Finansielle egedelar til verkeleg verdi over resultatet inkluderer finansielle egedelar haldt for sal, finansielle egedelar som ved innrekning for første gong er målt til verkeleg verdi over resultatet, eller finansielle egedelar der måling til verkeleg verdi er obligatorisk. Finansielle egedelar vert klassifisert som haldt for sal dersom dei er kjøpt med hensikt om anten sal eller tilbakekjøp i nærmeste framtid. Derivat vert også klassifisert som haldt for sal med mindre dei er utpeika som effektive sikringsinstrument.

Finansielle egedelar med kontantstraumar som ikke utelukkande er betalingar av hovudstol og renter vert målt til verkeleg verdi over resultatet, uavhengig av forretningsmodell.

Finansielle egedelar til verkeleg verdi over resultatet vert rekneskapsført i balansen til verkeleg verdi med netto endringar i verkeleg verdi innrekna i resultatrekneskapen. Kategorien inkluderer derivat og eigenkapitalinstrument som konsernet ikke ugenkalleleg har valt å klassifisere til verkeleg verdi over OCI.

Frårekning

Ein finansiell egedel vert primært frårekna når rettigheitene til å få kontantstraumar frå egedelen er utgått eller når konsernet har overført alt av risiko og fordelar knytt til egedelen.

Nedskriving av finansielle egedelar

Konsernet innrekner ei avsetning for forventa kreditttap (ECL) for alle gjelds-instrument som ikke er haldt til verkeleg verdi over resultatet. ECL vert basert på skilnaden mellom kontraktfesta kontantstraumar i samsvar med kontrakt og alle kontantstraumar som konsernet forventar å få, diskontert med ei tilnærming av den opphavelege effektive renta. Dei forventa kontantstraumane inkluderer kontantstraum frå sal av sikringar eller andre kreditforbetringar som er integrert i vilkåra i kontrakten.

For kundefordringar og anleggsmidlar nyttar konsernet ei forenkla tilnærming for berekning av ECL. Konsernet sporar difor ikke endringar i kreditrisiko, men reknar heller ei avsetning for tap basert på livslang ECL ved kvar rapporteringsdato.

ii) Finansielle forpliktingar

Opphaveleg klassifisering og måling

Finansielle forpliktingar vert ved førstegongsinnrekning klassifisert som finansielle forpliktingar til verkeleg verdi over resultat, gjeld til kredit- institusjonar, leverandørgjeld eller som derivat utpeikt som sikringsinstrument i ei effektiv sikring når det er formålstenleg.

Alle finansielle forpliktingar vert opphaveleg innrekna til verkeleg verdi, og for renteberande gjeld og leverandørgjeld, med fratrekk for direkte transaksjonskostnad. Konsernet sine finansielle forpliktingar inkluderer leverandørgjeld og anna gjeld, renteberande gjeld inkludert kasse-kreditt og derivat.

Påfølgjande måling

Måling av finansielle forpliktingar er avhengig av klassifisering. Nedanfor følgjer ei skildring av desse:

- Finansielle forpliktingar til verkeleg verdi over resultatet
Finansielle forpliktingar til verkeleg verdi over resultatet inkluderer finansielle forpliktingar haldt for sal og finansielle forpliktingar som ved førstegongsinnrekning vart utpeikt til verkeleg verdi over resultatet.

Finansielle forpliktingar er klassifisert som heldt for sal dersom dei er skaffa med formål om gjenkjøp på kort sikt. Denne kategorien inkluderer også derivat inngått av konsernet som ikke er utpeikt som sikringsinstrument i sikringsforhold som definert i IFRS 9. Separate innebygde derivat klassifiserast også som heldt for sal med mindre dei er utpeikt som effektive sikringsinstrument.

Vinst eller tap på forpliktingar heldt for sal vert rekneskapsført i resultatrekneskapen. Finansielle forpliktingar som ved førstegongsinnrekning vart utpeikt til verkeleg verdi over resultatet dersom kriteria i IFRS 9 er oppfylt. Konsernet har ikke utpeikt nokon finansielle forpliktingar til verkeleg verdi over resultatet.

- Renteberande gjeld

Etter førstegongsinnrekning vert renteberande gjeld målt til amortisert kost ved bruk av EIR-metoden. Vinst eller tap vert rekneskapsført når forpliktinga vert frårekna, samt gjennom EIR-avskrivingsprosessen. Amortisert kost vert berekna ved å ta omsyn til eventuell rabatt eller premie på anskaffing og avgifter eller kostnadene som er integrert i EIR. EIR avskriving inngår som finanskostnad i resultatrekneskapen. For meir informasjon, sjå note 15.

Frårekning

Ei finansiell forplikting vert frårekna når plikta knytt til forpliktinga vert utløyst, kansellert eller forfell. Når ei eksisterande finansiell forplikting vert erstatta av ei anna frå den same utlånaren på andre vilkår, eller at vilkåra for eksisterande forplikting er vesentleg modifisert, vert den opphavelege forpliktinga fjerna og den nye vert innrekna som ei ny forplikting. Skilnaden i det bokførte beløpet vert rekneskapsført i resultatrekneskapen.

iii) Motrekning av finansielle instrument

Finansielle egedelar og finansielle forpliktingar vert motrekna og nettobeløp vert rapportert i den konsoliderte balansen dersom det eksisterer ein gjeldande rett til å betale dei innrekna beløpa og det er ein intensjon om å gjere opp beløpet netto, ved å realisere egedelane og forpliktingane på same tid.

DERIVAT OG SIKRINGSAKTIVITETAR

Derivat vert opphaveleg innrekna til verkeleg verdi på dato for inngåing av kontrakt og vert seinare målt til verkeleg verdi ved kvar periodeslutt. Rekneskaps- føring av endringar i verkeleg verdi i seinare periodar er avhengig av om derivatet er strukturert som eit sikringsinstrument, og om dette er tilfelle, av det sikra elementet sine ibuande eigenskapar. Konsernet har ingen øyremerka siktningar, då konsernet sine derivat ikkje kvalifiserer til sikringsbokføring.

Den fullstendige verkelege verdien av sikringsderivat er klassifisert som langsiktige egedelar eller forpliktingar når forfall for sikringsobjektet er meir enn 12 månadar fram i tid; den vert klassifisert som kortsiktig egedel eller forplikting når det sikra objektet forfall under 12 månadar fram i tid. Handelsderivat vert klassifisert som ein kortsiktig egedel eller forplikting.

VARIGE DRIFTSMIDDEL

Alle varige driftsmiddel er bokført til historisk kost med fråtrekk av nedskriving. Historisk kost inkluderer utgifter som skriv seg direkte til anskaffinga av driftsmiddelet. Kostnaden kan og omfatte overføring av vinst og tap på kvalifiserande kontantstraumsikring av utanlandsk valuta ved kjøp av varige driftsmiddel.

Ytterlegare kostnadene, dersom høveleg, aktiverast på driftsmiddelet eller innrekna som ein eigen egedel dersom det er sannsynleg at konsernet vil få ein straum av framtidige økonomiske fordelar knytt til egedelen og kostnaden kan målast på ein påliteleg måte. Den bokførte verdien av komponentar som utgjer ein sjølvstendig egedel vert tatt ut av balansen dersom den vert skifta ut. Anna vedlikehald og reparasjoner vert ført i resultatrekneskapen den perioden kostnadane vert pådratt.

Metodar for avskriving og levetid som vert nytta av konsernet er skildra i note 11.

Egedelen si attverande levetid vert vurdert, og dersom det er nødvendig, justert ved slutten av kvar rapporteringsperiode.

Ein egedel sin bokførte verdi vert nedskriven til attvinningsbeløp med ein gong dersom egedelen sin bokførte verdi er høgare enn det estimerte gjenvinningsbeløpet (note 11).

Vinst og tap ved avhending vert fastsett ved å samanlikne vederlag mot bokført beløp. Beløpet inngår i resultatrekneskapen. Når verdijusterte egedelar vert avhenda, er det konsernet sine retningslinjer at alle beløp knytt til den aktuelle egedelen som tidlegare er ført over utvida resultat, vert ført mot opptent eigenkapital.

EIGEDELAR HALDT FOR SAL

Konsernet klassifiserer egedelar som holdt for sal dersom det bokførte beløpet vil bli attvunne hovudsakleg gjennom ein salstransaksjon i staden for gjennom framleis bruk. Egedelar klassifisert som holdt for sal, målast til lågaste av balanseført verdi og verkeleg verdi med fråtrekk av salskostnadar. Kostnadene ved sal er inkrementelle kostnadar direkte knytt til avhending av ein egedel, eksklusiv finansieringskostnadar og skattekostnad.

LEVERANDØRGJELD OG ANNA GJELD

Desse beløpa gjeld forpliktingar som skriv seg til varer og tenester som er levert til konsernet før slutten av rekneskapsåret, men som ikkje er betalt. Beløpa er utan sikkerheit og vert normalt betalt innan 30 dagar frå innrekning. Leverandørgjeld og anna gjeld vert presentert som kortsiktig, med mindre dei forfall til betaling seinare enn 12 månadar etter rapporteringsperioden. Forpliktingane vert opphaveleg innrekna til verkeleg verdi og deretter målt til amortisert kost ved bruk av effektiv rentes metode.

LÅN

Lån vert opphaveleg innrekna til verkeleg verdi, med fråtrekk av transaksjons- kostnadar knytt til opptaket. Lån vert deretter målt til amortisert kost. Skilnadar mellom utbetaling (med fråtrekk av transaksjonskostnad) og innløysingsbeløpet vert innrekna i resultatrekneskapen gjennom låneperioden ved bruk av effektiv rentes metode. Honorar betalt ved etablering av lånefasilitet vert innrekna som transaksjonskostnad knytt til lånet i det omfang det er sannsynleg at delar av eller heile fasiliteten vert trekt på. I så fall vert honoraret utsett til det vert gjort trekk på fasiliteten. Dersom det ikkje finns noko bevis på at det er sannsynleg at det vil bli trekt noko av eller heile fasiliteten, vert honoraret kapitalisert som ei forskotsbetalning for likviditetstjenester og amortisert over perioden fasiliteten er knytt til.

Lån vert fjerna frå balansen når forpliktinga som er spesifisert i avtalen vert fjerna, kansellert eller er utgått. Skilnaden mellom den bokførte verdien av ei finansiell forplikting som har blitt sletta eller overført til ein annan part og der vederlaget er betalt, inkludert ei kvar overført ikkje-monetær eigedel eller forventa forpliktingar, vert innrekna i resultatrekneskapen under andre inntekter eller finanskostnadar.

Dersom vilkåra knytt til ei finansiell forplikting vert reforhandla og eininga skriv ut eigenkapitalinstrument til ein kreditor for å slette alle delar av forpliktinga (gjeldskonvertering), vert det innrekna vinst eller tap. Dette vert målt som skilnaden mellom det bokførte beløpet av den finansielle forpliktinga og den verkelege verdien av det utskrivne eigenkapitalinstrumentet.

Lån vert klassifisert som kortsiktig med mindre konsernet har ein rett, utan vilkår, til å utsette oppgjerset av lånet i minst 12 månadar etter rapporteringsperioden.

LÅNEKOSTNAD

Generelle og spesifikke lånekostnadar som er direkte knytt til overtaking, bygging eller framstilling av ein kvalifiserande eigedel vert kapitalisert i tida fram til den kvalifiserande egedelen er klar til tiltenkt bruk eller sal. Kvalifiserande egedeler er egedeler som tar vesentleg tid å klargjere for planlagt bruk eller sal. Inntekter knytt til kortvarige investeringar av lån tiltenkt ein kvalifiserande eigedel, tent i perioden fram til det skal brukast på den kvalifiserande egedelen, vert trekt frå låne- kostnadane som vert kapitalisert. Andre lånekostnadar vert kostnadsført i perioden dei oppstår.

AVSETNINGAR

Avsetningar for juridiske krav, servicegarantiar og oppryddingskrav vert innrekna når konsernet har eit noverande juridisk eller forventa krav som eit resultat av tidlegare hendingar, der det er sannsynleg at ei avgjerd vil føre til ein straum av ressursar ut av konsernet og at dette kan målast på ein påliteleg måte. Avsetningar vert ikkje innrekna for framtidige driftstap. Når det er fleire krav av tilsvarende karakter vert sannsynet for ein framtidig straum av ressursar ut av konsernet fastsett gjennom ei samla vurdering av krava. Avsetninga vert innrekna sjølv om sannsynet for ein straum av ressursar ut av konsernet knytt til eit av krava i den samla vurderinga isolert sett er låg.

Avsetningar vert målt til noverdi av leininga sitt beste estimat av utgifta som må til for å gjere opp den noverande forpliktinga, på slutten av rapporteringsperioden. Diskonteringsrenta som vert brukt til å bestemme noverdien, er ei før-skatt rente som reflekterer tidsverdien av pengar og risikoene som spesifikt kan knytast til kravet. Ei auke i avsetninga som følgje av tida som har gått, vert innrekna som ein rentekostnad.

YTINGAR TIL DEI TILSETTE

Konsernet har ulike pensjonsordningar, både bidragsplanar og innskotsplanar. Alle pensjonsordningar oppfyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Pensjonsforplikting

Innskotsbaserte pensjonsordningar er ordningar der konsernet betalar faste innskot til ei separat juridisk eining. Konsernet betalar innskot til offentleg eller privat administrerte forsikringsplanar for pensjon på obligatorisk, avtalemessig eller frivillig basis. Konsernet har ingen ytterlegare betalingsforpliktingar etter at innskota er betalt. Innbetalingerne vert fortløpende kostnadsført når dei vert betalt. Forskotsbetalte innskot vert presentert som ein eigedel i den grad ei tilbakebetaling eller ein reduksjon i framtidige innskot er tilgjengeleg. bidragsbaserte ordningar er alle ordningar som ikkje er innskotsordningar.

Bidragsbaserte pensjonsordningar fastset typisk eit bestemt beløp ein tilsett vil få ved pensjon, avhengig av ein eller fleire faktorar, som alder, løn og lengde på arbeidsforholdet.

Forpliktinga eller egedelen innrekna i balansen knytt til bidragsbaserte pensjons- ordningar er noverdien av forpliktinga frå bidragsordninga på balansedagen, med fråtrekk av verkeleg verdi av pensjonsmidla. Forpliktinga frå bidragsordninga vert årleg berekna av uavhengige aktuarar.

Novertien av dei definerte bidraga vert bestemt ved å diskontere estimerte framtidige utbetalinger med renta på statsobligasjoner i same valuta som bidraga vil bli betalt i og med ei løpetid som er tilnærma den same som løpetida for den relaterte pensjonsforpliktinga. Netto rentekostnad vert kalkulert ved å diskontere nettobalansen knytt til bidragsforpliktinga og den verkelege verdien av pensjons-

midla. Denne kostnaden er inkludert i lønskostnaden i resultatrekneskapen.

Estimatavvik som skuldast ny informasjon eller endringar i dei aktuarmessige føresetnadane vert ført mot eigenkapitalen i utvida resultat i den perioden dei hender. Dei vert inkludert i opptent eigenkapital i balansen og i oppstillinga over endringar i eigenkapitalen.

Endringar i noverdi av den bidragsbaserte pensjonsforpliktinga som følgje av planendringar eller avkortingar, vert innrekna i resultatrekneskapen med ein gong, som tidlegare pensjonsopptening.

For bidragsbaserte ordningar betalar konsernet bidrag til offentlege eller private ordningar anten ved at konsernet har forplikta seg til ved avtale, er forplikta til ved lov eller på frivillig basis betalar inn. Konsernet har ingen ytterlegare betalingsforpliktingar etter at innskota har blitt betalt. Innbetalingane vert kostnadsført fortløpende med omsyn til tidsmessig periodisering. Forskotsbetalte innskot er innrekna som ein egedel i den grad ei mottying eller ein framtidig reduksjon i innbetalingar er mogleg.

UTBYTE

Det vert avsett for beløp knytt til alle varsle utbyteutdelingar, som er vedteke og som eininga ikkje lenger har råderett over, i eller etter rapporteringsperioden, men som ikkje er delt ut på slutten av rapporteringsperioden.

RESULTAT PER AKSJE

(i) Ordinært resultat per aksje:

Ordinært resultat per aksje er berekna ved å dele:

- forteneste som kan knytast til eigarane av selskapet
- på vekta gjennomsnitt av tal uteståande ordinære aksjar gjennom rekneskapsåret, justert for bonuselement i ordinære aksjar utskrive gjennom året og med fråtrekk for eigne aksjar (note 10)

(ii) Utvatna resultat per aksje:

Utvatna resultat per aksje tek utgangspunkt i tala brukt for fastsetting av ordinær forteneste per aksje, justert for

- effekten av renter og andre finanskostnader etter skatt knytt til aksjar med moglegheit for utvatning
- vekta gjennomsnitt av ytterlegare aksjar som ville vore uteståande dersom ein tar høgde for konvertering av alle aksjar med moglegheit for utvatning.

NOTE 2

VESENTLEGE REKNESKAPSVURDERINGER, ESTIMAT OG FØRESETNADER

Utarbeidingsa av konsernet sitt konsoliderte rekneskap krev at leiinga gjer skjønnsmessige vurderinger og nyttar estimat og føresetnader som påverkar rapporterte beløp av inntekter, kostnad, egedelar og forpliktingar, og dei tilhøyrande presentasjonane, i tillegg til presentasjon av vilkårsbundne forpliktingar. Uvisse rundt desse føresetnadane og estimata kan resultere i utfall som krev vesentlege korrigeringar av bokførte beløp av egedelar eller forpliktingar påverka i framtidige periodar.

I utarbeidingsa av konsernrekneskapen har leiinga gjort følgjande vurderinger, som har vesentleg effekt på bokførte beløp i rekneskapen:

1) Innrekning av variable vederlag

Konsernet har rett på variable vederlag som følgje av endringar i dei opphavelege kontraktsføresetnadane som rabattar og prisstrukturar. Følgjande variable vederlag har vorte innrekna:

- For perioden 2014 - 2016: NOK 375,58 millionar
- For perioden 2017 - 2018: NOK 98,22 millionar
- For perioden 2019: NOK 35,90 millionar

31.12.2020 har konsernet ei fording knytt til dei variable vederlaga på NOK 78,22 millionar. Konsernet held førebels på med forhandlingar om endeleg kompensasjon for perioden 2014-2019. Det variable vederlaget som har blitt innrekna er gjort på bakgrunn av det konsernet vurderer som det mest sannsynlege beløp for inntekter, og endeleg utfall frå forhandlingane kan føre til ein endeleg kompensasjon som er annleis enn det konsernet har innrekna som variabelt vederlag.

2) Nedskriving av ikkje-finansielle egedelar

Ved kvar periodeslutt vurderer konsernet om det eksisterer nedskrivningsindikatorar. Om det vert identifisert slike indikatorar, eller når det for konkrete egedelar er påkravd årleg nedskrivingstest etter IFRS, estimerer konsernet gjenvinningsverdien av egedelen.

Ei nedskriving for andre egedelar enn goodwill bokført i tidlegare periodar, skal reverserast berre dersom det har skjedd ei endring i estimatet nyta for å fastslå bruksverdi av egedelen sidan førre nedskriving vart identifisert. Om dette er tilfelle, skal bokført verdi aukast til gjenvinningsverdien av den aktuelle egedelen.

Den bokførte verdien av konsernet sine fartøy representerer ein vesentleg del av dei samla egedelane i balansen. Følgjeleg har retningsliner og estimat knytt til fartøya ein betydeleg innverknad på konsernrekneskapet.

Konsernet har fastsett at det eksisterer nedskrivningsindikatorar på dato for rapportering. Som eit resultat av dette har konsernet utført nedskrivingstest per 31. desember 2020. Vidare har konsernet fastsett at det eksisterer indikatorar for at nedskriving gjort i tidlegare periodar ikkje lenger eksisterer eller er redusert på tidspunkt for rapportering. Følgjeleg har gjenvinnbart beløp av desse egedelane blitt estimert per 31. desember 2020.

Nedskrivingstesten er basert på verkeleg verdi med frådrag av avhendingskostnad. Kvar ferjekontrakt, inkludert avrekna fartøy frå ferjekontrakta, er rekna å vere kontantgenererande (KGE). Ved berekning av verkeleg verdi nyttar konsernet kontantstraumprognosar for gjenværande kontraktsperiode og estimerer restverdiar ved slutten av kvar kontrakt. Forventa kontantstraumar er basert på siste EBITDA- prognose, tatt kontraktsvilkår og prognostiserte driftskostnadar i betrakting, samt prognostiserte vedlikehaldsinvesteringar.

Ved kontraktsslutt har konsernet estimert realisasjonsverdi for kvart fartøy. Verkeleg verdi er basert på gjennomsnittet av to eksterne meklarestimat på balansedagen justert for inflasjon og forventa avskriving i gjenværande kontraktsperiode. Meklarverdiane er basert på "villig seljar og villig kjøpar" og på kontraktsfri basis.

Totalsummen av dagens verdi av kontraktane og dagens verdi av dei estimerte realiserbare verdiane av kontrakten på slutten av kontraktsperioden, blir sett til å være konsernet sitt anslag på verkeleg verdi med fråtrekk for avhendingskostnadar.

Vekta gjennomsnittleg kapitalkostnad (WACC) vert brukt som diskonteringsrente i berekninga av noverdien av kontraktane, og reflekterer ein normalisert kapitalstruktur for næringa. WACC representerer avkastninga konsernet forventar å betale til sine finansieringskjelder for kontantstraumar med tilsvarende risiko. Kontant-struktur for næringa. WACC representerar avkastinga konsernet forventar å betale til sine finansieringskjelder for kontantstraumar med tilsvarende risiko. Kontant-straumar er berekna etter skatt og diskontert med ein diskonteringsrente etter skatt. Den norminelle WACC som nyttast i berekninga er 6%.

Sensitivitetsanalyse er utført for dei viktigaste foresetnadane i vurderinga, inkludert WACC, EBITDA og restverdi.

Det visast til note 11 for ytterlegare detaljar.



Foto: Øystein Torheim, Frequency.no

NOTE 3**SEGMENTINFORMASJON**

Konsernet leverer ferje- og passasjerbåttenester, catering og turisttenester. Driftssegment vert rapportert på same måte som ved intern rapportering til verksemda sin øvste slutningstakar. Segmentrapporteringa til verksemda sin øvste slutningstakar inneheld ikkje segmentbalanse eller segmentkontantstraum. Verksemda sin øvste slutningstakar, som er ansvarleg for allokering av ressursar og vurdering av inntening i driftssegmenta, er definert som verksemda sitt styre. Styret vurderer konsernet sine prestasjonar på grunnlag av dei ulike tenestene. Segmentprestasjon vert vurdert basert på forteneiste eller tap og vert målt på same måte som forteneiste eller tap i den konsoliderte rekneskapen.

Konsernet har fire rapporteringspliktige segment:

- Ferje
- Passasjerbåt
- Catering
- Turist

Ingen driftssegment er slått saman for å danne dei rapporteringspliktige segmenta ovanfor. Finansiering (inkludert finanskostnads, finansinntekt eller vinst eller tap frå del i Widerøe) og inntektkassatt vert handsama på konsernnivå og vert ikkje allokerert til driftssegmenta.

Alt av konsernet sine aktivitetar blir utført i Noreg. Det er ingen einskild kunde som står for meir enn 10% av omsetnaden.

Rekneskapsåret avslutta 31. desember 2020

Beløp i NOK 1 000	Ferje	Passasjer- båtar	Catering	Turist	Sum segment	Anna	Konsern
Salsinntekt							
Eksterne kundar	2 881 207	119 973	85 339	21 596	3 108 116	9 655	3 117 771
Sum inntekter	2 881 207	119 973	85 339	21 596	3 108 116	9 655	3 117 771
Driftskostnadar eksl. av- og nedskrivningar	(1 884 022)	(61 379)	(74 950)	(22 291)	(2 042 642)	(3 158)	(2 045 799)
Del av vinst frå tilknytt verksemd	-	6 314	-	(15 340)	(9 026)	-	(9 026)
EBITDA	997 185	64 908	10 390	(16 035)	1 056 448	6 497	1 062 946
Avskrivning	(467 576)	(52 225)	(3 021)	(1 526)	(524 349)	(1 457)	(525 806)
Nedskrivning	(45 831)	-	-	-	(45 831)	-	(45 831)
Segmentoverskot	529 609	12 683	7 368	(17 561)	532 099	5 039	491 308

Rekneskapsåret avslutta 31. desember 2019

Beløp i NOK 1 000	Ferje	Passasjer- båtar	Catering	Turist	Sum segment	Anna	Konsern
Salsinntekt							
Eksterne kundar	2 444 602	114 665	135 276	17 827	2 712 370	11 445	2 723 816
Sum inntekter	2 444 602	114 665	135 276	17 827	2 712 370	11 445	2 723 816
Driftskostnadar eksl. av- og nedskrivningar	(1 705 857)	(61 210)	(120 701)	(17 889)	(1 905 657)	(2 862)	(1 908 520)
Del av vinst frå tilknytt verksemd	-	2 151	-	399	2 550	-	2 550
EBITDA	738 745	55 606	14 575	337	809 263	8 583	817 846
Avskrivning	(359 072)	(53 533)	(3 868)	(1 265)	(417 738)	(1 606)	(419 344)
Nedskrivning	(2 557)	-	-	-	(2 557)	-	(2 557)
Segmentoverskot	377 116	2 073	10 707	(928)	388 968	6 977	395 945

Oppstilling av konsernresultatet

	2020	2019
Segmentoverskot	491 308	395 945
Del av overskot frå anna tilknytt verksemd	(41 958)	26 629
Renteinntekt	2 514	2 616
Rentekostnad	(214 897)	(168 002)
Andre finanspostar, netto	(30 127)	(4 223)
Skattekostnad	(43 374)	(43 861)
Konsernresultat	163 466	209 104

Sjå note 5 for ei ytterlegare oppdeling av segmentinntektene.

NOTE 4

INVESTERINGAR I ANDRE VERKSEMDER

VESENTLEGE DOTTERSELSKAP

Konsernet sine vesentlege datterselskap per 31. desember 2020 er lista opp nedanfor. Om ikkje anna er opplyst, har datterselskapa kapital som i sin heilskap består av ordinære

aksjar som er eigg direkte av konsernet, og det er samsvar mellom konsernet sin eigardel og stemmerett.

Selskap	Forretningsstad	Eigardel	Eigardel holdt av minoritet	Hovudverksemd
F1 Administrasjon AS	Florø	100 %	0 %	Konsernadministrasjon
Fanafjord AS	Florø	100 %	0 %	Holdingselskap
Nye Fanafjord AS	Florø	100 %	0 %	10% er eigg av Fanafjord AS, som er 100% kontrollert av konsernet
Bolsønes Verft AS	Molde	100 %	0 %	Verft
Måløy Reisebyrå AS	Måløy	100 %	0 %	Reisebyrå
ÅB Eigedom AS	Årdal	66 %	34 %	Eigedomsforvaltning
Hareid Trafikkterminal AS	Hareid	63 %	37 %	Eigedomsforvaltning

INVESTERINGAR I TILKNYTT OG FELLESKONTROLLERT VERKSEMD

Nedanfor følgjer ei oversikt over tilknytt og felleskontrollert verksemd i konsernet per 31. desember 2020 som, etter leiinga si vurdering, er vesentlege for konsernet. Einingane

lista opp nedanfor har aksjekapital som i sin heilskap består av ordinære aksjar som er eigg direkte av konsernet, og konsernet sin eigardel er samsvarande med konsernet sin stemmerett.

Selskap	Eigardel	Relasjon	Målemetode	31.12.2020	31.12.2019
The Fjords DA	50,0 %	Tilknytt verksemd	Eigenkapitalmetoden	6 399	13 312
The Fjords Fartøy I DA	50,0 %	Tilknytt verksemd	Eigenkapitalmetoden	16 655	15 853
The Fjords Fartøy II DA	50,0 %	Tilknytt verksemd	Eigenkapitalmetoden	20 146	19 805
The Fjords Fartøy III DA	50,0 %	Tilknytt verksemd	Eigenkapitalmetoden	17 135	15 841
Partsrederiet Kystekspresen ANS	49,0 %	Tilknytt verksemd	Eigenkapitalmetoden	29 229	25 066
Sognefjorden Farty I AS	50,0 %	Tilknytt verksemd	Eigenkapitalmetoden	579	579
WF Holding AS**	34,0 %	Tilknytt verksemd	Eigenkapitalmetoden	281 797	325 569
Fjord Tours Group AS*	50,0 %	Tilknytt verksemd	Eigenkapitalmetoden	64 568	65 434
Investeringar i tilknytt og felleskontrollert verksemd				436 508	481 455

*Fjord Tours Group AS vart stifta i 2019. Selskapet er ei felleskontrollert verksemd mellom Fjord1 ASA og Vygruppen AS. Ei kapitalauke vart gjort medio 2019 der Fjord1 ASA overførte sine aksjar i Fjord Tours AS og Geiranger Fjordservice AS, samt ei kontantbetaling på NOK 26,4 millionar. Fjord1 ASA innrekna ein realisasjon på NOK 31,1 millionar (ref. note 8) knytt til transaksjonen som ei finansinntekt i resultatrekneskapen for rekneskapsåret 2019.

**WF Holding AS eig 100 % av aksjane i Widerøe's Flyveselskap AS. Selskapet er kontrollert av Torghatten ASA, som utarbeidar konsolidert rekneskap som inkluderer WF Holding AS. Konsernrekneskapen for Torghatten ASA er tilgjengeleg hjå selskapet sitt hovudkontor i Havnegata 40, 8900 Brønnøysund. Som følgje av dette er Fjord1 sin del av vinst og tap i Widerøe 34%



Foto: Øystein Torheim/Frequency.no

FORPLIKTINGAR OG VILKÅRSBUNDNE

FORPLIKTINGAR TIL TILKNYtte VERKSEMDER

Som deltakar i The Fjords DA, The Fjords Fartøy I DA, The Fjords Fartøy II DA og The Fjords Fartøy III DA, er konsernet solidarisk ansvarleg for alle forpliktingar tilhøyrande desse verksemndene.

OPPSUMMERING AV FINANSIELL INFORMASJON

ANGÅANDE TILKNYTT OG FELLESKONTROLLERT VERKSEMD

Tabellane nedanfor viser den finansielle informasjonen knytt til dei felleskontrollerte verksemndene som er vesentlege for konsernet. Informasjonen reflekterer beløp som vert presentert i rekneskapen til dei aktuelle felleskontrollerte verksemndene, og ikkje konsernet sin del av desse beløpa. Beløpa er endra for å reflektere justeringar einingane har utført ved bruk av eigenkapitalmetoden, inkludert verkeleg verdi-justeringar og endringar som følge av skilnadar i rekneskapsprinsipp.

ÅRSMELDING OG REKNESKAP

Balanse	The Fjords DA		The Fjords Fartøy I DA	
Beløp i NOK 1 000	31.12.2020	31.12.2019	31.12.2020	31.12.2019
Bankinnskot, kontantar og liknande	1 362	13 587	1 407	1 022
Andre omlaupsmiddel	21 898	23 967	453	855
Sum omlaupsmiddel	23 259	37 554	1 860	1 877
 Anleggsmiddel	1 836	10 068	81 726	85 590
 Leverandørgjeld	13 179	5 935	19	503
Anna kortsiktig gjeld	11 376	8 520	3 010	5 241
Sum kortsiktig gjeld	24 555	14 455	3 028	5 743
 Gjeld til kredittinstitusjonar	-	-	47 250	49 350
Anna langsiktig gjeld	-	-	-	-
Sum langsiktig gjeld	-	-	47 250	49 350
 Netto egedeler	540	33 167	33 308	32 373
 Avstemming mot bokført verdi:				
Netto egedeler 1. januar	26 622	9 890	31 707	31 485
Årsresultat	(33 824)	6 732	1 601	222
Andre inntekter	-	-	-	-
(Utbetalt utbyte)/Kapitalinnskot	20 000	10 000	-	-
Netto egedeler 31. desember	12 798	26 622	33 308	31 707
 Konsernet sin del i %	50,0 %	50,0 %	50,0 %	50,0 %
Konsernet sin del i NOK 1 000	6 399	13 312	16 655	15 853
Bokført verdi	6 399	13 312	16 655	15 853
 Avstemming av totalresultatet				
Beløp i NOK 1 000				
Salsinntekt	89 294	203 101	9 770	8 925
Driftskostnader	(119 016)	(185 307)	(1 148)	(1 215)
Avskrivning og nedskrivning	(1 730)	(10 831)	(5 596)	(5 402)
Netto finanspostar	(119)	(231)	(1 425)	(2 086)
Skattekostnad	(2 253)	-	-	-
Årsresultat	(33 824)	6 732	1 601	222
Andre inntekter	-	-	-	-
Totalresultat for året	(33 824)	6 732	1 601	222

Balanse	The Fjords Fartøy II DA		The Fjords Fartøy III DA	
Beløp i NOK 1 000	31.12.2020	31.12.2019	31.12.2020	31.12.2019
Bankinnskot, kontantar og liknande	5 508	4 806	1 657	9
Andre omlaupsmiddel	100	54	60	226
Sum omlaupsmiddel	5 608	4 860	1 717	235
Anleggsmiddel	114 364	122 909	113 167	51 559
Leverandørgjeld	11	44	10	548
Anna kortsiktig gjeld	131	3 892	961	3 194
Sum kortsiktig gjeld	141	3 937	970	3 742
Gjeld til kreditteinstitusjonar	79 538	82 583	79 644	16 427
Anna langsiktig gjeld	-	-	-	-
Sum langsiktig gjeld	79 538	82 583	79 644	16 427
Netto egedeler	40 292	41 250	34 270	31 626
Avstemming mot bokført verdi				
Netto egedeler 1. januar	39 609	39 136	31 684	17 502
Årsresultat	2 683	473	586	(138)
Andre inntekter	-	-	-	-
(Utbetalt utbyte)/Kapitalinnskot	(2 000)	-	2 000	14 320
Netto egedeler 31. desember	40 292	39 609	34 270	31 684
Konsernet sin del i %	50,0 %	50,0 %	50,0 %	50,0 %
Konsernet sin del i NOK 1 000	20 146	19 805	17 135	15 841
Bokført verdi	20 146	19 805	17 135	15 841
Avstemming av totalresultatet				
Beløp i NOK 1 000				
Salsinntekt	13 917	11 957	4 988	-
Driftskostnader	(1 154)	(1 205)	(518)	(89)
Avskrivning og nedskrivning	(7 751)	(7 105)	(2 919)	-
Netto finanspostar	(2 329)	(3 175)	(965)	(49)
Skattekostnad	-	-	-	-
Årsresultat	2 683	473	586	(138)
Andre inntekter	-	-	-	-
Totalresultat for året	2 683	473	586	(138)

ÅRSMELDING OG REKNESKAP

Balanse	Partsrederiet Kystekspresen ANS	WF Holding Group		
Beløp i NOK 1 000	31.12.2020	31.12.2019	31.12.2020	31.12.2019
Bankinnskot, kontantar og liknande	30 391	22 422	29 485	33 508
Andre omlaupsmiddel	8 235	14 664	337 306	583 117
Sum omlaupsmiddel	38 626	37 086	366 791	616 625
Anleggsmiddel	115 005	117 181	2 490 129	2 738 063
Leverandørkjeld	12 243	15 887	138 029	202 323
Anna kortsiktig gjeld	22 703	9 453	756 949	815 190
Sum kortsiktig gjeld	34 947	25 340	894 978	1 017 513
Gjeld til kredittinstitusjonar	72 317	-	859 655	1 115 167
Anna langsiktig gjeld	-	77 774	273 472	264 453
Sum langsiktig gjeld	72 317	77 774	1 133 127	1 379 620
Netto egedeler	46 368	51 153	828 813	957 555
Avstemming mot bokført verdi:				
Netto egedeler 1. januar	51 152	53 804	957 555	870 922
Årsresultat	12 886	4 390	(123 407)	78 320
Andre inntekter	-	-	(5 334)	8 312
(Utbetalt utbyte)/Kapitalinnskot	(4 390)	(7 041)	-	-
Netto egedeler 31. desember	59 648	51 152	828 814	957 555
Konsernet sin del i %	49,0 %	49,0 %	34,0 %	34,0 %
Konsernet sin del i NOK 1 000	29 229	25 066	281 797	325 569
Bokført verdi	29 229	25 066	281 797	325 569
Avstemming av totalresultatet				
Beløp i NOK 1 000				
Salsinntekt	154 502	154 391	4 069 168	5 087 789
Driftskostnader	(128 882)	(134 029)	(3 718 663)	(4 572 217)
Avskrivning og nedskrivning	(11 085)	(6 673)	(407 288)	(333 743)
Netto finanspostar	(1 648)	(2 283)	(103 131)	(81 203)
Skattekostnad	-	-	36 507	(22 306)
Årsresultat	12 886	11 406	(123 407)	78 320
Andre inntekter	-	-	(5 334)	8 312
Totalresultat for året	12 886	11 406	(128 741)	86 632

Balanse	Fjord Tours Group AS	
Beløp i NOK 1 000	31.12.2020	31.12.2019
Bankinnskot, kontantar og liknande	16 311	99 705
Andre omlaupsmiddel	4 129	10 003
Sum omlaupsmiddel	20 440	109 708
 Anleggsmiddel	 243 035	 285 154
Leverandørgjeld	3 380	37 620
Anna kortsiktig gjeld	6 535	32 696
Sum kortsiktig gjeld	9 915	70 316
Gjeld til kredittinstitusjonar	-	-
Anna langsiktig gjeld	22 065	31 902
Sum langsiktig gjeld	22 065	31 902
 Netto egedeler	 231 495	 292 644
 Avstemming mot bokført verdi:		
Netto egedeler 1. januar	130 868	-
Årsresultat	(41 933)	(6 490)
Minoritet sin del av årsresultat	(12 422)	(1 568)
Andre inntekter	-	-
Minoritet sin del av eigenkapital	12 422	(67 451)
Andre innskot	-	202 008
(Utbetalt utbyte)/Kapitalinnskot	-	98 694
Meir-/mindreverdi	40 200	(94 325)
Netto egedeler 31. desember	129 135	130 868
Konsernet sin del i %	50,0 %	50,0 %
Konsernet sin del i NOK 1 000	64 568	65 434
Bokført verdi	64 568	65 434
 Avstemming av totalresultatet		
 Beløp i NOK 1 000		
Salsinntekt	36 782	83 277
Driftskostnader	(37 027)	(79 938)
Avskrivning og nedskrivning	(51 328)	(14 914)
Del av inntekter/(tap) frå tilknytte selskap	(610)	-
Netto finanspostar	(556)	677
Skattekostnad	(1 615)	2 840
Årsresultat	(54 354)	(8 058)
Andre inntekter	-	-
Totalresultat for året	(54 354)	(8 058)

INDIVIDUELT UVESENTLEGE TILKNYTTE VERKSEMDER

I tillegg til verksemndene presentert ovanfor, har konsernet også investeringar i Sognefjordenfarty I AS som er vurdert å vere uvesentleg og er bokført etter eigenkapitalmetoden.

	2020	2019
Bokført verdi av uvesentleg tilknytt verksemnd	579	579
Årsresultat	(38)	(93)

DEL AV RESULTAT

Andel av resultat frå tilknytta verksemder er rekna enten som del av driftsresultat eller som del av netto finansposter basert på egarskapen sin art i tilknytta verksemnd. Tilknytta selskap som er leverandørar eller kundar i konsernet vert klassifisert som driftsaktivitetar.

	2020	2019
The Fjords DA	(16 042)	3 366
The Fjords Fartøy I DA	801	111
The Fjords Fartøy II DA	1 342	237
The Fjords Fartøy III DA	293	(69)
Fjord Tours Group AS	(1 733)	(3 245)
Partsrederiet Kystekspresen ANS	6 314	2 151
Del av resultat frå tilknytta verksemder som klassifiserast som driftsaktivitetar	(9 026)	2 550

WF Holding AS	(41 958)	26 629
Del av resultat frå tilknytta verksemd som klassifiserast som finanspostar	(41 958)	26 629

WF Holding AS	(1 814)	2 826
Del av resultat frå tilknytta verksemd som klassifiserast som andre inntekter og kostnadar	(1 814)	2 826

NOTE 5

INNTEKTER

INNTEKTER FRÅ KONTRAKTAR MED KUNDAR

Konsernet har inntekter frå drift av ferjer og passasjerbåtar. Det eksisterer to typar kontraktar:

- Bruttokontraktar: Kunden tek risikoen knytt til passasjervolum. Konsernet mottek eit fast årleg prisindeksjustert vederlag. Beløpet motteke frå kvart kontraktsår er avhengig av tal på planlagde reiser.
- Nettokontraktar: Konsernet tek risikoen knytt til passasjervolum og mottek eit fast vederlag frå kunden i tillegg til inntektene frå sal av billettar til passasjerar.

I cateringsegmentet vert inntektene innrekna når vara er sold.

Spesifikasjon av inntekter

Rekneskapsåret avslutta 31. desember 2020

Beløp i NOK 1 000	Ferje	Passasjer- båtar	Catering	Turist	Anna	Sum
Inntekt frå eksterne kundar	2 881 207	119 973	85 339	21 596	9 655	3 117 771
Tidspunkt for inntektsføring						
Over tid	2 881 488	119 973	-	21 596	4 889	3 027 948
På eit bestemt tidspunkt	(281)	-	85 339	-	4 765	89 823
Dette består av:						
Inntekter frå kontraktar på ferjer og passasjerbåtar, inntekter frå bruttokontraktar	2 294 204	117 764	-	-	-	2 411 968
Inntekter frå kontraktar på ferjer og passasjerbåtar, inntekter frå nettokontraktar	284 746	-	-	-	-	284 746
Frakt av passasjerar under nettokontraktar	265 878	-	-	-	-	265 878
Sal av mat og drikke	-	-	85 339	-	-	85 339
Anna inntekt	31 385	1 465	-	-	59	32 909
Sum salsinntekt	2 876 213	119 229	85 339	-	59	3 080 840
Leigeinntekt	1 859	216	-	17 684	815	20 574
Vinst/(tap) ved avhending av varige driftsmiddel	(281)	-	-	-	3 107	2 826
Anna driftsinntekt	3 416	528	-	3 912	5 674	13 530
Sum anna driftsinntekt	4 994	744	-	21 596	9 596	36 930

Rekneskapsåret avslutta 31. desember 2019

Beløp i NOK 1 000	Ferie	Passasjer- båtar	Catering	Turist	Anna	Sum
	Noreg	Noreg	Noreg	Noreg		
Inntekt frå eksterne kundar	2 444 602	114 665	135 276	17 827	11 445	2 723 816
Tidspunkt for inntektsføring						
Over tid	2 444 602	112 887	-	-	3 613	2 561 103
På eit bestemt tidspunkt	-	1 778	135 276	17 827	7 833	162 713
Dette består av:						
Inntekter frå kontraktar på ferjer og passasjerbåtar, inntekter frå bruttokontraktar	1 370 867	112 887	-	-	-	1 483 754
Inntekter frå kontraktar på ferjer og passasjerbåtar, inntekter frå nettokontraktar	454 607	-	-	-	-	454 607
Frakt av passasjerar under nettokontraktar	567 577	1 599	-	-	-	569 176
Sal av mat og drikke	-	-	135 276	-	-	135 276
Anna inntekt	11 341	27	-	-	8 569	19 937
Sum salsinntekt	2 404 392	114 513	135 276	-	8 569	2 662 750
Leigeinntekt	32 179	152	-	14 219	879	47 429
Vinst/(tap) ved avhending av varige driftsmiddel	7 099	-	-	-	-	7 099
NOx-refusjon	932	-	-	-	-	932
Anna driftsinntekt	-	-	-	3 608	1 998	5 606
Sum anna driftsinntekt	40 210	152	-	17 827	2 877	61 066

EIGEDELAR OG FORPLIKTINGAR FRÅ KONTRAKTAR MED KUNDAR

Konsneret har innrekna følgjande eigedelar og forpliktingar frå kontraktar med kundar:

Beløp i NOK 1 000	31.12.2020	31.12.2019
Langsiktige kontraktsforpliktingar knytt til ferjetenester	335 391	127 476
Sum langsiktige kontraktsforpliktingar	335 391	127 476
Kortsiktige kontraktsforpliktingar knytt til ferje- og passasjerbåttenester	273 415	417 072
Sum kortsiktige kontraktsforpliktingar	273 415	417 072
Sum kontraktsforpliktingar	608 806	544 548

Alle kundefordringar er knytta til IFRS 15 transaksjonar.

IKKJE-OPPFYLTE LEVERINGSFORPLIKTINGAR FRÅ LANGSIKTIGE FERJEKONTRAKTAR

Følgjande tabell viser ikkje-oppfylte leveringsforpliktingar knytt til langsiktige ferjekontraktar.
Beløpa inkluderer ikkje variable beløp .

Beløp i NOK 1000	2021	2022	2023	2024-2025	2026-2033	Sum
Del av transaksjonspris allokert til langsiktige ferjekontraktar	2 992 618	2 869 559	2 781 546	4 899 775	9 508 486	23 051 984

Beløpa ovanfor inkluderer ikkje opsjonar.

NOTE 6 VILKÅR**RABATTKOMPENSASJON**

Fjord1 ASA har rett til kompensasjon for bortfall av trafikkintekter som følge av at oppdragsgjevar endrar føresetnadane for rabattstruktur og takstsoner utover det som var lagt til grunn i anbodet. Frå og med 2010 er det for ein del kontraktar gjennomført endeleg oppgjer frå oppdragsgjevar. Utbetalingar knytt til kompensasjon som er motteke frå oppdragsgjevar frå og med 2010 er difor gjeve

med etterhald. Val av modell som skal leggjast til grunn for berekning av kompensasjon, vil kunne påverke det endelige kompensasjonsnivået. Dette inneber at konsernet kan få ytterlegare godtgjersle eller krav om tilbakebetaling av delar av motteken kompensasjon. Konsernet er i dialog med oppdragsgjevar om fastsetjing av endeleg kompensasjon.

Sjå note 2.1.

NOTE 7 LØN OG SOSIALE KOSTNADAR

Beløp i NOK 1 000	Note	2020	2019
Løn		853 440	785 442
Arbeidsgivaravgift		113 857	116 760
Pensjonskostnadar	14	73 804	45 263
Andre ytingar		54 940	46 596
Sum lønskostnadar		1 096 041	994 061
Tal sysselsette årsverk		1 257	1 066

Ordningane er dekka gjennom forsikringsselskap og KLP. Norske verksemder er pålagt å følgje krava i lov om obligatorisk tenestepensjon, og konsernet sine pensjonsordningar tilfredsstiller desse krava.

NOTE 8

ANDRE INNTEKTER OG KOSTNADAR

Denne noten viser ei nedbryting av innhaldet i andre driftskostnadar og andre netto finanspostar.

Andre driftskostnadar

Beløp i NOK 1 000	Note	2020	2019
Hamneavgifter, sanitærkostnader og andre ruterelaterte kostander		59 715	46 627
Reparasjon og vedlikehald		260 072	227 965
Driftskostnadar fartøy	16	207 329	166 149
Andre driftskostnadar		18 499	24 828
Sum andre driftskostnadar		545 615	465 568

Andre finanspostar, netto

Beløp i NOK 1 000	Note	2020	2019
Endring i verkeleg verdi på derivat	12	38	(29 207)
Vinst på valuta		1 904	2 914
Tap på valuta		(1 302)	(520)
Vinst/tap knytt til realisasjon av investeringar i aksjar		-	31 103
Gebyr og beredskapsprovisjonar for bank- og obligasjonslån		(6 486)	(8 370)
Gebyr for koordinering og endring lånevilkår		(24 328)	-
Anna finansinntekt		36	908
Andre finanskostnadar		10	(1 052)
Sum andre finanspostar, netto		(30 127)	(4 223)

Gebyr for koordinering og endring lånevilkår for 2020 er knytt til endring i føresetnadane til konsernet sitt obligasjonslån og banklån. Se note 15

NOTE 9

SKATT

Spesifikasjon av skattekostnad på ordinært resultat

Beløp i NOK 1 000	2020	2019
Betalbar skatt	617	664
Justering i tidlegare års betalbare skatt	1 110	-
Endring i utsett skatt/skattefordel	41 647	43 197
Årets totale skattekostnad	43 374	43 861

Avstemming av nominell og effektiv skattesats:

	2020	2019
Resultat før skatt	206 839	252 965
Skattesats til skattesats i Noreg	45 505	55 652
Resultatført skattekostnad	43 374	43 861
Avvik mellom forventa og resultatført skattekostnad	2 131	11 792
Permanente skilnadar	2 131	11 791
Avvik mellom forventa og resultatført skattekostnad	-	-

Spesifikasjon av grunnlag for utsett skatt

	2020	2019
Tomter, bygninger og annan fast eigedom	3 263 059	2 374 476
Fordringar	(51)	(965)
Vinst- og tapskonto	70 431	89 714
Partar i deltararliknande verksemnd	8 753	(12 114)
Pensjonsforplikting	9 549	17 478
Derivat	(8 411)	(8 449)
Etableringsgebyr	42 072	58 442
Utsett inntekt	(335 391)	-
Midlertidige skilnadar	3 050 012	2 518 582
Underskot til framføring	(413 438)	(71 312)
Bruksrettar vert generelt avskrivne lineært over den kortaste tida av eigedelen si brukstid og leigekontrakt. Dersom konsernet er rimeleg sikre på å utøve ein kjøpsopsjon, vert bruksretten avskriven over den underliggende eigedelen si brukstid. Sjølv om konsernet gjer revalueringar av eigedomar o.l. som er presentert som eigedom, anlegg og utstyr har ein valt å ikkje gjere det same for bruksrettane til konsernet.

Betalingar knytt til kortsiktige leigepliktigingar av utstyr og køyretøy og alle leigeavtalane av eigedelar med låg verdi vert innrekna lineært som ein kostnad i resultatrekneskapen. Kortsiktige leigeavtalane er leigeavtalane med ein leigeperiode på 12 månadar eller lågare. Eigedelar med låg verdi består av IT-utstyr og mindre kontormøblar.

VARIABLE LEIGEBETALINGER

Konsernet si portefølje av leigeavtalane består hovudsakleg av leige av fartøy, eigedom og køyretøy og desse kontraktane inkluderer generelt ikkje variable leigebetalingar.

UTVIDING OG OPPSEIING AV OPSJONAR

Utvining og oppseiling av opsjonar er inkludert i ei rekke av leigekontraktane av eigedom og utstyr i konsernet. Desse er brukt for å maksimere den operasjonelle fleksibiliteten med tanke på å handtere eigedelane som vert brukt i konsernet sine operasjonelle aktivitetar. Majoriteten av moglegheitene for utviding og oppseiling er berre mogeleg for konsernet å utøve og ikkje av uteigar.

RESTVERDIAR OG GARANTIAR

For å optimalisere leigekostnadane i kontraktsperioden nyttar konsernet enkelte gongar restverdigarantiar for leige av utstyr.

NOTE 17**FORPLIKTINGAR****KAPITALFORPLIKTINGAR**

Vesentlege kontraktstadfesta kapitalforpliktingar som ikkje er innrekna som forpliktingar i balansen har følgjande avtalte betalingsstruktur:

Beløp i NOK 1 000	2021	Etter 2021	Sum
Nybygg og ombyggingar	236 744	-	236 744
Kaistrukturar og landbaserte investeringar	124 333	174 737	299 070
Sum	361 077	174 737	535 814

REPERASJON OG VEDLIKEHALD

Periodisk vedlikehald er knytt til større inspeksjons- og vedlikehaldskostnader som oppstår ved jamne intervall

over fartøyet si levetid, normalt kvart femte år. Difor har konsernet forpliktingar knytt til å oppretthalde fartøyet sin operasjonelle dugaik og at ein overheld lovar og reglar.

NOTE 18**TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅANDE PARTAR**

Nedanfor følgjer ei oversikt over transaksjonar med nærståande partar:

SAL TIL NÆRSTÅANDE PARTAR**Beløp i NOK 1 000**

Nærståande part	Relasjon	2020	2019
The Fjords DA	Tilknytt verksemد	26 409	27 614
The Fjords Fartøy I DA	Tilknytt verksemد	-	280
The Fjords Fartøy III DA	Tilknytt verksemد	304	-
Fjord Tours Group AS	Felleskontrollert	-	4
Havyard Production & Sercie sp.z.o	Kontrollert av same ultimate eigar	-	2
Havyard MMC AS	Kontrollert av same ultimate eigar	-	2
Havyard Ship Technology AS	Kontrollert av same ultimate eigar	1 592	408

ÅRSMELDING OG REKNESKAP

KJØP FRÅ NÆRSTÅANDE PARTAR

Nærstående part	Relasjon	2020	2019
Beløp i NOK 1 000			
The Fjords DA	Tilknytt verksemd	(6 106)	-
Havyard Ship Technology AS	Kontrollert av same ultimate eigar	(573 817)	(887 100)
New Havyard Ship Technology AS	Kontrollert av same ultimate eigar	(526)	-
Havyard Group ASA	Kontrollert av same ultimate eigar	-	(3)
Havyard Design & Solutions AS	Kontrollert av same ultimate eigar	(213)	-
Norwegian Electric Systems AS	Kontrollert av same ultimate eigar	(37 380)	(85 013)
Havila AS	Kontrollert av same ultimate eigar	(104)	(45)
Havila Holding AS	Eigar	(33)	(57)

FORDRINGAR/(GJELD) TIL NÆRSTÅANDE PARTAR

Nærstående part	Relasjon	31.12.2020	31.12.2019
Beløp i NOK 1 000			
The Fjords DA	Tilknytt verksemd	7 089	4 831
New Havyard Ship Technology AS	Kontrollert av same ultimate eigar	(14)	-
Havyard Ship Technology AS	Kontrollert av same ultimate eigar	-	(2 744)
Norwegian Electric Systems AS	Kontrollert av same ultimate eigar	-	(505)
Havyard Production & Service sp.z.o	Kontrollert av same ultimate eigar	(30)	-

Fire ferjer har vorte levert til Fjord1 ASA fra Havyard Ship Technology AS i 2020. Havila Holding AS eig, gjennom Havilafjord AS, 51,5% av Fjord1 ASA. Havila Holding AS eig 40,4% av Havyard Group ASA som igjen eig 100% av Havyard Ship Technology AS og New Havyard Ship Technology AS. New Havyard Ship Technology har gjennomført reparasjonar og ombygging av ferjer til Fjord1 ASA for NOK 0,4 millionar i 2020.

Norwegian Electric System AS er eigd 100% av Havyard Group ASA, og leverte varer og tenestar for til saman NOK 35 millionar knytt til kaistrukturar og landbaserte investeringar i 2020.

NOTE 19

LØN OG YTINGAR TIL LEIANDE PERSONAR

Leiinga 2020:

Beløp i NOK 1 000	Løn	Bonus	Natural-ytingar	Anna godt-gjering	Pensjons-kostnad	Sum godtgjering	Aksjar
Dagfinn Neteland (CEO)	3 224	750	-	208	1 695	5 877	59 988
Anne-Mari Sundal Bøe (CFO)	1 972	414	-	12	77	2 475	17 939
André Høyset (COO)	1 972	414	-	38	77	2 501	18 005
Deon Mortensen (CTO)*	624	-	-	4	32	660	15 710
Nils Kristian Berge (Teknologi og prosjektdirektør)	1 834	388	-	90	75	2 388	10 720
Sum løn og ytingar til leiinga i 2020	9 626	1 966		352	1 957	13 901	122 362

Pensjonsforplikting CEO 31.12.2020 **8 300**

*CTO fram til 01.04.2020.

Administrerande direktør, Dagfinn Neteland, har krav på sluttvederlag lik ordinær løn for 12 månader dersom selskapet vel å avslutte arbeidsforholdet, og om Neteland vel å avslutte arbeidsforholdet som følge av visse vesentlege endringar i eigarskap eller endringar i strategi og drift av selskapet. Ingen andre i konsernleiinga eller i styret har krav på sluttvederlag frå selskapet. Administrerande direktør har ein tilleggsbasert pensjonsavtale gjennom selskapet. Den

årlege pensjonskostnaden knytt til dette inkluderer den aktuarmessige berekna kostnaden i samsvar med avtalen.

Konsernleiinga mottok ein bonus i samsvar med det etablerte bonusprogrammet.

ÅRSMELDING OG REKNESKAP

Styremedlemmer 2020:

Beløp i NOK 1 000	Sum godtgjersle	Aksjar
Vegard Sævik (Styreleiar)	455	*
Per Rolf Sævik (Styremedlem)	225	*
Siri Hatland (Styremedlem)	255	-
Birthe Cecilie Lepsøe (Styremedlem frå 24.02.2020)	285	-
Reuben Aguilar Samuels Munger (Styremedlem frå 24.02.2020)	225	-
Hege Sævik Rabben (Varamedlem frå 07.06.2019)	-	*
Atle Olav Trollebø (Tillitsvald)	225	1 400
Terje Hals (Tillitsvald frå 25.06.2019)	225	-
Anders Gjestad (Varaobservatør/Tillitsvald)	-	290
Reidar Tangen (Varamedlem/Tillitsvald)	-	624
Ole Kjell Eidem (Varamedlem/Tillitsvald)	-	624
Karl-Andreas Grinde Pedersen (Varamedlem/tillitsvald frå 25.06.2019)	-	318
Bjørn Sørlie (Varamedlem/tillitsvald frå 25.06.2019)	-	290
Anne-Mone Strandmann (Varamedlem/tillitsvald)	-	-
Thomas Rakstang (Observatør/Tillitsvald)	80	-
Egil Kirkebø (Varaobservatør/Tillitsvald frå 25.06.2019)	-	-
Daniel Nedrelid (Observatør/tillitsvald frå 25.07.2017 til 19.01.2018 og igjen frå 25.06.2019)	80	457
Sum godtgjersle til styremedlem 2020 **	2 055	4 003

* Eigrar av aksjar gjennom andre føretak: Vegard og Per Sævik gjennom Havilafjord AS. Sjå note 13.

** I tillegg har NOK 80 tusen blitt betalt valkomiten til styret og NOK 6 tusen i møtegodtgjersle til medlemmar av styret.

Konsernet har ikkje garanterte lån, garantiar eller andre forpliktingar til nokon av styremedlemmane eller til personar i leiinga.

Leiinga 2019:

Beløp i NOK 1 000	Lønn	Bonus	Natural- ytingar	Anna godt- gjering	Pensjons- kostnad	Sum godtgjering	Aksjar
Dagfinn Neteland (CEO)	3 350	297	417	161	1 732	5 957	59 988
Anne-Mari Sundal Bøe (CFO)	1 673	198	198	4	74	2 148	17 939
André Høyset (COO)	1 676	198	198	4	74	2 151	18 005
Deon Mortensen (CTO)	1 570	186	194	4	74	2 028	15 710
Nils Kristian Berge (CPO)	1 562	173	197	4	73	2 009	10 720
Sum løn og ytingar til leiin- ga i 2019	9 831	1 052	1 203	178	2 028	14 292	122 362

Pensjonsforplikting CEO 31.12.2019**6 634**

Administrerande direktør, Dagfinn Neteland, har krav på sluttvederlag lik ordinær løn for 12 månader dersom selskapet vel å avslutte arbeidsforholdet, og om Neteland vel å avslutte arbeidsforholdet som følge av visse vesentlege endringar i eigarskat eller endringar i strategi og drift av selskapet. Ingen andre i konsernleiinga eller i styre har krav på sluttvederlag frå selskapet. Administrerande direktør har ein tilleggsbasert pensjonsavtale gjennom selskapet. Den

årlege pensjonskostnaden knytt til dette inkluderer den akturamessige berekna kostnaden i henhold til avtalen.

Konsernleiinga mottok ein bonus i samsvar med det etablerte bonusprogrammet.

ÅRSMELDING OG REKNESKAP

Styremedlemmer 2019:

Beløp i NOK 1 000	Sum godtgjersle	Aksjar
Vegard Sævik (Styreleiar)	513	*
Per Rolf Sævik (Styremedlem)	238	*
Siri Hatland (Styremedlem)	283	-
Fredrik W. Mohn (Styremedlem fram til 24.02.2020)	238	*
Brita Eilertsen (Styremedlem frå 07.06.2019 til 24.02.2020)	143	-
Siri Beate Hatlen (Styremedlem frå 07.06.2019)	155	-
Hege Sævik Rabben (Varamedlem frå 07.06.2019)	12	*
Atle Olav Trollebø (Tillitsvald)	238	1 400
Terje Hals (Tillitsvald frå 25.06.2019)	113	-
Geir Offerdal (Tillitsvald fram til 25.06.2019)	125	290
Reidar Tangen (Varamedlem/Tillitsvald)	-	624
Ole Kjell Eidem (Varamedlem/Tillitsvald)	-	624
Karl-Andreas Grinde Pedersen (Varamedlem/Tillitsvald frå 25.06.2019)	-	318
Bjørn Sørli (Varamedlem/Tillitsvald frå 25.06.2019)	-	290
Anne-Mone Strandmann (Varamedlem/tillitsvald til 25.06.2019)	12	-
Thomas Rakstang (Observatør/Tillitsvald)	83	290
Egil Kirkebø (Observatør/Tillitsvald frå 19.01.2018 til 25.06.2019)	43	-
Daniel Nedreli (Observatør/Tillitsvald frå 25.07.2017 til 19.01.2018 og igjen frå 25.06.2019)	40	457
Sum godtgjersle til styremedlem 2019 **	2 232	4 293

* Eigrar av aksjar gjennom andre føretak: Vegard og Per Sævik gjennom Havilafjord AS og Fredrik W. Mohn gjennom Perestroika AS. Sjå note 13.

** I tillegg har NOK 40 tusen blitt betalt valkomiten til styret og NOK 12 tusen i møtegodtgjersle til medlemmar av styret.

Konsernet har ikkje garanterte lån, garantiar eller andre forpliktingar til nokon av styremedlemmane eller til personar i leiinga.

Revisjonshonorar

Beløp i NOK 1 000	2020	2019
Lovfesta revisjon	2 292	2 745
Skatterådgjeving	49	88
Andre tenester	1 115	1 974
Sum	3 456	4 807

NOTE 20**HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN**

Fjord1 ASA vart innstilt som vinnar av kontrakt for drift av dei to sambanda Bognes - Skarberget og Drag - Kjøpsvik i Nordland den 12.02.2021. Kontraktslengda er frå 01.12.2022 - 30.11.2032 med opsjon for forlenging av kontrakt på 18 månadar. Kontrakt vart signert den 08.03.2021.

Vidare har konsernet inngått ei bareboat-kontrakt med Elbferry GmbH & Co.KG for finansiell leige av fartøyet MF Fanafjord ("Greenferry I") med ei lengde på 18 månadar som starta 01.02.2021. Avtalen inkluderer opsjonar både for forlengig av leigeperioden og kjøp av fartøyet. Ved oppstart av den finansielle utleigeavtalen vil fartøyet verte frårekna frå haldt for sal.



Foto: Øystein Tortelius, Frequencen.no

SELSKAPSREKNESKAP 2020

ÅRSMELDING OG REKNESKAP

RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

Beløp i NOK 1000	NOTE	2020	2019
Salsinntekt	22	384 643	716 228
Kontraktsinntekter rutedrift	22	2 696 715	1 941 659
Anna driftsinntekt	1, 22	34 782	79 433
Sum driftsinntekter		3 116 139	2 737 320
Varekostnad		(31 468)	(51 080)
Lønkskostnad	13, 17	(955 985)	(849 272)
Avskriving	1	(448 393)	(340 153)
Nedskriving	1	(24 799)	14 731
Annan driftskostnad	8, 18, 19	(1 166 506)	(1 142 459)
Sum driftskostnadar		(2 627 152)	(2 368 233)
Driftsresultat		488 988	369 087
Inntekt frå investering i datterselskap	2	36 481	36 248
Inntekt frå investering i tilknytt selskap	3	3 151	11 742
Renteinntekt frå foretak i same konsern		316	607
Anna renteinntekt		2 387	993
Anna finansinntekt	3, 18, 20	1 941	43 619
Nedskriving av finansielle anleggsmiddel		(20 000)	-
Annan rentekostnad		(208 407)	(155 558)
Annan finanskostnad	18, 20	(33 853)	(17 135)
Netto finansinntekter/(kostnadar)		(217 983)	(79 484)
Ordinært resultat før skattekostnad		271 004	289 603
Skattekostnad på ordinært resultat	12	(63 471)	(49 396)
Årsresultat		207 534	240 207
Disponering (dekking) av årsresultatet:			
Overført til annan eigenkapital		207 534	240 207
Sum disponert (dekk)		207 534	240 207

Balanse per 31.12.

Beløp i NOK 1000	NOTE	31.12.2020	31.12.2019
EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Tomtar, bygningar, fast eigedom og infrastruktur	1	840 270	587 363
Maskinar og anlegg	1	964	1 542
Fartøy	1, 15	7 530 188	6 826 600
Driftslausøyre, inventar, verkty, kontormaskiner o.l.	1	30 406	37 954
Sum varige driftsmiddel		8 401 828	7 453 459
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i dotterselskap	2	127 766	124 207
Lån til foretak i same konsern	5, 6	58 700	94 800
Investeringar i tilknytte selskap	3	318 563	327 562
Investeringar i aksjar og andelar	4	840	840
Obligasjonar og andre fordringar	5	608	370
Pensjonsmidlar	13	-	14 733
Sum finansielle anleggsmiddel		506 477	562 512
Sum anleggsmiddel		8 908 305	8 015 972
Omlaupsmiddel			
Varer	7	20 161	22 408
Fordringar			
Kundefordringar	8	307 304	137 225
Andre fordringar	8	264 148	291 015
Fordring på selskap i same konsern	6	37 366	34 754
Sum fordringar		608 819	462 995
Bankinnskot, kontantar o.l.	15	372 732	465 277
Sum omlaupsmiddel		1 001 711	950 680
SUM EIGEDELAR		9 910 016	8 966 652

ÅRSMELDING OG REKNESKAP

EIGENKAPITAL OG GJELD

Beløp i NOK 1000	NOTE	31.12.2020	31.12.2019
EIGENKAPITAL			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	10, 11	250 000	250 000
Eigne aksjer		(3 617)	(3 617)
Overkurs		360 924	360 924
Sum innskoten eigenkapital		607 307	607 307
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	11	1 658 784	1 451 251
Sum oppent eigenkapital		1 658 784	1 451 251
Sum eigenkapital		2 266 091	2 058 558
GJELD			
Avsetningar for forpliktingar			
Utsett skatt	12	557 653	494 182
Andre avsetningar for forpliktingar	14	340 214	135 597
Sum avsetningar for forpliktingar		897 867	629 778
Anna langsiktig gjeld			
Obligasjonslån	15	996 393	991 250
Gjeld til kreditinstitusjonar	15	4 908 685	4 384 937
Sum anna langsiktig gjeld		5 905 078	5 376 187
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		146 451	201 136
Skuldige offentlege avgifter		93 505	96 216
Utbyte	11	-	126
Anna kortsiktig gjeld	16	531 284	505 196
Gjeld til selskap i same konsern	6	69 740	99 455
Sum kortsiktig gjeld		840 980	902 129
Sum gjeld		7 643 925	6 908 094
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		9 910 016	8 966 652

Styret i Fjord1 ASA

Florø, 30. mars 2021




Vegard Sævik
Styreleiar




Per Rolf Sævik
Styremedlem



Siri Hatland
Styremedlem



Birthe Cecilie Lepsøe
Styremedlem




Terje Hals
Styremedlem



Reuben Aguilar Samuels Munger
Styremedlem



Atle Olav Trollebø
Styremedlem



Dagfinn Neteland
Adm.dir.

ÅRSMELDING OG REKNESKAP

KONTANTSTRAUM

Beløp i NOK 1000	Note	2020	2019
Kontantstraum frå verksemda			
Resultat før skatt		271 004	289 603
Korrigering av resultatpostar utan effekt på likviditeten:			
Avskrivningar og nedskrivningar	1	473 192	325 422
Netto rentekostnadar		206 020	154 565
Inntekt frå investering i datterselskap	2	(36 481)	(36 248)
Inntekt frå investering i tilknytte selskap	3	(3 151)	(11 742)
Endring i pensjonsforpliktingar		14 733	-
(Vinst)/tap ved sal av egedelar	1	597	(4 350)
(Vinst)/tap frå realisasjon av aksjar og partar	3	-	(40 296)
Nedskrivning av finansielle egedelar		20 000	-
Arbeidskapitaljusteringar:			
Kundefordringar		(170 079)	(44 137)
Varer		2 247	1 641
Leverandørgjeld		(54 685)	(82 808)
Andre tidsavgrensingspostar		270 462	(134 494)
Kontantstraum generert frå verksemda		993 859	417 156
Betalte renter		(201 184)	(155 558)
Innbetalte renter		2 387	993
Betalt skatt	13	-	(73 676)
Netto likviditetsendring frå verksemda		795 063	188 916
Kontatstraum frå investeringsaktivitetar			
Kjøp av varige driftsmiddel	1	(1 427 614)	(2 328 311)
Kjøp av aksjar og partar	3	(11 000)	(38 696)
Utbyte frå datterselskap	2	317	2 460
Utbyte frå tilknytte selskap	3	3 151	11 742
Innbetaling frå sal av varige driftsmiddel	1	1 298	63 149
Netto innbetaling frå lånefordringar (korts./langs.)		(239)	2 221
Netto innbetaling frå lånefordringar til konsernselskap (korts./langs.)		36 100	41 332
Netto likviditetsendring frå investeringsaktivitetar		(1 397 987)	(2 246 103)
Kontatstraum frå finansieringsaktivitetar			
Opptak av langsiktig gjeld		1 210 506	3 369 739
Nedbetaling av langsiktig gjeld		(700 126)	(777 112)
Utbetalt utbyte		-	(269 874)
Netto likviditetsendring frå finansieringsaktivitetar		510 380	2 322 753
Netto endring i likvidar i året		(92 544)	265 566
Kontantar og kontantekvivalenter per 01.01.		465 277	199 711
Kontantar og kontantekvivalenter per 31.12.		372 732	465 277

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

Bruk av estimat

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med rekneskapslova krev bruk av estimat. Vidare krev bruk av selskapet sine rekneskapsprinsipp at leinga må utøve skjønn. Område som i stor grad inneholder slike skjønnsmessige vurderinger, høy grad av kompleksitet, eller område der føresetnader og estimat er vesentlege for årsrekneskapen, er gjort greie for i notane.

Rekneskapsprinsipp for aksjar i datterselskap og tilknytte selskap

Datterselskap er selskap der morselskapet har kontroll og dermed avgjérande innverknad på selskapet sin finansielle og operasjonelle strategi, normalt ved å eige meir enn halvparten av den røysteføre kapitalen. Investeringar i selskap der Fjord1 ASA eig 20-50 % av den røysteføre kapitalen og har vesentleg påverknad, blir definerte som tilknytte selskap. For oversikt over datterselskap og tilknytta selskap pr. 31. desember 2020, sjå note 2 og note 3.

Investeringar i selskap vurderer vi til kjøpskost for aksjane (kostmetoden), med mindre nedskrivning har vore naudsynt. Konsernbidrag til datterselskap, med frådrag for skatt, fører vi som auka kostpris for aksjane. Utbyte/konsernbidrag er inntektsført same året som det er avsett i rekneskapen for datterselskapet/det tilknytte selskapet. Når utbyte/konsernbidrag vesentleg overstig del av resultat som er halde tilbake i selskapet etter kjøpet, vurderer vi den overskytande delen som tilbakebetaling av investert kapital og trekkjer den fra verdien på investeringa i balansen.

Driftsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester blir inntektsførte i takt med utføringa.

Driftsinntekter, bil-, passasjer- og godsfraktnintekter, andre driftsinntekter og kontraktbetaling frå offentlege oppdragsgjevarar er inntektsførte i det året dei gjeld.

Kontraktbetalinga er balanseført som fordring dersom den ikkje fullt ut er innbetalt pr. årsskiftet.

Sal av verdikort for passasjerar og køyrety i ferjerutene vert inntektsført på brukstidspunktet der selskapet har ansvaret for unytta verdiar. Unytta verdiar blir klassifiserte som anna kortsiktig gjeld i balansen.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Egedelar meint til varig eige eller bruk, klassifiserer vi som anleggsmiddel. Egedelar som er knytte til varekretslopet, klassifiserer vi som omløpsmiddel. Fordringar blir klassifiserte som omløpsmiddel dersom dei skal tilbakebetalast i løpet av eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld legg vi analoge kriterium til grunn.

Omløpsmiddel blir vurdert til det lågaste av kjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld i norske kroner blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel vurderast til kjøpskost. I kjøpskost på driftsmiddel med lang tilverkingstid inngår også lånekostnader knytte til tilverkinga av driftsmiddelet. Varige anleggsmiddel som fell i verdi, blir avskrivne lineært over forventa økonomisk levetid.

Anleggsmiddel blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall, dersom rekneskapsreglane krev dette. Langsiktig gjeld i norske kroner blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Avsetjingar blir neddiskonterte dersom renteelementet er vesentleg.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel blir balanseført og avskrivne lineært over driftsmidla si forventa levetid dersom dei har ei forventa levetid på meir enn 3 år og har ein kostpris som overstig NOK 15.000. Når det gjeld avskrivingstid på investeringar/påkostingar/større utskiftingar, vil desse følgje antatt levetid på driftsmiddlet. Vesentlege driftsmiddel som er samansatt av større komponentar med ulik levetid, er dekomponert med ulik avskrivingstid for dei ulike komponentane.

Vedlikehald av driftsmiddel blir kostnadsført løpende under driftskostnader. Påkostingar eller forbetringer blir tillagt driftsmiddelet sin kostpris og blir avskrive i takt med driftsmiddelet. Skilnaden mellom vedlikehald og påkosting/forbeting reknar vi i høve til driftsmiddelet sin tekniske stand ved kjøp av middelet.

Alle skip inngår i eit årleg vedlikehaldsprogram. Klassifikasjonskostnader og vedlikehaldskostnader blir utgiftsførte i samband med det årlege vedlikehaldsprogrammet med unntak av hovudmotor, thrustarar og tilhøyrande utstyr, og 5-årsklassing. Kostnader til dette blir balanseført og avskrive over perioden fram til neste periodiske vedlikehald. Kostnadene blir balanseførte i balansen under skip og er spesifisert i note 1. Ved levering av nybygg balansefører ein del av kostpris som periodisk vedlikehald og det blir avskrive ved første periodiske vedlikehald.

Leigeavtalar

Ein leigeavtale blir klassifisert som finansiell eller operasjonell i samsvar med den enkelte avtalen sitt reelle innhald. Dersom det vesentlege av økonomisk risiko og kontroll knytt til det underliggende leigeobjektet er gått over på leigetakar, blir avtalen klassifisert som finansiell. Andre leigeavtalar blir klassifiserte som operasjonelle.

Driftsmiddel knytt til leigeavtalar vurdert som finansiell leasing, blir aktivert i balansen til verdien av vederlaget i leigeavtalen og blir avskrive som varige driftsmiddel. Avdragsdelen av leigevederlaget blir vist som langsiktig gjeld. Det samla vederlaget blir redusert med betalt leige etter frådrag for berekna rentekostnad.

For avtalar som blir klassifiserte som operasjonell leigeavtale, blir leigebetalingane handsama som ein driftskostnad som blir fordelt systematisk over heile leigeperioden.

Andre langsiktige aksjeinvesteringar

Kostmetoden blir brukt som prinsipp for investeringar i andre aksjar mv. Investeringane er vurdert til kostpris for aksjane med mindre nedskriving har vore naudsynt. Det er gjort nedskriving til verkeleg verdi når verdifall skuldast årsaker som ikkje tenkast å vere forbigeåande. Nedskrivingar er reversert når grunnlaget for nedskriving ikkje er tilstades.

Utdelingar blir rekneskapsført i utgangspunktet som finansinntekt, når utdelinga er vedteken. Dersom utdelingane vesentleg overstig del av opptent eigenkapital etter kjøpet, blir det overskytande ført til reduksjon av kostprisen.

Investering i tilknytte selskap og datterselskap

Investering i tilknytta selskap og datterseskap blir vurdert etter kostmetoden.

Nedskriving av anleggsmidlar

Ved indikasjon på at balanseført verdi av eit anleggsmiddel er høgare enn verkeleg verdi, gjennomfører vi test for verdifall. Vi vurderer om gjenvinningsbeløpet på anleggsmidla relatert til den tilhøyrande vurderingseininga overstig balanseført verdi. Testen blir gjennomført for det lågaste nivået av anleggsmiddel som har sjølvstendige kontantstraumar.

Attvinningsbeløp blir utrekna som det høgaste av vurderingseininga sin bruksverdi og netto salsverdi.

Med bruksverdi meiner vi noverdien av framtidige kontantstraumar som er forventa å oppstå frå vurderingseininga, medan netto salsverdi blir definert som skilnaden mellom marknadsverti på balansedagen og estimerte salskostnader. I dei tilfella anleggsmidla i vurderingseininga er bundne opp i kontraktar og ikkje kan realiserast utan at kontraktbrot blir hevd av avtaleparten, brukar ein berre bruksverdi som eit alternativ for attvinningsbeløp. Framtidige kontantstraumar omfattar vurderingseininga sine kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar samt tilhøyrande anleggsmiddel sin terminalverdi ved utgang av dei kontraktane som eventuelt er grunnlaget for vurderingseininga.

Dersom balanseført verdi er høgare enn både salsverdi og attvinningsbeløp, blir det gjennomført nedskriving til høgaste av salsverdi og attvinningsbeløp.

Tidlegare nedskrivingar blir reverserte dersom føresetnadene for nedskrivinga ikkje lenger er til stades (med unntak for nedskriving av goodwill).

Sikring

Selskapet har ikkje nytta verdisikring.

Kontantstraumsikring

Terminkontraktar som sikrar framtidige inn- og utbetalingar, blir rekneskapsførte ved realisasjon av terminkontraktane. Verdiendring på sikringsinstrumentet blir ikkje rekneskapsført. Sikringsobjektet blir rekneskapsført på transaksjonstidspunktet.

Selskapet nyttar ulike sikringsinstrument og fastprisavtalar for å sikre kontantstraumane, då særleg innan ulike typar drivstoff og renter. Bruk av sikringsinstrument vurderer selskapet opp mot reguleringsklausulane i dei aktuelle kontraktane. Om aktuelle reguleringsklausular for ein kontrakt ikkje blir vurdert til å gje tilfredsstillande dekning for prisutviklinga på aktuell innsatsfaktor, vil selskapet kunne bruke tilgjengelege sikringsinstrument for å redusere eller eliminere prisutviklingsrisikoen.

Drivstoff

Selskapet brukar terminkontraktar for å redusere prisrisikoen i drivstoffmarknaden for dei kontraktene som ikkje har reguleringsmekanisme for prisendring. I månader der aktuell marknadspris ligg over sikringsprisen, vil selskapet få utbetalt skilnaden frå motparten. I månader der aktuell marknadspris ligg under sikringsprisen, vil selskapet betale skilnaden til motparten. For aktuelt avtala volum, vil selskapet ha ein fastpris for avtalt periode.

Kortsiktige plasseringar

Kortsiktige plasseringar (aksjar og partar som er omløpsmidde) blir vurderte til det lågaste av gjennomsnittleg kjøpskost og verkeleg verdi på balansedagen. Motteke utbyte og andre utdelingar blir inntektsførte som anna finansinntekt.

Tapskontraktar/nedskriving av anleggsmidlar

Selskapet si verksemid inneber mellom anna at det blir inngått kontraktar med det offentlege om levering av kollektivtenester. For fleire av desse kontraktane har selskapet ein stor del av risikoen for utviklinga i flere kostnadsartar (t.d. løn, rente og drivstoff), utan at inntektene blir endra tilsvarande. Dette kan resultere i at kontraktane blir ulønsame dersom kostnadene aukar i større omfang enn inntektene. Selskapet målar difor noverdien av framtidige forventa kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar i den enkelte kontrakt, der estimerte utbetalingar omfattar alle unngåelege framtidige betalbare driftskostnader. Av- og nedskrivingar og finanskostnader er ikkje inkluderte.

I den grad den enkelte kontrakt blir rekna som ei kontantgenererande eining, blir kontantstraumen definert på same måten som den som blir lagt til grunn i nedskrivningstestar for anleggsmidla, med unnatak av at anleggsmidla sin terminalverdi ved utgangen av kontraktane ikkje blir tatt med. Dersom utrekningane viser ein negativ noverdi, balansefører vi dette beløpet som ei avsetjing. Før det eventuelt blir føreteke avsetjing for tapskontraktar, blir behovet for å gjere nedskriving av anleggsmidlane vurdert. Dette betyr at ein først gjer nedskriving på anleggsmidlane, før ein eventuelt gjere avsetjing for tapskontraktar.

Eventuell avsetjing for tapskontraktar, blir balanseført under avsetjing for forpliktingar (langsiktig gjeld). Avsetjing for tapskontraktar knytt til varekretsløpet eller som har forventa oppgjerstidspunkt innan eit år frå balansedagen, blir klassifisert som anna kortsiktig gjeld.

Avsetjinga/nedskrivinga blir reversert i takt med eventuell reduksjon av negativ noverdi i seinare periodar.

Ved ny utlysing av kontrakt på enkeltsamband innan ein eksisterande anbodspakke, gjer ein ei konkret vurdering om dette/desse sambanda kan vurderast som ein del av den opphavlege kontantgenererande eininga.

På fleire av anbodskontraktane har oppdragsgjevar opsjon på framhald av kontraktane. Det blir gjort ei vurdering om opsjonen vil bli utøvd og dermed skal inngå i kontantstraumane knytt til den kontantgenererande eininga.

Renter

Selskapet brukar rentebyteavtalar der vi avtalar renter og nedbetalingstid med ein motpart. I månader der aktuell marknadsrente ligg over nivået som vi har gjort sikringsavtale for, vil selskapet få utbetalt skilnaden rekna etter resterande del av hovudstol frå motparten. I månader der aktuell marknadsrente ligg under nivået vi har gjort sikringsavtale for vil selskapet betale skilnaden rekna etter resterande del av hovudstol til motparten. For avtalt beløp og periode vil selskapet ha fast rente gjennom slike avtalar. Selskapet har i mindre grad gjort seg bruk av avtalar der vi er sikra ein pris- eller rentekorridor. Målet med slike avtalar er å sikre seg mot konsekvensar ved ekstreme utslag på underliggende prisutvikling.

Varer

Lager av innkjøpte varer blir vurdert til det lågaste av kjøpskost etter FIFO-prinsippet og verkeleg verdi. Det blir gjennomført nedskriving for pårekneleg ukurans.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar blir ført opp i balansen til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap blir gjennomført på grunnlag av individuelle vurderinger av dei enkelte fordringane. I tillegg gjennomfører vi ei uspesifisert avsetjing for å dekke forventa tap på andre fordringar.

Andre fordringar, både omløpsfordringar og anleggfordringar, blir ført opp til det lågaste av pålydande og verkeleg verdi. Verkeleg verdi er noverdien av forventa framtidige innbetalinger. Det blir likevel ikkje gjennomført neddiskontering når effekten av neddiskontering er uvesentleg for rekneskapen. Avsetjing til tap blir vurdert på same måte som for kundefordringar.

Valuta

Transaksjonar i utanlandsk valuta blir omrekna til kursen på transaksjonstidspunkt. Pengepostar i utanlandsk valuta blir vurdert etter kurset ved slutten av rekneskapsåret. Valutakursendringar resultatføres i perioden i regnskapsperioden under finanspostar.

Pensjonar

Selskapet har ulike pensjonsordningar. Pensjonsordningane er finansierte gjennom innbetalingar til offentleg eller privat administrerte forsikringsplanar/-selskap, med unntak av AFP-ordningar og nokre ordningar som er dekte over drift. Selskapet har både innskotsplanar og yttingsplanar.

Innskotsplanar

Ved innskotsplanar betaler selskapet innskot til offentlege eller privat administrerte forsikringsplanar/-selskap. Selskapet har inga ytterlegare betalingsplikt etter at innskota er betalte. Innskota blir rekneskapsførte som personalkostnad. Eventuelle forskotsbetalte innskot blir balanseførte som egedel (pensjonsmidlar) i den grad innskotet kan refunderast eller redusere framtidige innbetalingar.

Yttingsplanar

Ein yttingsplan er ei pensjonsordning som ikkje er ein innskotsplan. Typisk er ein yttingsplan ei pensjonsordning som definerer ei pensjonsutbetalung som ein tilsett vil motta ved pensjonering. Pensjonsutbetalunga er normalt avhengig av fleire faktorar, som alder, tal år i selskapet og løn. Den balanseførte forpliktinga knytt til yttingsplanar er noverdien av dei definerte ytingane på balansedagen, minus verkeleg verdi av pensjonsmidlane (innbetalte beløp til forsikringsselskap), justert for ikkje resultatførte estimatavvik og ikkje resultatførte kostnader knytte til pensjonsopptening i tidlegare periodar. Pensjonsforpliktinga blir utrekna årleg av ein uavhengig aktuar ved bruk av ein lineær oppteningsmetode.

Planendringar blir amortiserte over forventa attverande opptenningstid. Det same gjeld estimatavvik som skuldast ny informasjon eller endringar i dei aktuarmessige føresetnadene, i den grad dei overstig 10% av den største av pensjonsforpliktingane og pensjonsmidlane (korridor).

Skatt

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både den betalbare skatten i perioden og endring i utsett skatt. Utsett skatt blir rekna med aktuell skattesats (22 %) på grunnlag av dei mellombelse skilnader som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar samt eventuelt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som blir reverserte eller kan reverserast i same periode, blir utlikna. Oppføring av utsett skattefordel på netto skattereduserande skilnader som ikkje kan utliknast og er underskot til framføring, er grunna ut frå venta framtidig inntening. Utsett skatt og skattefordel som kan balanseførast, er oppført netto i balansen.

Ved oppkjøp av selskap vurderer ein om ein skal bruke noverdien av den utsette skatten på dei mellombelse skilnadene.

Skatt på avgitt konsernbidrag som blir ført som auka kostpris på aksjar i andre selskap og skatt på motteke konsernbidrag som blir ført direkte mot eigenkapitalen, fører vi direkte mot skatt i balansen (føringa skjer mot betalbar skatt dersom konsernbidraget har verknad på betalbar skatt og mot utsett skatt om konsernbidraget har verknad på utsett skatt).

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga blir utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar som omgåande og med uvesentleg kursrisiko kan konverterast til kjende kontantbeløp og med forfallsdato kortare enn tre månader frå opphavsdato.



NOTE 1

VARIGE DRIFTSMIDDEL

BELØP I NOK 1000

VARIGE DRIFTSMIDDEL 2020	Bygningar, eigedom og tomt	Infrastruktur under oppføring	Infrastruktur	Fartøy	Fartøy under oppføring	Transport- middel	Driftslausøyre, verktøy, inventar med meir	Sum varige driftsmidler
Kostpris og ordinære avskrivinger								
Kostpris 01.01	114 154	484 370	35 339	9 265 385	529 135	2 665	212 666	10 643 714
+ tilgang i år	1 133	276 481	-	1 136 227	-	-	13 773	1 427 614
+ tilgang overført av ferdige driftsmidler	-	(402 960)	402 960	281 175	(281 175)	-	-	-
- avgang i år	(1 641)	-	-	(3 755)	-	(239)	(419)	(6 054)
Kostpris 31.12.	113 646	357 891	438 299	10 679 032	247 960	2 426	226 020	12 065 274
Akkumulerte ordinære avskrivinger 31.12.	51 940	-	17 627	3 292 439	-	1 462	185 905	3 549 373
Akkumulert nedskriving 31.12.	-	-	-	104 365	-	-	9 709	114 074
Rekneskapsmessig bokført verdi 31.12.	61 706	357 891	420 672	7 282 228	247 960	964	30 406	8 401 828
Årets avskrivinger	6 617	-	16 449	413 794	-	340	11 193	448 393
Årets revsersering av nedskriving	-	-	-	-	-	-	-	-
Årets nedskrivinger	-	-	-	15 090	-	-	9 709	24 799
Økonomisk levetid	0-30 år		10-15 år	5-40 år		5-10 år	3-5 år	
Avskrivingsplan	Linær		Linær	Linær		Linær	Linær	

Vinst ved sal av driftsmiddel er klassifisert som andre driftsinntekter.

TILGANGAR

Tilgangar i perioden er netto med fråtrekk for motteken NOx-støtte for nye fartøy.

Sju fartøy vart levert i 2020: MF Florøy, MF Grip, MF Bømlafjord, MF Smøla, MF Sildafjord, MF Møringen og MF Stangvikfjord

AVGANGAR

Tre fartøy og ein eigedom vart seld i 2020, fartøya som var seld var: MF Goma, MF Ørsta og MF Tingvoll. Eigedommen: Smedsplassen 19, 6940 Eikefjord

NEDSKRIVING AV BILLETTUTSTYR

Selskapet har identifisert nedskrivingsindikatorar knytt til sitt billettutstyr. Overgangen til AutoPASS har redusert behovet for manuell bilettering og som følgje av dette har ein innrekna ei nedskriving på NOK (9,7) millionar knytt til overflødig utstyr.

NEDSKRIVING AV FARTØY

Selskapet har i løpet av 2020 identifisert nedskrivingsindikatorar for selskapet sine skip i ferjesegmentet, som utløp av fleire kontraktar. Vidare har selskapet identifisert indikasjonar på at nedskrivingsbehov, der nedskriving er teke i tidlegare periodar, er redusert eller ikkje lenger eksisterer per balansedato, som følgje av utløp av kontraktar.

Grunna identifiserte indikatorar har selskapet gjennomført nedskrivingstestar på skipa ved å estimere beløp som kan attvinnast. Kvar ferjekontrakt, og alle skip dedikert for bruk på dei ulike ferjekontraktane, har blitt identifisert som eigne kontantstraumgenerande einingar (KGEar).

Når potensiell nedskriving av dei ulike ferjekontraktane har blitt vurdert, har selskapet vurdert attvinnbare beløp for kvar kontrakt basert på verkeleg verdi fråtrukke avhendingskostnadene. Verkeleg verdi er basert på ein kalkulert netto noverdi av framtidige kontantstraumar for kvar ferjekontrakt, med ein residualverdi lik ein estimert

verdi på skipet etter utløpet av dei ulike ferjekontraktane basert på to uavhengige meglarverdsetjingar. Meglarverdiane er redusert med ein estimert salskommisjon, som er dei estimerte avhendingskostnadane. Ei reversering av nedskrivningar av skip teke i tidlegare periodar blir gjennomført når høve og bevis indikerer at nedskrivningsbehov identifisert i tidlegare periodar ikkje lenger eksisterer eller der nedskrivningsbehovet er redusert.

Basert på nedskrivingstestar gjennomført per 31. desember 2020 har Selskapet identifisert nedskriving for tre kontrakter per 31. desember 2020, samt reversert nedskriving av ei kontrakt:

Nedskriving av tre kontrakter

Som følgje av at ein på enkelte kontrakter har hatt overskridinger på investeringar samanlikna med det som vart lagt til grunn ved innlevering av anbod eller høgare driftskostnadar enn venta, har selskapet berekna nedskriving av tre kontrakter. Som eit resultat av berekninga, har konsernet skrive ned verdien av desse tre kontraktene til den estimerte verkelege verdien med fråtrekk for salskostnadar.

Den verkelege verdien har vorte estimert på bakgrunn av den resterande verdien av kontraktene og gjenverande verdi ved utgangen av kontrakt.

Reversering av nedskriving på ei kontrakt

For ei av konsernet sine kontrakter er det ikkje lenger grunnlag for tidlegare berekna nedskriving og som følgje av dette har denne vorte reversert.

Kontantstraumen er diskontert med ein estimert vekta gjennomsnittleg kapitalkostnad (WACC). Kontantstraumane er berekna etter skatt og diskontert med ei diskonteringsrente etter skatt. Den nominelle vekta gjennomsnittlege kapitalkostnadene (WACC) nyttta i berekningane er 6%.

NOTE 2

OPPLYSNINGAR OM DOTTERSELSKAP

BELØP I NOK
1000

Dottersekskap	Kontor-stad	Eigar-del	Røyste-rett	Aksje-kapital	Totalt tal på aksjar	Tal på aksjar	Eigen-kapital i datter-selskap	Resultat i dotter-selskap	Bokført verdi	Avgjeve utbyte (Fjord1 sin del)	Avgjeve konsern-bidrag
Hareid Trafikkterminal AS	Hareid	63%	63%	1 200	1 200	760	6 889	1 314	768	317	-
F1 Administrasjon AS	Florø	100%	100%	1 500	15 000	15 000	13 990	5 222	4 082	-	-
Bolsønes Verft AS	Molde	100%	100%	100	100	100	8 072	1 657	25 816	-	2 816
ÅB Eigedom AS	Årdal	66%	66%	2 750	2 750	1 814	7 863	42	6 038	-	-
Måløy Reisebyrå AS	Måløy	100%	100%	300	50	50	4 774	581	2 519	-	742
Fanafjord AS	Florø	100%	100%	400	1 000	1 000	10 168	-88	4 407	-	-
Nye Fanafjord AS	Florø	90%	90%	30	30 000	27 000	104 596	25 766	84 135	-	32 606
Sum							156 353	34 493	127 766	317	36 164

NOTE 3

AKSJAR OG PARTAR I TILKNYTTE SELSKAP

BELØP I NOK 1000

Tilknytte selskap	Forretningskontor	Eigardel/stemmedel	Kostpris	Resultat i 2020	Bokført eigenkapital 31.12.20	Avgjreve utbytte (Fjord1 sin del)
The Fjords DA	Flåm	50,0 %	0,270	(41 765)	540	-
The Fjords Fartøy I DA	Flåm	50,0 %	15 400	935	33 308	-
The Fjords Fartøy II DA	Flåm	50,0 %	19 625	1 042	40 292	1 000
The Fjords Fartøy III DA	Flåm	50,0 %	16 910	644	34 270	-
Sognefjorden Farty I AS	Flåm	50,0 %	630	(38)	861	-
Partsrederiet Kystekspressen ANS	Trondheim	49,0 %	13 382	12 886	46 368	2 151
WF Holding AS*	Bodø	34,0 %	178 600	(86 091)	882 863	-
Fjord Tours Group AS	Oslo	50,0 %	74 015	(54 355)	231 495	-
Sum			318 563	(166 742)	1 269 997	3 195

* WF Holding AS er datterselskap av Torghatten ASA som utarbeidar konsernregnskap der selskapet inngår i konsolideringa. Morselskapet sitt forretningskontor har adresse Havnegata 40, 8900 Brønnøysund.

THE FJORDS DA

Det vart gjennomført ei kapitalauke i den felleskontrollerte verksemda i mai 2020 der Fjord1 ASA betalte inn NOK 5 millionar tilsvarende konsernet sin del av investeringa i selskapet på 50%. Ei ny kapitalauke på NOK 5 millionar tilsvarende Fjord1 ASA sin del vart gjennomført i juli 2020. Investeringa i selskapet vart nedskrivne med NOK 20 millionar i 2020.

THE FJORDS FARTØY III DA

Det vart gjennomført ei kapitalauke i den felleskontrollerte verksemda i juni 2020 der Fjord1 ASA betalte inn NOK 1 million tilsvarende konsernet sin del av investeringa i selskapet på 50%.

FJORD TOURS GROUP AS

Fjord Tours Group AS (tidlegare Vy Fjord1 Reiseliv AS) er innrekna som ei felleskontrollert verksemad og er eigd 50% av Fjord1 ASA. Fjord Tours driver verksemd innanfor reiseliv, med fokus på kollektivbaserte rundreiser og ein kundebase som

historisk i all hovudsak har vore internasjonal. Det forventast difor at effektane av covid-19-pandemien vil ha ein betydeleg påverknad på selskapet si inntening frå 2020 og i ein periode fram til marknaden har normalisert seg. Som eit resultat av dette er det gjort ei nedskrivningsvurdering i samband med utarbeidinga av tertial-rekneskapen.

Vurderinga er gjort på grunnlag av ei «base case» prognose for åra framover og reflekterer både noverande situasjon og forventningar om framtidig normalisering av marknaden og kontantstraumar. Selskapet har brukt ein vekta gjennomsnittleg kapitalkostnad («WACC») på 12,1% og i berekningane som er gjort fører det til ei nedskriving av investeringa på NOK 20 millionar (Fjord1 ASA sin del). Dersom WACC hadde auka med 0,5% ville nedskrivinga auka med NOK 5 millionar, mens ein reduksjon på 0,5% ville ført til ei redusert nedskriving på NOK 5 millionar. Dette er gitt at dei andre forutsetningane i berekninga er holdt uendra.

**NOTE 4****INVESTERINGAR I AKSJAR OG DELAR****BELØP I NOK 1000****Selskap**

Fjord Invest AS

Andre aksjar og andelar

Sum aksjar og andelar**Bokført verdi**

100

741

840**NOTE 5****OBLIGASJONAR OG ANDRE FORDRINGAR****BELØP I NOK 1000****31.12.2020****31.12.20219**

Lån tilsette

105

201

Andre langsiktige fordringar

503

169

Sum andre fordringar**608****370**

NOTE 6

MELLOMVÆRANDE MED SELSKAP I SAME KONSERN OG TILKNYTTE SELSKAP

BELØP I NOK 1000	Sal		Kjøp	
Konsernselskap	2020	2019	2020	2019
F1 Administrasjon AS	349	619	138 144	152 537
Bolsønes Verft AS	271	440	7 892	8 072
Måløy Reisebyrå AS	-	-	1 588	2 888
Hareid Trafikkterminal AS	378	606	15	89
Nye Fanafjord AS	44	44	4 575	45 634
Fanafjord AS	28	27	-	-
Sum konsernselskap	1 070	1 737	152 214	209 221

Tilknytte selskap	2020	2019		
The Fjords DA	26 409	27 614	-	-
The Fjords Fartøy I DA	-	280	-	-
The Fjords Fartøy II DA	-	-	-	-
The Fjords Fartøy III DA	304	-	-	-
Geiranger Fjordservice AS	-	4	-	-
Sum tilknytte selskap	26 713	27 898	-	-

BELØP I NOK 1000	Kortsiktige fordringar		Langsiktige fordringar	
Konsernselskap	31.12.2020	31.12.2019	31.12.2020	31.12.2019
F1 Administrasjon AS	519	-	-	-
Bolsønes Verft AS	3 053	2 027	13 500	14 400
Måløy Reisebyrå AS	742	1 081	-	-
Hareid Trafikkterminal AS	-	-	200	400
Nye Fanafjord AS	33 053	31 647	45 000	80 000
Fanafjord AS	-	-	-	-
Sum konsernselskap	37 366	34 754	58 700	94 800

BELØP I NOK 1000	Kortsiktige fordringar		Langsiktige fordringar	
Tilknytte selskap	31.12 2020	31.12 2019	31.12 2020	31.12 2019
The Fjords DA	4 831	2 304	-	-
The Fjords Fartøy II DA	-	-	-	-
Sum tilknytte selskap	4 831	2 304	-	-

BELØP I NOK 1000	Kortsiktig gjeld				Langsiktig gjeld	
	31.12.2020	Anna gjeld	Konsernkonto	31.12.2019	Anna gjeld	Konsernkonto
F1 Administrasjon AS	12 250	15 554		13 814	12 456	-
Bolsønes Verft AS	3 861	-		2 182	-	-
Måløy Reisebyrå AS	798	4 423		440	5 481	-
ÅB Eigedom AS	-	5 306		-	5 297	-
Hareid Trafikkterminal AS	-	4 496		9	3 807	-
Nye Fanafjord AS	3 875	19 177		6 307	49 661	-
Sum konsernselskap	20 783	48 956		22 753	76 702	-

NOTE 7 VARER

BELØP I NOK 1000	31.12.2020	31.12.2019
Gassbeholdning fartøy	2 027	2 856
Oljebeholdning fartøy	16 049	16 848
Varer kjøpt for vidaresal	2 086	2 704
Varer	20 161	22 408

Varelager består av varer kjøpt inn for vidaresal, samt beholdning MGO, biodiesel og LNG. Det er ikke gjort nedskrivning for ukurans. Bokført verdi er satt til det lågaste av innkjøpskostnad og verkeleg verdi.

NOTE 8 KUNDEFORDRINGAR

BELØP I NOK 1000	31.12.2020	31.12.2019
Kundefordringar til pålydande 31.12.	307 327	138 161
Delkredereavsetning 31.12.	(23)	(936)
Kundefordringar	307 304	137 225
Årets faktiske tap på fordringar	(268)	181
Tap på fordringar	(268)	181

Tap på fordringar inngår i posten andre driftskostnadar.

NOTE 9

ANDRE KORTSIKTIGE FORDRINGAR

BELØP I NOK 1000	31.12.2020	31.12.2019
Forskotsbetingar	58 376	15 041
Andre fordringar	2 607	10 116
Andre periodiseringar - inntekter	180 950	229 300
Havarikrav	10 697	23 085
Meirverdiavgift til gode	11 520	13 474
Andre kortsiktige fordringar	264 148	291 015

NOTE 10

AKSJEKAPITAL OG AKSJONÆRAR

Aksjekapital i Fjord1 ASA var per 31.12.2020 250 000 000 fordelt på 100 000 000 aksjer pålydande kr 2,50 pr. aksje. Det er kun ein aksjeklasse i selskapet.

	Tal på aksjar	Eigardel
HAVILAFJORD AS	55 476 516	55,5 %
HAVILAFJORD HOLDING 2 AS	18 459 849	18,5 %
HAVILAFJORD HOLDING AS	11 023 484	11,0 %
CITIBANK, N.A.	3 850 000	3,9 %
DZ PRIVATBANK S.A.	3 131 680	3,1 %
CLEARSTREAM BANKING S.A.	1 195 989	1,2 %
BROWN BROTHERS HARRIMAN & CO.	1 068 326	1,1 %
PICTET & CIE (EUROPE) S.A.	650 000	0,7 %
SKANDINAViska ENSKILDA BANKEN AB	472 264	0,5 %
CITIBANK, N.A.	410 051	0,4 %
GH HOLDING AS	354 020	0,4 %
HVALSUND MILJØLANDBRUK AS	289 218	0,3 %
THE BANK OF NEW YORK MELLON	215 000	0,2 %
EUROCLEAR BANK S.A./N.V.	200 000	0,2 %
VERDIPAPIRFONDDET STOREBRAND	174 318	0,2 %
BANQUE DE LUXEMBOURG S.A.	174 200	0,2 %
BANK JULIUS BÄR & CO. AG	160 090	0,2 %
VERDIPAPIRFONDDET KLP AKSJENORGE IN	141 515	0,1 %
SIX SIS AG	121 812	0,1 %
FJORD1 ASA	90 402	0,1 %
Sum eigd av dei 20 største	97 658 734	97,7 %
Andre	2 341 266	2,3 %
Sum aksjar	100 000 000	100 %

Aksjar eigd av leiargruppa

	Tal på aksjar 31.12.2020
Dagfinn Neteland (Administrerande direktør)	59 988
Anne-Mari Sundal Bøe (Økonomi- og finansdirektør)	17 939
André Høyset (Driftsdirektør)	18 005
Deon Mortensen (Sikkerheit - og maritim teknisk direktør)*	15 710
Nils Kristian Berge (Teknologi & Prosjektdirektør)	10 720
Sum aksjar eigd av leiargruppa	122 362

*Sikkerheit - og maritim teknisk direktør fram til 01.07.2020

Aksjar eigd av styret

	Tal på aksjar 31.12.2020
Vegard Sævik (Styreleiar)	*
Per Rolf Sævik (Styremedlem)	*
Siri Hatland (Styremedlem)	-
Reuben Aguilar Samuels Munger (Styremedlem frå 24.02.2020)	-
Birthe Cecilie Lepsøe (Styremedlem frå 24.02.2020)	-
Hege Sævik Rabben (Varamedlem frå 07.06.2019)	*
Atle Olav Trollebø (Tillitsvald)	1 400
Terje Hals (Tillitsvald frå 25.06.2019)	-
Anders Gjestad (Varaobservatør/Tillitsvald)	290
Reidar Tangen (Varamedlem/Tillitsvald)	624
Ole Kjell Eidem (Varamedlem/Tillitsvald)	624
Karl-Andreas Grinde Pedersen (Varamedlem/tillitsvald frå 25.06.2019)	318
Bjørn Sørli (Varamedlem/tillitsvald frå 25.06.2019)	290
Anne-Mone Strandmann (Varamedlem/tillitsvald)	-
Thomas Rakstang (Observatør/Tillitsvald)	-
Egil Kirkebø (Varaobservatør/Tillitsvald frå 25.06.2019)	-
Daniel Nedreliid (Observatør/tillitsvald frå 25.07.2017 til 19.01.2018 og igjen frå 25.06.2019)	457
Sum aksjar eigd av styret	4 003

* Eigarar av aksjar gjennom andre føretak: Vegard, Hege og Per Sævik gjennom Havilafjord AS.

** I tillegg er det utbetalta 80 000 kroner til styrets valgkomité og 6 000 møtegodtgjersle til styrets medlemmer.

Selskapet har ikkje gjeve noko lån, garantiar eller andre forpliktingar til nokon av styrets medlemmer eller til noko medlem av den leiande gruppa.

NOTE 11

EIGENKAPITAL

Endring av eigenkapital i året:

BELØP I NOK 1000	Aksjekapital	Eigne aksjar	Overkurs	Anna eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital 01.01.2020	250 000	(3 617)	360 924	1 451 251	2 058 558
Årets resultat				207 534	207 534
Eigenkapital 31.12.2020	250 000	(3 617)	360 924	1 658 785	2 266 092

Eigne aksjar

Oversikt over kjøp og avhending av eigne aksjar

2020			
BELØP I NOK 1000	Tal på aksjar	Vederlag	Del av aksjekapital
Behaldning 1. januar	90 402	3 617	1,4 %
Behaldning av eigne aksjar 31. desember	90 402	3 617	1,4 %

Den 12. mai 2020 vedtok den ordinære generalforsamlingen i Fjord1 ASA å gi fullmakt til styret i selskapet til å erverve eigne aksjer. I henhold til fullmakta kan Fjord1 kjøpe eigne aksjer, med samla pålydande på inntil NOK 3 000 000. Det høgaste og lågaste beløp som kan betalast per aksje er høvevis NOK 100 og NOK 2,50. Fullmakta gjeld fram til ordinær generalforsamling i 2021, seinast 30. juni 2021.

Styret i Fjord1 har vedtatt å igangsette eit tilbakekjøpsprogram basert på fullmakta. Aksjer erverva under tilbakekjøpsprogrammet vil bli utdelt til leiande ansette under det etablerte bonusprogrammet for leiande ansette, der 50 % av bonusen skal gjerast opp i form av aksjer i Fjord1, som redegjort for i ledelønnserklæringen

behandlet av ordinær generalforsamling 22. mai 2018. Det maksimale antall aksjer som kan erverves i markedet for utdeling til de ansatte er 110 000.

Fjord1 har engasjert Nordea Markets til å gjennomføre tilbakekjøpsprogrammet på sine vegne.

NOTE 12**REKNESKAPSMESSIG HANDSAMING AV SKATT****Beløp i NOK 1000****Betalbar skatt kjem fram slik slik:**

	2020	2019
Ordinært resultat før skatt	271 004	289 603
Permanente skilnader	(17 500)	(47 555)
Grunnlag betalbar skatt	253 504	242 048
Endring i midlertidige resultatskilnader	(288 503)	(234 373)
Fremførbart underskot	(344 970)	(89 825)
Skattepliktig inntekt (grunnlag for betalbar skatt)	(379 969)	(82 150)

Årets skattekostnad kjem fram slik:

Betalbar skatt på årets resultat	-	-
Endring betalbar skatt på fjorårets resultat	-	(13 452)
Endring utsett skatt/skattefordel i balansen	63 471	62 849
Årets totale skattekostnad	63 471	49 396

Betalbar skatt i balansen kjem fram slik:

Betalbar skatt på årets resultat

Sum betalbar skatt**Spesifikasjon av grunnlag for utsett skatt:****Skilnadar som vert utligna:**

Driftsmiddel	3 102 434	2 326 488
Fordringar	(23)	(936)
Vinst - og tapskonto	66 732	85 090
Periodisering kontraktsbetaling	(340 214)	(135 597)
Pensjonar	-	14 733
Andelar i deltakerliknande selskap	8 753	(12 114)
Andre forskjellar	42 072	58 442
Underskot og godtgjersle til framføring	(344 970)	(89 825)
Grunnlag for utsett skatt/skattefordel i balansen	2 534 784	2 246 281

Utsett skattefordel/utsett skatt

Utsett skattefordel i rekneskapen**Utsett skatt****Avstemming av skattekostnaden:**

Regnskapsmessig resultat før skatt	271 004	289 603
Forventa skattekostnad (22%)	59 621	63 713
Skattekostnad i resultatregnskapet	63 471	49 396
Avvik	3 850	(14 316)

Forklaring av avvik:

22% av permanente skilnadar	(3 850)	(10 462)
Endring betalbar skatt på fjorårets resultat	-	(13 452)
Andre forskjeller	-	9 599
Sum forklart avvik	(3 850)	(14 316)

Tenestepensjonsordningar

Fjord1 ASA har kollektive tenestepensjonsordningar for alle tilsette. Ordningane oppfyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Bidragsbaserte pensjonsordningar

Selskapet har avvikla sine bidragsbaserte ordningar med verknad frå 01.01.2020.

Kollektive bidragsbaserte pensjonsordningar er vorte handsama rekneskapsmessig i samsvar med norsk standard for pensjonar. Ordningane gjev rett til definerte framtidige bidrag. Desse er i hovudsak avhengig av talet på opptenningsår, lønnsnivå, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytinga frå folketrygda. Pensjonskostnad og forplikting/midlar er i noten vist under sikra pensjonsordningar.

Innskotsbaserte pensjonsordningar

Innskotsbaserte pensjonar er ordningar der selskapet forpliktar seg til å betale ein årleg premie. Pensjon er avhengig av innbetalte midlar og avkastninga på desse. For selskapet er årets kostnad lik årets premie. Ordninga inneberer ei oppsparing på 3% av løn inntil 7,1G (Grunnbeløpet) og 15% av løn inntil 12G.

I tillegg har dei tilsette ei ordning i pensjonstrygden for sjømenn (PTS) som dekka 1 184 personar per 31.12.2020.

Pensjonskostnad bidragsbaserte ordningar**Pensjonskostnad:**

	2020	2019
Noverdi av pensjonsopptening i året	-	4 709
Rentekostnad av pensjonsforpliktingane	-	1 524
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	-	(2 381)
Resultatført planendring	17 474	-
Resultatføring av estimatavvik	(2 741)	(167)
Netto pensjonskostnad	14 733	3 686

Endring i påløpt forplikting

	31.12.2020	31.12.2019
Påløpt forplikting ved byrjinga av året	57 167	59 578
Noverdi av pensjonsoppteninga i året	-	4 709
Rentekostnad på pensjonsforpliktingane	-	1 524
Planendring	(63 952)	-
Estimatendringar	6 785	(6 711)
Utbetalte ytingar frå ordningane	-	(1 934)
Påløpt forplikting ved utgangen av året	-	57 167

Endring i pensjonsmidlar

	31.12.2020	31.12.2019
Verkeleg verdi av pensjonsmidlane ved byrjinga av året	76 782	80 978
Estimatendringar	4 643	(14 333)
Avkastning på pensjonsmidlane	-	2 381
Innbetalt	(81 426)	9 690
Utbetalte pensjonar frå ordningane	-	(1 934)
Verkeleg verdi av pensjonsmidlane ved utgangen av året	-	76 782

	2020	2019
Avstemming av pensjonsordningane sin finansierte status mot beløp i balansen:		
Netto pensjonsmidler	-	19 616
Ikkje resultatførde estimatavvik	-	(4 883)
Sum netto pensjonsmidlar (+) forpliktning (-)	-	14 733
Sum netto pensjonsmidlar (+) forpliktning (-) er i rekneskapen balanseført som:		
Overfinansierte ordninger	-	14 733
Sum netto pensjonsmidlar (+) forpliktning (-)	-	14 733
Tal aktive tilsette i ordninga som inngår i pensjonsberekingane:		
Tal pensjonistar i ordninga som inngår i pensjonsberekingane:	-	1051
Tal pensjonistar i ordninga som inngår i pensjonsberekingane:		
Selskapet sine totale pensjonskostnader (bidragsbaserte og innskotsbaserte)		
	2020	2019
Kostnad bidragsbaserte ordninger ifølgje note	14 733	3 686
Kostnad innskotsbaserte ordninger	46 020	35 398
Sum pensjonskostnad	60 753	39 084
Avstemming av selskapet sine pensjonsmidlar/forpliktning mot balansen:		
Midlar	2020	2019
Overfinansierte bidragsbaserte ordninger	-	14 733
Sum pensjonsmidlar oppført som eigendel i balansen	-	14 733
Forpliktning	2020	2019
Underfinansierte ordninger	-	-
Sum pensjonsforpliktning oppførte som gjeld i balansen	-	-
Økonomiske føresetnader for berekning av bidragsbasert pensjon		
	2020	2019
Diskonteringsrente	0,00 %	2,30 %
Forventa regulering av løn	0,00 %	2,20 %
Forventa auke av pensjonar under utbetaling	0,00 %	0,50 %
Forventa G-regulering	0,00 %	2,00 %
Forventa avkastning på pensjonsmidlar	0,00 %	3,80 %

NOTE 14**ANDRE AVSETNINGAR**

	31.12.2020	31.12.2019
Avsatt kontraktsbetaling	4 823	8 120
Forskotsbetaling infrastruktur	335 391	127 476
Sum andre avsetningar	340 214	135 597

Avsetning kontraktsbetaling vert periodisert med utgangspunkt i skilnad mellom nedbetalingstida for driftsmiddel som er lagt til grunn i kontraktar med det offentlege, og dei rekneshapsmessige avskrivingane.

Forskotsbetaling for infrastruktur gjelder oppdragsgjevera sitt kjøp av infrastruktur som Fjord1 ASA har bygd som del av kontraktsforutsetningane. Fjord1 ASA nytta infrastrukturen i

kontraktsperioden og inntektsfører beløpa i takt med bruken av infrastrukturen over kontraktsperioden.

NOTE 15**PANTSTILLING, GARANTIASVAR OG LIKNANDE**

BELØP I NOK 1000	31.12.2020	31.12.2019
Renteberade gjeld		
Usikra		
Obligasjonslån *	1 002 143	1 000 000
Amortisert kost	5 750	8 750
Sum obligasjonslån	1 007 893	1 008 750
Sikra		
Gjeld til kreditinstitusjonar	4 945 008	4 434 628
Amortisert kost	36 322	49 692
Sum gjeld til kreditinstitusjonar	4 908 685	4 384 936
Sum langsiktig gjeld	5 916 578	5 393 686

* Verkelig verdi obligasjonslån per 31.12.2020 er basert på siste omsetningskurs frå Oslo Børs på 99,1 som gjev ein samla verdi på 991 000.

	Saldo 31.12.2020	Avdrag år 2021	Avdrag år 2022	Avdrag år 2023	Avdrag år 2024	Avdrag år 2025	Avdrag år 2026 eller seinare
Obligasjonslån	1 002 143	-	1 002 143	-	-	-	-
Gjeld til kredittinstitusjonar	4 945 008	1 160 484	829 219	324 241	983 470	810 690	836 903
Sum	5 947 151	1 160 484	1 831 362	324 241	983 470	810 690	836 903
31.12.2020 31.12.2019							
Sum gjeld med løpetid lengre enn 5 år	836 903	1 200 994					

Renta på obligasjonslånet vert regulert med tre månaders intervall iht. 3M NIBOR med eit fast marginpåslag på 3,5 %. Gjennomsnittleg 3M NIBOR var 0,70 % i 2020 medan den var 1,55 % i 2019. Hovedstolen av øvrig gjeld til kredittinstitusjonar som er pr 31.12.20 har ei rente på 6M NIBOR som var gjennomsnittleg 0,78 % i 2020 medan den var 1,69 % i 2019, der margin varierer mellom 1,70 % til 2,80 %. Deler av låna er garantert via GIEK. GIEK-margin varierer mellom 1,36 % - 2,29 % der andel margin til kredittinstitusjonane på denne låneandelen er mellom 0,44 % - 0,81 %.

Finansielle lånevilkår

Dei mest vesentlege låneavtalene krev at konsernet oppfyller følgjande finansielle vilkår:

- NIBD/EBITDA kan høgst vere 5
- Eigenkapitaldel over 22,5 %
- Kontraktvolum (NIBD/kontraktinntekt)

Det vart gjort ei endring i låneforutsetnadane til selskapet sine gjeld til kredittinstitusjonar i mai 2020, der krav om eigenkapitaldel på 22,5% vart forlenga til og med 30. juni 2021.

Obligasjonslånet inkluderar følgjande finansielle lånevilkår:

- Minimum eigenkapitaldel på 22,5 % for perioden på ti kvartal, som starta frå 1. januar 2019 og 25 % til ei kvar tid etter dette (forlenga frå seks kvartal til ti kvartal i juni 2020)
- Minimum likviditet på NOK 75 millionar

I samband med endring av låneforutsetnader av obligasjonslånet i juni 2020, vil lånet ved forfall vere til ein pris lik 101 prosent av den nominelle verdien.

Sidan låna har flytande rente og stabil kredittmargin over tid er verkeleg verdi av langsiktig gjeld til kredittinstitusjonar ikkje vurdert å vere vesentleg avvikande frå bokført verdi

Påløpne renter per 31.12.2020 er på NOK 24 millionar og er klassifisert som kortsiktig då det forfaller til betaling første halvår etter årsslutt.

	31.12.2020	31.12.2019
Sum garantiansvar, kausjonsansvar, garanti for trafikkløyve o.l.	392 418	1 082 262

Det foreliggjer ikkje andre garantiforpliktingar enn dei som er oppgitt ovanfor. Alle garantiforpliktingane går via Nordea og DnB.

Bokført verdi av egedelar som er stilte som sikkerheit

	31.12.2020	31.12.2019
Fartøy	7 530 188	6 826 600
Sum	7 530 188	6 826 600

Fjord1-konsernet sin likviditet er organisert i ei konsernkonto-ordning hos Nordea. Konsernkontosystemet er oppretta for å bidra til ei optimal likviditetsstyring i Fjord1-konsernet. I denne ordninga er Fjord1 ASA konsernkontoeigar og dermed eigar av bankmidlane. Selskapa sine driftskontoer inngår her, og alle selskapa har solidaransvar for innskudd i konsernkontoordninga.

Dotterselskapa sine underkonti blir formelt sett handsama som krav og gjeld på morselskapet Fjord1 ASA. Total tilgodehavande i konsernet si konsernkonto-ordning per 31.12.2020 er NOK 298,6 millionar. Dette er klassifisert som bankinnskot i reknepapen til Fjord1 ASA. Fjord1 ASA sin del av konsernkonto utgjer NOK 249,6 millionar. Dotterselskapa

sin del av konsernkonto utgjer NOK 49 millionar. Dette er klassifisert som bankinnskot og gjeld til selskap i same konsern i reknepapen til Fjord1 ASA.

Når det gjeld skattetrekkskonti har Nordea gjeve ei garanti til dei respektive kontorkommunar for skatteansvaret på 60 millionar kroner. Utanom denne ordninga er det per 31.12.2020 ikkje bundne skattetrekksmidlar.

Det vart i februar 2018 gjort ei refinansiering av banklåna i Fjord1 ASA med eit syndikatlån gjennom Nordea og DnB. Det er frå det tidspunkt ingen langsiktig gjeld lenger i tilknytning til den tidligare konsernavtalen.

NOTE 16 ANNA KORTSIKTIG GJELD

BELØP I NOK 1000

	31.12.2020	31.12.2019
Kortdatabase, sjøselskapa	26 436	71 972
Skuldig / opptjent løn og feriepengar	142 671	133 489
Forskotsbetalte kontraktsinntekter	250 183	221 622
Påløpte kostnadar	39 674	-
Påløpt rente/sikringsforretningar	24 269	37 280
Anna kortsiktig gjeld	48 052	40 832
Sum anna kortsiktig gjeld	531 284	505 196

NOTE 17

SUM LØN- OG SOSIALE KOSTNADAR

BELØP I NOK 1000

	2020	2019
Løn	743 548	667 149
Arbeidsgjeveravgift	97 527	97 360
Pensjonskostnadar	60 753	39 083
Andre ytingar	54 157	45 679
Sum lønskostnadar	955 985	849 272
Sysselsette årsverk	1 132	972

Pensjonsordningane er dekka gjennom forsikringsselskap og KLP. Totalt er det kostnadsført ein pensjonskostnad på NOK 61 millionar i Fjord1 ASA.

Selskapet sine pensjonsordningar tilfredsstiller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Det er ikkje ytt lån/stilt trygd til administrerande direktør, styreleiar eller andre nærståande partar. Det er ikkje ytt lån/stilt trygd som utgjer meir enn 5 % av selskapets eigenkapital.

BELØP I NOK 1000

Ytingar til leiande personar

	Administrerande direktør	Styret/bedrifts-forsamling
Løn	3 224	2 055
Bonus	750	
Pensjonskostnader	1 695	
Andre godtgjeringar	208	
Sum	5 877	2 055
Pensjonsforpliktning	8 300	

Administrerande direktør er tilsett og mottek løn frå F1 Administrasjon AS, og har krav på sluttvederlag lik 12-måneders ordinær løn dersom kontrakta hans vert terminert av selskapet, eller dersom administrerande direktør sjølv seier opp stillinga si ved vesentlege endringar i kontroll eller endringar i forretningsstrategi og drift av selskapet. Ingen andre medlemmar av konsernleiinga eller styret har kontrakter som gjev vesentlege fordelar ved opphøyr av kontrakt.

Administrerende direktør har ei tilleggsoppteninga for denne avtalen.

Selskapet har ingen forpliktingar knytta til aksjebaserte godtgjeringar til fordel for ansette og tillittsvalde.

Selskapet har avtaler per dags dato om bonuser og godtgjeringar i aksjer eller andre fordelar for leiande ansatte.

ÅRSMELDING OG REKNESKAP

Beløp i NOK 1000

Revisor (eks. mva)	2020	2019
Lovpålagd revisjon (inkludert teknisk bistand med årsrekneskap)	1 944	2 540
Skatterådgjøring (inkludert teknisk bistand med likningspapir)	49	88
Attestasjonstenester	115	100
Andre tenester	1 115	1 874
Sum	3 223	4 602

NOTE 18

POSTAR SOM ER SAMANSLENGNE I REKNESKAPEN

Beløp i NOK 1000

Andre driftskostnadar	2020	2019
Reparasjon og vedlikehald	269 269	236 113
Drivstoff	371 475	395 953
Skipskostnadar	253 080	224 283
Rutekostnadar	58 410	46 551
Andre driftskostnadar	214 271	239 560
Sum	1 166 506	1 142 459

Beløp i NOK 1000

Anna finansinntekt	2020	2019
Valutavinst	1 905	2 913
Aksje-/ kundeutbytte	36	410
Vinst ved realisasjon aksjer	-	40 296
Sum	1 941	43 619

Beløp i NOK 1000

Annan finanskostnad	2020	2019
Verdireduksjon av rentesikring	1 749	7 577
Valutakostnad (disagio)	1 290	520
Annan finanskostnad	30 814	9 039
Sum	33 853	17 135

NOTE 19

LEIGEAVTALAR

Beløp i NOK 1000

Selskapet har ved utgangen av 2020 forskjellige leigeavtalar knytt til fartøy og øvrige driftsmiddel:

	Varighet	Kostnadsført leige
Leigeavtaler skip og passasjerbåter, ekstern	2022	87 933
Andre leigeavtalar		12 345
Konsernintern leige av ferja MF Fanafjord	2021	45 750
Leigeavtalar bilar	2023	685

NOTE 20

SIKRINGSKONTRAKTAR OG ANNAN FINANSKOSTNAD

Beløp i NOK 1000

Rente:

	2020	2019
Rentebærande gjeld med fast rente (kontantstraumssikring)	-	80 000
Den faste renta i konsernet sine avtalar varierar og avtalane hadde varierande lengde fram til og med 2019.		
Urealisert ikkje-rekneskapsført tap på rentebyteavtalar utgjer	(1 084)	

Beløp i NOK 1000

Valutasikring:

Urealisert ikkje regnskapsført gevinst/tap på valutasikring utgjer:

Beløp i NOK 1000

Olje og LNG:

Gjennomsnittleg sikra volum av olje og LNG i perioden 2013- 2020

Urealisert ikkje rekneskapsført vinst/tap på sikringsavtalar utgjer:

Fastprisavtalar for kjøp av straum:

Selskapet har inngått fastprisavtalar for kjøp av straum til eigen produksjon (ferjeverksemd). Avtalane har ei lengd på 10 år og omfattar om lag 70% av selskapet sitt estimerte forbruk per år. Etter god rekneskapskikk har selskapet ikkje bokført noko eidegel eller gjeld knytt til fastprisavtalane.

NOTE 21

ANDRE OPPLYSNINGAR

Fjord1 ASA har rett til kompensasjon for bortfall av trafikkintekter som følge av at oppdragsgjevar endrar føresetnadane for rabattstruktur og takstsoner utover det som var lagt til grunn i anbodet. Frå og med 2010 er det for ein del kontraktar gjennomført endeleg oppgjer frå oppdragsgjevar. Utbetalingar knytt til kompensasjon som er motteke frå oppdragsgjevar frå og med 2010 er difor gjeve med etterhald. Val av modell som skal leggjast til grunn for

berekning av kompensasjon, vil kunne påverke det endelege kompensasjonsnivået. Dette inneber at konsernet kan få ytterlegare godtgjersle eller krav om tilbakebetaling av delar av motteken kompensasjon. Selskapet er i dialog med oppdragsgjevar om fastsetjing av endeleg kompensasjon.

Selskapet sitt beste estimat er lagt til grunn for inntektsført rabattkompensasjon.

NOTE 22

SPESIFIKASJON AV SAL SINNTEKT OG KONTRAKTSINNTEKT

Fjord1 ASA har inntekt hovudsakleg frå ferjedrift, passasjerbåt, utleige av fartøy til reiseliv og sal av varer frå kiosk ombord på ferjer.

Ferjesegmentet omfattar drift i Noreg der det er inngått kontrakt om samband. Det er i desse geografiske områda det også blir drifta kiosk ombord på ferjene. I tillegg til ferjedrift,

driv selskapet lokale passasjerbåtruter i Sogn og Fjordane.

Fartøy som blir utleigd til reiselivsverksemder går i verdsarvfjordane Nærøyfjorden og Geirangerfjorden.

Beløp i NOK 1000

Salsinntekt

	2020	2019
Ferjedrift	297 263	580 981
Passasjerbåt	1 465	1 667
Sal av varer frå kiosk (Catering)	85 775	133 440
Reiseliv	81	77
Andre områder	59	62
Sum salsinntekter	384 643	716 228

Beløp i NOK 1000

Kontraktsinntekter

	2020	2019
Ferjedrift	2 578 950	1 828 772
Passasjerbåt	117 764	112 887
Sum kontraktsinntekter	2 696 715	1 941 659

Beløp i NOK 1000

Anna driftsinntekt

	2020	2019
Leigeinntekt	20 574	64 146
Vinst ved sal av driftsmiddel	2 669	7 099
Nox refusjon	-	932
Reklameinntekter	2 166	-
Anna inntekt	9 372	7 257
Sum anna driftsinntekt	34 782	79 433

NOTE 23

NØKKELTAL

		2020	2019
Totalkapitalrentabilitet (1)	%	5,0 %	5,4 %
Driftsmargin (2)	%	15,7 %	13,5 %
Egenkapitalandel (3)	%	23,0 %	23,0 %
Eigenkapitalrentabilitet (4)	%	10,4 %	12,4 %
Likviditetsgrad (5)	%	119,1 %	105,4 %
Gjeldsnedbetalingsevne (6)	i år	8,4	7,0
Marknadsfinansiering (7)	%	13,5 %	29,1 %

- 1) Totalkapitalrentabilitet: Årsresultat + finanskostnadar/ gjennomsnittleg totalkapital
- 2) Driftsmargin: Resultat etter avskrivningar/sum driftsinntekter
- 3) Egenkapitalandel Eigenkapital/totalkapital
- 4) Eigenkapitalrentabilitet Årsresultat/gjennomsnittleg eigenkapital
- 5) Likviditetsgrad Omløpsmidlar/kortsiktig gjeld
- 6) Gjeldsbeteningsevne Gjennomsnittleg netto renteberande gjeld/ årsresultat + ordinære avskrivningar
- 7) Marknadsfinansiering Sum driftsinntekter - kontraktsinntekter rutedrift/sum driftsinntekter

Erklæring frå styret og dagleg leiar


Vi erklærer at årsrekneskapen for Fjord1 ASA for perioden 1. januar til 31. desember 2020, etter vår beste overtyding, er utarbeida i samsvar med gjeldande rekneskapsstandardar og at opplysningane i rekneskapen gjev eit rettvisande bilet av selskapet og konsernets eigendalar, gjeld, finansielle stilling og resultat som heilheit.

Vi erklærer og at årsmeldinga gir ein rettvisande bilet over utviklinga, resultatet og den finansielle stillinga til selskapet og konsernet, saman med ei skildring av dei mest sentrale risikofaktorane og usikkerheita verksemda står ovanfor og informasjon om eventuelle vesentlege transaksjonar med nærståande.

Florø, 30. mars 2021



Vegard Sævik
Styreleiar



Birthe Lepsøe
Styremedlem



Reuben Munger
Styremedlem



Terje Hals
Styremedlem



Per Sævik
Styremedlem



Siri Hatland
Styremedlem



Atle Trollebø
Styremedlem



Dagfinn Neteland
Adm. Dir/CEO



Til generalforsamlinga i Fjord1 ASA

Melding frå uavhengig revisor

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Fjord1 ASA sin årsrekneskap som er samansett av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap, og kontantstraum for rekneskapsåret avslutta per denne datoен og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsernrekneskapen, som er samansett av konsolidert balanseoppstilling per 31. desember 2020, konsolidert resultatrekneskap, konsolidert oppstilling av totalresultat, konsolidert oppstilling av endringar i eigenkapitalen og konsolidert kontantstraum for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- er årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrifter
- gir selskapsrekneskapen som følgjer med eit rettvisande bilet av den finansielle stillinga til Fjord1 ASA per 31. desember 2020 og av selskapet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som blei avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.
- gir konsernrekneskapen som følgjer med eit rettvisande bilet av den finansielle stillinga til konsernet Fjord1 ASA per 31. desember 2020 og av konsernet sine resultat og kontantstraumar for det avsluttande rekneskapsåret i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Sentrale tilhøve ved revisjonen

Sentrale tilhøve ved revisjonen er dei tilhøva vi meiner var av størst betyding ved revisjonen av årsrekneskapen for 2020. Desse tilhøva blei handtert då revisjonen vart utførd og då danna vi oss ei mening om årsrekneskapen totalt sett. Vi konkluderer ikkje særskilt på desse tilhøva.



Selskapets verksemد er i stor grad uendra frå 2019. *Verdsetting av skip* ligg på om lag same nivå av kompleksitet og risiko som i 2019. Som følgje av dette har verdsetting av skip vore eit fokusområde også i årets revisjon.

Sentrale tilhøve ved revisjonen

Korleis vi i vår revisjon handterte sentrale tilhøve ved revisjonen

Verdsetting av skip

Konsernet hadde per 31. desember 2020 skip balanseført til NOK 7 586 millionar, samt skip haldt for sal balanseført til NOK 156,3 millionar. Dette utgjer om lag 75 % av totale eigedelar i konsernrekneskapen.

Vi fokuserte på dette på grunn av tydinga ei eventuell nedskriving av verdiane kan ha for rekneskapen og på grunn av at det er stor grad av skjønn involvert i vurderinga av verdien på skipa.

Leiinga har identifisert indikatorar på nedskriving. Attvinningsbeløpet vart berekna basert på verkeleg verdi minus salskostnadar. Den enkelte kontrakt og tilhøyrande skip vart definert som ei kontantgenererande eining (KGE).

Bruken av skjønn er knytt til kva avkastningskrav (WACC) som blei nytta, framtidige inntekter frå ferjekontraktar, driftskostnadar, vedlikehaldsinvesteringar og netto salsverdi av skip når kontrakten tek slutt. Leiinga si vurdering resulterte i nedskriving på NOK 36,1 millionar.

Vi viser til note 2 og 11 i konsernrekneskapen der leiinga forklarar nedskrivingsmodellen og sentrale føresetnader.

Vi har vurdert design og testa utforminga av nøkkelkontrollar i nedskrivingsprosessen med eit fokus på kontrollar knytt til vurderinga av ekstern dokumentasjon som underbyggjer nøkkelføresetnadane i nedskrivingstesten. Vi vurderte leiinga si identifikasjon av konsertet sine kontantgenererande einingar og fann at desse tilfredsstilte IFRS-krava.

Vi vurderte leiinga sine nøkkelføresetnader om framtidige inntekter frå ferjekontraktar, driftskostnadar og investeringar og netto salsverdi av skip ved når kontraktane tek slutt. For å vurdere nøkkelføresetnader tok vi utgangspunkt i nedskrivingsmodellen og avstemte kontraktinntekter mot eksisterande kontraktar og leverte anbod. Vi samanlikna kostnadsnivået mot historisk kostnadsnivå og samanlikna årets resultat per ferjekontrakt med budsjett for 2020 for å vurdere kor treffsikre leiinga sine estimat har vore. Vi fann at kontraktinntekter og kostnadsnivå hang saman med høvesvis inntektsnivået i eksisterande kontraktar og framtidige kontraktar og historisk kostnadsnivå.

Det nytta avkastningskravet vurderte vi ved å samanlikne dei enkelte elementa i avkastningskravet mot observerbare marknadsdata, der slike eksisterte, og interne data. Vi fann at avkastningskravet låg innanfor eit rimeleg intervall.

Vi gjekk igjennom eksterne takstar henta inn av konsertet si leiing for å vurdere netto salsverdi av skip når kontrakten tek slutt. For å vurdere eksterne takstar har vi også vurdert faktiske sal av skip mot historiske takstverdiar. Vi fann at forventa salsprisar hang godt saman med takstar og historiske nivå.

Vi utførte sensitivitetsanalysar på føresetnadane nytta i modellen. Berekningane er sensitive overfor endringar i WACC og netto kontantstraumar frå kontraktar når kontrakten tek slutt. Vi avstemte



sensitivitetsanalysane mot informasjon presentert i note.

Vi vurderte om noteopplysninga var tilstrekkeleg knytt til utført nedskrivingstest og fann at desse tilfredsstilte IFRS-krava.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettviseande bilet, for selskapsrekneskapen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg, og for konsernrekneskapen i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta.

Ved utarbeidingsa av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta, og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for selskapsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for konsernrekneskapen med mindre leiinga enten har til hensikt å avvikle konsernet eller legge ned verksemda, eller ikkje har noko realistisk alternativ til dette.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.



Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoene for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoene for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilskikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapets og konsernets sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoien for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet og konsernet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilet.
- innhentar vi tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betyding i den interne kontrollen.

Vi gir styret ei melding om at vi har etterlevd relevante etiske krav til uavhengighet, og om at vi har kommunisert og vil kommunisere med dei alle relasjonar og andre tilhøve som innanfor rimelege grenser kan tenkjast å kunne påverke uavhengigheten vår, og, der det er relevant, om tilhøyrande åtgjerder.



Av dei sakene vi har kommunisert med styret, tar vi standpunkt til kva for saker som var av størst betydning for revisjonen av årsrekneskapen for den aktuelle perioden, og som derfor er sentrale tilhøve ved revisjonen. Vi omtaler desse sakene i revisjonsmeldinga om ikkje lov eller forskrift hindrar at saka vert gjort offentleg, eller dersom vi, i ekstremt sjeldne tilfelle, avgjer at ei sak ikkje skal omtalast i revisjonsmeldinga sidan ein må rekne med at dei negative følgjene av ei slik offentleggjering innanfor rimelege grenser oppveg allmenta si interesse av at saka vert omtala.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningsane i årsmeldinga og i utgreiingane om føretaksstyring og samfunnsansvar om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.


Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «*Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Bergen, 30. mars 2021
PricewaterhouseCoopers AS

Fredrik Gabrielsen
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

MF Møkstrafjord ved
Krokeide-Hufthamar



A photograph of a fjord scene. In the foreground, dark, choppy water is visible. On the right side, a wooden post stands in the water, supporting a white triangular sign with the number '85' on it. The background features steep, forested mountains that rise from the water's edge. The sky is overcast with heavy, grey clouds.

85





Fjord1 ASA
Strandavegen 15
6905 Florø

www.fjord1.no